

# DET AKTUELLE

## POTENSIALET

Eit systemteoretisk blikk på  
risikokommunikasjon  
i barnevernet

Kristian Valderhaug Larsen

## Samandrag

Oppgåva handlar om kommunikasjon i det norske barnevernet. Konkret ser oppgåva på kommunikasjon om ungdommar som vert omtalt i risikotermar, i samanheng med saker der ungdom skal tvangsplasserast på behandlingsinstitusjon. Med utgangspunkt i at risiko er eit omgrep som vert nytta i vurderingar av ungdom si åtferd og omgivnadar, vert det spurt korleis ungdom som skal flyttast på tvang vert iakttatt av barnevernet, og kva funksjon risikokartleggingsverktøyet YLS/CMI har i samanheng med det.

For å svara på spørsmåla vert barnevernlova § 1-1, utvalde NOU-ar, dokument frå barne-, ungdoms- og familielidirektoratet og utdrag frå kartleggingsverktøyet YLS/CMI analysert. Analysen vert grunna i ei tru om at barnevernet kan sjåast som eit lukka system av kommunikasjon, og at ein analyse av risikokommunikasjon kan gje det mogleg å sjå korleis ungdom vert iakttatt av barnevernet som system. Datamaterialet er valt ut for å identifisera risikokommunikasjon, og på bakgrunn av korleis dei er kopla til avgjerdene som vert fatta av fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker. Eit utval av avgjerder frå ulike fylke i Noreg fatta i åra 2020 og 2021, vert drøfta i samanheng med datamaterialet som vert analysert.

I denne oppgåva er risikovurderingar sett som forsøk på å sikra barnevernet sine eigne avgjerder. Funna impliserer at avgjerder kan aksepteras som til det beste for barnet, ved at dei er kommunisert som det sikraste alternativet. I oppgåva vert det argumentert for at YLS/CMI har ein funksjon som kan redusera sakskompleksiteten nok til at det kan fattast avgjerder om ei usikker framtid.

Eit av funna viser korleis normative vurderingar vert verdsett i tal, med referanse til framtida. Funnet peikar på at systemet sin referanse til framtida verkar å tilsløra korleis verdiane vert skapa i sanntid, og at risikokommunikasjon gjer ungdom iakttakelege i form av risikostandardar for at systemet kan kategorisera dei i sanntid. Funna peikar på at beskrivingar om ungdom sin psykiske tilstand, åtferd og omgivnadar vert vurdert i lys av risikofaktorar, ved at eit bestemt utval av potensielle farar vert aktualiserte på bestemte måtar.

## Abstract

This thesis is about communication in the Norwegian child welfare service; specifically, communication regarding youths who are described in terms of risk in cases where the youths get forcibly placed in treatment institutions. Based on risk as a term that gets used in assessments of youths' behavior and surroundings, it is asked how youths who are to be forcibly placed are observed by the child welfare service, and what function the risk assessment instrument YLS/CMI has in relation to this.

The Child Welfare Act § 1-1, selected official Norwegian reports (NOU), documents from the Norwegian Directorate for Children, Youth and Family Affairs (Bufdir) and excerpts from the risk assessment instrument YLS/CMI were analyzed to answer these questions. The analysis is based on the belief that the child welfare service can be seen as a closed system of communication, and that an analysis of risk communication can make it possible to see how youths are observed by the child welfare service as a system. The data material has been selected to identify risk communication, and on the basis of how they are linked to the decisions made by the county board for child welfare and social affairs. A selection of decisions from different counties in Norway made in the years 2020 and 2021, are discussed in relation to the data material that will be analyzed.

In this thesis, risk assessments are seen as an attempt to secure the child welfare service's own decisions. The findings imply that decisions can be accepted as the child's best interests because they are communicated as the safest alternative. In this thesis, it is argued that YLS/CMI has a function that can reduce the complexity of cases enough to make decisions about an uncertain future.

One of the findings shows how normative assessments are valued in numbers, with reference to the future. It is pointed out that the system's reference to the future seems to obscure how the values are created in real time, and that risk communication makes youths observable in the form of risk standards so that the system can categorize in real time. The findings indicate that descriptions of youths' mental state, behavior and environment are assessed in the light of risk factors, in that a specific selection of potential dangers is actualized.

KEYWORDS: SYSTEM THEORY; YLS/CMI; NORWEGIAN CHILD WELFARE SERVICE; DECISIONS; COMMUNICATION; RISK; DANGER; YOUTH; CHILD WELFARE ACT § 4-24;

## Forord

Eg vil nytta høvet til å takka Ida Marie Hydle for rettleiing og hennar genuine engasjement. Takk til Bård Mellin-Olsen, som gjorde meg merksam på avgjerande datamateriale. Drøftingar med dykk var interessant, lærerikt og retningsgivande for oppgåva! Takk til Hilde Aamodt, ved Oslomet, som har bidratt med innspel, då eg skulle gripa fatt på det heile. Takk for gode tips og tru på oppgåva! Eg vil òg takka Per Lorentzen for råd i den rådville første fasen, og Marit Johansen, fordi begge har gitt meg trua på mine eigne skriveferdigheiter.

Særleg vil eg rette ein stor takk til Synne Skagen Kerr, min beste medstudent og gode venn gjennom Bachelorgraden som vi fullførte i 2020. Synne har brukt mykje tid på korrektur, lesing av denne masteroppgåva, og gjett meg svært nyttige tilbakemeldingar! Hennar grammatiske evner har gjort seg gjeldande her, og er mykje verdsett! Tusen takk for at du engasjerte deg! Det var gøy, som alltid!

Eg vil takka søstera mi, Sigrun, for avgjerande tilbakemeldingar i siste liten! Eg vil takka mamma for lytting og innleiving i både frustrerande og gledelege periodar av prosjektet. Eg vil takka pappa for at han interesserer seg i det eg studerer, i samtaler og ved å lese teori (fram til eg tok boka di!).

Takk, Karin, min medstudent og kjærast, for at du høyrer på mine ivrige og langdryge formuleringar om systemteori (kanskje du òg får ein pause no!). Takk for din kjærleik og støtte!

Eg vil òg takka dei i NABE, Bufdir, NUBU, Tore Andreassen og Terje Ogden, som var tilgjengelege og tok seg tid til å svara på mine spørsmål.

Takk til andre medstudentar for tid saman. Takk til OsloMet for anledninga til å studera til master i barnevern. Oppgåva hadde ikkje tatt forma den har utan gode menneske rundt meg, som har delt og gjeve av seg sjølv.

Oslo, mai 2022

Kristian Valderhaug Larsen

## Innhald

Samandrag.....	i
Abstract .....	ii
Forord .....	iii
Disposition.....	1
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>2</b>
1.1. Bakgrunn for tema.....	2
1.2. Niklas Luhmann om risiko.....	5
1.3. Problemstilling.....	7
1.4. Datamateriale .....	7
1.4.1. Datamaterialet som samankopla operasjonar .....	7
1.4.2. Formålsparagrafen, Lov om barneverntjenester (barnevernlova) § 1-1.....	8
1.4.3. NOU2000:12 og NOU:2016:16.....	8
1.4.4. «Vedlegg til henvisning til Barne-, ungdoms- og familieetaten, behandlingssinstitusjon for ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende rusmisbruk» .....	9
1.4.5. «Youth Level of Service/Case Management Inventory» .....	9
1.4.6. Fylkesnemndsavgjelder .....	13
<b>2. Teori .....</b>	<b>13</b>
2.1. Om problemstillinga .....	13
2.2. Om kommunikasjon.....	14
2.3. Kommunikasjon som operasjon .....	16
2.4. Barnevernet som eit sosialt system.....	17
2.5. Barnevernet som eit lukka system .....	18
2.6. Kartleggingverktøy som iakttakar.....	19
2.7. Første- og andreordensiakttaking .....	19
2.8. Frå teori til metode.....	20
<b>3. Metode.....</b>	<b>21</b>
3.1. Utgreiing av omgrepet «iaktta» .....	21
3.2. Blikkskifte frå teori til analyse .....	21
3.3. Om analysestrategien som metode.....	22

3.4. Om å nytta tekst som empiri .....	22
3.5. Analysestrategien .....	23
3.5.1. Forskningsspørsmål.....	24
3.5.2. Analysen sitt første skilje – formanalyse .....	24
3.5.3. Analysen sitt andre skilje – systemanalyse.....	25
3.5.4. Analysen sitt tredje skilje – form/medium-analyse.....	26
3.5.5. Lause og faste koplingar .....	27
3.5.6. Det potensielle og det aktuelle .....	27
<b>4. Analyse .....</b>	<b>28</b>
4.1. Formålsparagrafen – formanalyse.....	28
4.1.1. Risiko og fare som eit skilje i barnevernlova .....	28
4.1.2. Oppsummering formanalyse .....	30
4.2. NOU-ar – systemanalyse .....	31
4.2.1. Døme frå NOU i samanheng med risiko og fare .....	31
4.2.2. Barn til fare for seg sjølv – overgangen frå normbrot til risiko .....	32
4.2.3. Oppsummering - systemanalyse.....	34
4.3. Form/medium-analyse .....	34
4.3.1. Om form/medium-analyse .....	34
4.3.2 «Vedlegg til henvisning til Barne-, ungdoms- og familieetaten, behandlingssinstitusjon for ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende rusmisbruk» - skiljeoperasjonar som lause koplingar .....	35
4.3.3. «Youth Level of Service/Case Management Inventory» .....	38
4.4. Drøfting – nemndsavgjelder.....	50
4.4.1. Om avgjerdene.....	50
4.4.2. Siste ledd i ei rekke operasjonar .....	51
4.4.3. Slutningar som form basert på YLS/CMI som element; premiss for avgjerd .....	51
4.4.4. Kommunikasjon i nemnda vert kopla til YLS/CMI .....	52
4.4.5. Strukturelle koplingar i YLS/CMI som operasjonelle moglegheiter i Nemnda .....	55
4.4.6. Notid som tal vert kopla til framtid som form .....	56
4.4.7. Risikabel ungdom eller risikabel avgjerd? .....	58

<b>5. Oppsummering .....</b>	60
5.1. Avgrensar barnevernet sin kommunikasjon seg til risikokommunikasjon?.....	60
5.2. Kva er risikokommunikasjonen sine moglegheitsvilkår innan barnevern?.....	61
5.3. Korleis iakttar barnevernet ungdom som vert plassert på institusjon etter barnevernlova § 4-24, og kva funksjon har kartleggingsverktøyet YLS/CMI i samanheng med det?.....	62
5.4. Kva kjem til syne ved å iaktta barnevernet i lys av Niklas Luhmann sin teori om sosiale system?.....	62
<b>6. Avslutning – grunnar for videre refleksjonar .....</b>	63
6.1. Medverking.....	63
6.2. Risiko som måleeining .....	65
6.3. Risiko som fornuftsgrunn .....	65
6.4. Kva rolle har aktøren? .....	66
6.5. YLS/CMI som ei vurdering til det beste for barnet.....	67
6.6. Med risiko som verdiar .....	69
6.7. To posisjonar.....	70
Referanser .....	73
Lovtekster og NOU-ar.....	79
Nemndsavgjerder .....	80

## Disposisjon

I første del gjer eg greie for tema, motivet for å undersøkja det, utgangspunktet for oppgåva, anna forsking stilt i samanheng med tema, og datamateriale.

I andre del gjer eg greie for det teoretiske grunnlaget for analysen, kva antakingar eg legg til grunn, og kva blikk eg nyttar for å analysera datamateriale.

I tredje del gjer eg greie for korleis eg går fram metodisk, og presenterer ein strategi for korleis eg gjer analysen.

I fjerde del analyserar eg datamaterialet. Dette er gjort i fire steg. Dei tre første stega er ein analyse av tekstmaterialet. Siste steg er ei drøfting av nemndavgjærder med ei bestemt, analytisk tilnærming.

I femte del samanfattar eg funna eg har gjort. Ut frå dei funna svarar eg overordna på problemstillinga og forskningsspørsmåla.

I sjette del avsluttar eg med å presentere nokre synspunkt på funna som gjer grunnar for vidare refleksjon og drøfting.

## 1. Innleiing

### 1.1. Bakgrunn for tema

Temaet eg presenterer er med utgangspunkt i erfaringar frå arbeid ved ei barnevernsinstitusjon i Oslo, der ungdommar frå 13-18 år bur, anten mellombels eller på langtidsopphold, etter vedtak om omsorgsovertaking eller hjelpetiltak. Nokre ungdommar budde der frå dei flytta inn i tenåra, fram til dei nådde vaksen alder. Andre budde der nokre veker, månader eller år, før dei flytta heim eller til andre institusjonar.

I perioden medan eg jobba der, hadde institusjonen og personalgruppa eit fagleg fokus på psykisk helse og traume frå tidlegare barndomsår. Ei periode hadde personalgruppa eit særleg fokus på traumebasert omsorg (Amble & Dahl-Johansen, 2016). Men dei siste åra har det vore mindre snakk om traumebasert omsorg ved institusjonen. Eit anna fokus vart nemleg aktuelt; risiko. Ved kvar vaktstart skulle me no gjera ei risikovurdering av kvar enkelt ungdom, og nytta eit risikovurderingskjema til dette.

Eg undra meg over kva tilnærminga risikovurdering består i. Til skilnad frå traumebasert omsorg fann eg ikkje *ei* konkret bok institusjonen kunne referere til. Eg hadde høyrd uttrykket «barn i risiko» i uttanninga tidlegare (Kvello, 2015), og forstod at når det var snakk om barn i risiko, var det snakk om barn i sårbare situasjonar. Ved institusjonen vart risikoomgrepet nytta i ein breiare forstand. Omgrepet vart knytt til stadfestingar av faremomentar ungdommen utgjorde, og dessutan til å handle om tryggleik og sikkerheit for personalet.

Eg fann ut at anbefalingar og opplæring for å fremja tryggleik og sikkerheit ved dei statlege barneverninstitusjonane vert utvikla i eit samarbeid mellom Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Barne- ungdoms og familieetaten Region øst, Svenske socialstyrelsen og Universitetet i Tromsø campus Narvik. Anbefalingane bestod blant anna i å vera merksam på forhold som kan auke risikoen for konfliktfylte situasjoner og uønska hendingar (Lillevik, et al., 2018). Ved institusjonen sat personalet dermed og kartla forhold som kunne gje risiko, ved bruk av eit risikovurderingsskjema. I praksis bestod det i å setje forbokstaven til gjeldande ungdom inn i ein tabell som indikerte ungdommen sin status i eit forhold mellom sannsyn og konsekvens. Samlede ungdommar skulle «inn» i tabellen. I tillegg skulle det gjerast greie for kva den aktuelle risikovurderinga dreia seg om. Etterpå drøfta ein moglege tiltak som kunne

bidra til å redusere risikoen. Det vert indikert risiko for alt frå trivielle hendingar som at ungdommen vart sjalu eller sur, til risiko for sjølvskading og valdsbruk.

Eit forsøk på å unngå uønska situasjonar vart gjort. Nokre gonger var det eit forsøk på å identifisera kva det var risiko for, andre gonger vart det indikert risiko for at det var risiko for noko. Til dømes at det var risiko knytt til å avvisa noko ungdommen kanskje kom til å krevja, og at det dermed var risiko for at ungdommen vart sint, og dermed ein risiko for utagering, og dermed ein risiko for vold, og dermed ein risiko for skade. Eg undra meg over kva denne «på-førehand-tilnærminga», som dei kalla risikovurdering, bestod i. Sjølv anså eg meg ikkje eigna til å verken spå eller kalkulera sannsynet for ulike senarioar. Med bakgrunn i perspektivar på korleis ein i møte med menneske former og skapar klientar (Järvinen & Mik-Meyer, 2003), var eg bevisst blikket eg retta mot ungdommane på institusjonen. Eg opplevde at risikovurderinga i seg sjølv vart risikabel, fordi eg risikerte å retta eit blikk på ungdommane som gjenstand for risiko, som farlege.

Når eg ein dag, ved vaktstart, sa at eg ikkje hadde stort å tilføya på vurderingane, oppstod det diskusjon rundt dette. Eg vart omtalt som vanskeleg. Sjølv om kollegaer heller ikkje utan tvil såg risikovurderinga som nødvendig, men meinte at det berre var å gjere det likvel; «betre føre var». Ikkje alt skal diskuterast, sa mine kollegaer då eg tok til motmæle mot visse tiltak grunna i sikkerheit. Ingen argument verka å kunna stå imot viljen til sikring. Slik eg såg det, var ikkje risikovurderinga ei rasjonell sikring, men ein bestemt måte å sjå nokon på, som førte til at jobben verka å handle om å oppdaga farar rundt kvart hjørne. Alminnelegheitar vart no sett som potensielle farar. Eg ville ikkje retta eit slikt årvåkent blikk mot dei eg yt omsorg for. Eg følte at dette blikket fordra meir kontroll enn tillit. Ein kan kanskje sei at å bekymra seg er eit uttrykk for å bry seg. Om det er bekymring det handlar om, verkar ikkje berre risikovurderinga å vera ein måte å forholde seg til si eiga bekymring, men òg ei oppfordring til å bekymra seg for det same som andre bekymrar seg for, ved å ramma inn uroen i eit diagram.

Personalet vert oppfordra til å rapportera avvik i eit eige program kalla Extend Quality System, eller EQS (Extend AS, 2022a) i tillegg til risikovurderinga. Innrapporteringa skulle vi gjere for personalet sin eigen del – berre det *personalet* vert utsett for i arbeidet. Ved eit søk fann eg at Extend, i tillegg til avvikssystem, tilbyr måtar å gjere risikoanalysar. Dømet på risikoanalyse

som dei nutta på nettstaden var den same analysen som institusjonen nutta; ein tabell med konsekvens på den eine aksen, og sannsyn på den andre (Extend AS, 2022b).

Eg mottok epostar frå intitusjonsleiaren og Statens arbeidsmiljøinstitut (STAMI), med oppfordringar om å delta i deira undersøking knytta til vold og truslar som personalet vert utsett for. STAMI har ei visjon om at norsk arbeidsliv skal vera i stand til å forebyggja sjukdom, fremja god helse og skape verdiar gjennom å utvikle bærekraftige arbeidsmiljø (Stami.no, 2022). Deira mål er å produsera, foredra og formidla kunnskap om arbeid og helse gjennom blant anna å «overvåke og avdekke utviklingstrekk og nye risikofaktorer i norsk arbeidsliv» og «gjøre kunnskap om risikofaktorer og forebyggende virkemidler kjent i norsk arbeidsliv» (Stami.no, 2022).

Eg såg at risikovurdering ved institusjonen var ein del av eit større bilet, med mål og ambisjonar på statleg nivå. Fokus er ikkje berre på ungdommane sitt «ve og vel», men òg på personalet og arbeidsmiljøet, med visjonar om førebygging, god helse, skape verdiar og berekraft. Det verka som at innhenting av kunnskap om det dei tilsette vart utsett for, gav rettningslinjer for praksis. Deretter verka det til at erfaringar med utøvinga av rettningslinjene vert gjort til kunnskap for fleire rettningslinjer - i ei sirkulær informasjonsflyt. Eg fatta så ei interesse for kommunikasjon om risiko på systemnivå.

I masterutdanninga vert eg merksam på ein artikkel av Hilde Aamodt; ho tematiserer korleis kommunikative avgjerder skapar praksis ved å forholda seg til forventningar, med mål om å unngå risiko (Aamodt, 2017). I artikkelen skiv ho om korleis barnevernet sine avgjerder inngår i eit rasjonaliseringsprogram, styrt av ei risikopolitikk, som pålegg barnevernet å omsetje alle svake punkt til førebyggingsprogram for å sikre «den gode praksis». Og at det mest opplagte svaret er då ein praksis styrt av standardisering og malar. Ho peikar på at politikken dermed skubbar ansvaret for politikken som vert ført, ned på barnevernet sine tilsette. Ho peikar også på at utfylling av malane får ein funksjon som skyv ansvaret frå dei tilsette og over på barnevernet som organisasjon (Aamodt, 2017).

Aamodt si beskriving av risiko i samanheng med ansvar resonerte hos meg, og eg vart interessert i det teoretiske perspektivet i artikkelen, nemleg sosiologen Niklas Luhmann (1927-1998) sin teori om sosiale system. Ved å bruke Luhmann sin systemteori, kunne Aamodt forstå

barnvernet som eit system som skapar seg sjølv gjennom kommunikative avgjerdssprosesser. Om eg gjer det same, kan eg sjå risikovurderingsskjema som kommunikative prosessar, og gjera kommunikasjonen til empiri for å undersøke risikovurderinger i barnevernet (Aamodt, 2017, s. 62).

I Veronica Haug si avhandling «Barn i risiko og risikable foreldre – en analyse av risikoforståelser i barnevernets institusjonelle praksis» frå 2018 vert det forska på risikoforståingar og korleis desse utgjer ei politisk rasjonalitet. Ho kjem fram til at risiko som rasjonalitet vert styrande og legitimerande for ei institusjonell praksis i barnevernet (Haug, 2018). Ved å nytta eit diskursanalytisk perspektiv på risiko, kjem det til syne kva betydning risiko kan ha i samanheng med å skapa identitetar, og kan i følge Haug, sjåast som ein måte å håndtera normalitet og avvik på (Haug, 2018, s. 25).

Til skilnad frå Haug si avhandling – som utforskar *forståingar* – utforskar eg korleis noko vert *iakttatt*. Eg skal ikkje sjå på *risiko* som eit forskingsobjekt, men korleis noko trer fram i iakttakinga; om risiko er ei eiga form for iakttaking. Utforskinga vil dermed ikkje leia meg til forståingar av forståinga, men er då ei iakttaking av iakttaking. Ei anna skilnad eg gjer frå avhandlinga, er at eg ikkje ser etter samanhengar, konsekvensar for praksis eller ei rasjonalitet, slik som Haug gjer. Eg ser etter ei form for kommunikasjon for å synleggjera ei form for iakttaking, som i seg sjølv skal analyserast. Praktikaren, aktøren og tenkjaren er ikkje relevant i denne analysa. Oppgåva presenter eitt bestemt blikk, og denne avgrensinga gjer seg gjeldande som ei form for purisme (Andersen N. Å., 2021, s. 249).

## 1.2. Niklas Luhmann om risiko

I boka «lagtagelse og paradoks» av Niklas Luhmann drøfter han omgrepet risiko sin funksjon i moderne tid (Luhmann, 1997, s.155-201). I kapittelet «risiko og fare» spør han om kvifor ein har funne det nødvendig å innføra omgrepet risiko, når ein likegoda kunne nytta omgropa fare, usikkerheit, eller tilfeldigkeit. I hans undersøking av omgrepet ser han nærmare på risikoomgrepet sitt *motomgrep*, altså motsett omgrep. Han viser til at det første omgrepet ein då tenkjer på som motomgrep er sikkerheit. På eit sakleg nivå kan ein sjå grunnar til å rekna sikkerheit som motomgrep til risiko, men då spør han seg kvifor ein ikkje berre nyttar omgrepet usikkerheit i staden for risiko (Luhmann, 1997, s. 158).

Han hevdar at sikkerheit i samanheng med om fremtidige ulemper intreffer eller ikkje, ikkje finnes, at det er ein sosial fiksjon (Luhmann, 1997, s. 158). Sikkerheit er dermed eit tomt omgrep, at det utelukkande er eit refleksjonsomgrep. Då hevdar han at risikoomgrepet kan matematisk presisera *bestrebelsen* etter sikkerheit. Med sikkerheit som refleksjonsomgrep, er ein stilt i ein posisjon der ein kan analysera avgjerder ut frå risikoen ved avgjerdene (Luhmann, 1997, s. 158). Sikkerheitsomgrepet og risikoomgrepet har då utvikla seg parallelt, og sidan ingen avgjerder kan takast utan risiko, ser han det ikke som nødvendig å ta med sikkerheit i undersøkinga av risiko (Luhmann, 1997, s. 159). Han hevder då ikkje at risiko er motsatsen til sikkerheit, men heller ei erstatning for omgrepet sikkerheit. For å kunne presisere omgrepet risiko foreslår han å skilja mellom risiko og fare. Ein kan tenkja at sikkerheit står i motsetjing til fare, men når han heller ser sikkerheit som gradar av risiko, så blir det snakk om eit forhold mellom risiko og fare.

Ei sannsynsberegning av usikkerheita knytt til avgjerdene er då det nærmeste ein kan komme ei sikker avgjerd. Vidare meiner han at ein kalkulert fornuftsgrunn skyggjer for ei sosial dimensjon (Luhmann, 1997, s. 161). Set risiko i første orden, gjennom risiko som ein fornuftsgrunn, vil iakttakeren sjå på risiko som noko som ligg i saksforholda, uavhengig av iakttakarposisjonen (Luhmann, 1997, s. 162). I andreordensiakttaking meiner han at ein kan sjå at skiljet mellom risiko og fare kan forklara med ein atrribusjonsprosess, at alt avheng av om saksforholda vert tilskrive fare eller risiko. Han hevdar at skilnaden mellom kva som kan tilskrivast risiko og kva som kan tilskrivast fare, ligg i om det risikable eller det farlige kan tilskrivast avgjerder eller ei. Dermed er det fare som er utanfor kontroll, og risiko er farane ein kan utsetja omgivnadane for, gjennom avgjerder. Dermed kan risiko tilskrivast avgjerdstakaren, og fare kan tilskrivast den utsatte. Han meiner at å skilja risiko og fare slik, er ein måte samfunnet iakttar og beskriv det som over tid skapar noko irreversibelt (Luhmann, 1997, s. 198). Om det ikkje finst noko risikofri sikkerheit (Luhmann 1997, s. 195), kan ein spørja seg korleis barnevernet skal forholda seg til dei stadig nye usikkerheitsmomenta som oppstår. Eg undersøkjer dette i lys av risikokommunikasjon i barnevernet.

### 1.3. Problemstilling

Vidare ser eg ikkje eksplisitt på praksis frå eiga erfaring. Eg rettar heller blikket mot ei særleg form for kommunikasjon på systemnivå, som eg håpar kan setja praksisdømet i ein større samanheng. Eg avgrensar oppgåva til å omfatta avgjerder tatt på bakgrunn av to av dei sokalla åtferdplasseringane, altså vedtak fatta med heimel i barnevernlova § 4-24. I forbinding med det, skal eg sjå nærare på eit kartleggingsverktøy kalla Youth Level of Service/Case Management Inventory (YLS/CMI), fordi dette vert nytta for å risikovurdera ungdomar som blir vurdert for "Plassering og tilbakehold i institusjon uten eget samtykke" (jf.bvl. § 4-24).

Hypotesen min er at eg kan utforska korleis barnevernet iakttar ungdom som fell under beteknelsen «alvorlege atferdsproblem», ved å sjå på kommunikasjon om dei. Luhmann såg ei samanheng mellom iakttaking og kommunikasjon. Det gjer teorien relevant, ettersom det var *blikket* eg måtte retta mot ungdommen som eg reagerte på i arbeidet på institusjonen. Ved å nytta systemteorien til Luhmann vil eg kunna nytta kommunikasjon som datamateriale for å undersøkja ei bestemt form for iakttaking, nemleg å sjå det risikable. Problemstillinga mi er fylgjande spørsmål:


*Kva kjem til synne ved å undersøkja barnevernet sin kommunikasjon i lys av Niklas Luhmann sin teori om sosiale system?*

*Korleis iakttar barnevernet ungdom som er aktuelle for plassering på institusjon uten eget samtykke, heimla i barnevernlova § 4-24, andre ledd, og kva funksjon har kartleggingsverktøyet YLS/CMI i samanheng med det?*

### 1.4. Datamateriale

#### 1.4.1. Datamaterialet som samankopla operasjonar

Datamaterialet er valt med omsyn til korleis dei er kopla saman som kommunikative operasjonar. Dei kan illustrerast som ei kjede av operasjonar:



Figur 1

#### 1.4.2. Formålsparagrafen, Lov om barneverntjenester (barnevernlova) § 1-1

Lov om barneverntjenester § 1-1, lova sitt formål:

Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

(bvl. §1-1)

Formålsparagrafen § 1-1, i Lov om barneverntjenester (bvl.), er tekstmaterialet eg først ser på i analysen. Bvl. § 1-1 er utgangspunktet for ei formanalyse. Nærare bestemt ser eg på den første setninga fram til første komma, som eg dekonstruer med utgangspunkt i Niklas Luhmann sin formanalyse av risikoomgrepene, i kapittelet «Risiko og fare» (Luhmann, 1997). Ved å sjå nærmere på kva som først er indikert ved omgrep i lova, identifiserer eg barnevernet som eit kommunikativt system. Det at formålsparagrafen definer barnevernlova sitt formål gjer at det resterande lovverk er med hensikt å fylgja formålet som her er indikert.

#### 1.4.3. NOU2000:12 og NOU:2016:16

Eg har sett på følgande NOU-ar:

- NOU 2000:12, «Barnevernet i Norge - Tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer» (NOU:2000:12).
- NOU 2009:8, «Kompetanseutvikling i barnevernet – Kvalifisering til arbeid i barnevernet gjennom praksisnær og forskningbasert utdanning» (NOU:2009:8).
- NOU 2012:5, «Bedre beskyttelse av barns utvikling - Ekspertsutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet» (NOU:2012:15).
- NOU 2016:16, «Ny barneverslov - Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse» (NOU:2016:16).

Eg gjorde søk etter omgrepa «risiko», «fare», «sikkerhet», «beskyttelse» og variantar av omgrepa, som til dømes «risikofaktorer», «faremoment» og «sikkerhetsnett». NOU-ane utmerka seg ved at omgrepa vart brukt i varierande omfang, og førekomensten kunne tyda på at omgrepa var aktuelle for barnevernlovgivninga. Eg gjekk gjennom alle område omgrepa

viste seg, og såg på korleis dei vart brukt. Eg ville finna døme på kommunikative operasjonar som kan illustrera korleis system skil seg frå omverd. Datamaterialet er omfattande, og eg har avgrensa oppgåva til å nytta to døme; eitt frå NOU 2000:12 og eitt frå NOU 2016:16.

#### 1.4.4. «Vedlegg til henvisning til Barne-, ungdoms- og familieetaten, behandlingssinstitusjon for ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende rusmisbruk»

Dokumentet som heiter «Vedlegg til henvisning til Barne-, ungdoms- og familieetaten, behandlingssinstitusjon for ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende rusmisbruk» (heretter kalla Vedlegget), fann eg i forbindung med undersøking av dokumentet «Youth level of inventory/case management inventory», og er henta frå Bufdir.no (Bufdir, 2022d).

«Vedlegg til henvisning til Bufetat behandlingsinstitusjon del 2 fylles ut for at Nasjonal enhet for behandlingstiltak (NABE) kan foreta målgruppevurdering» (Bufdir, 2022a). Dokumentet er å rekna som ein føresetnad for NABE si målgruppevurdering av ungdommen som barnevernenesta tilviser behandlingsinstitusjon. Dokumentet skal fyllast ut av barnevernenesta. Vedlegget til tilvisinga er relevant for analysen, fordi karleggingverktøyet YLS/CMI byggjer videre på beskrivingane barnevernenesta gjer i dokumentet.

#### 1.4.5. «Youth Level of Service/Case Management Inventory»

Youth Level of Service/Case Management Inventory (YLS/CMI) (Hoge, Andrews, & Lescheid, 1996) er eit risikokartleggingsverktøy som er nytta ved risikovurderingar av ungdom som blir vurdert for ei plassering ved behandlingsinstitusjon, etter lov om barneverntenester § 4-24. Dokumentet er skrive av Robert D. Hoge, D.A. Andrews og Alan W. Lescheid, og er omsett til norsk av Terje Ogden og Tore Andreassen.

YLS/CMI er delt opp i sju delar (I-VII), og har medfylgjande manualar og appendiksar. Som datamaeriale nyttar eg fylgjande (Hoge, Andrews, & Lescheid, 1996):

- Del I - Utredning av risiko og behov
- Del II - Oppsummering av risiko og behov

YLS/CMI er omtalt på ulike vis, blant anna som «kvantitativt screening instrument», «risikovurderingsinstrument», «verktøy», «psykologisk test», «YLS-test», «helhetlig klinisk vurdering», «det standardiserte kartleggingsverktøyet YLS/CMI» og «målgruppe-differensiering/vurdering».

Eg visar til eit utval av sitat som beskrivingar av kva dokumentet er og kva funksjon det er meint å ha:

YLS/CMI er et kvantitativt screeninginstrument om kjennetegn ved unge lovbrøtere og deres situasjon som er relevante for valg av tjenestenivå, veiledning og tiltaksprogram. (Hoge, Andrews, & Lescheid, 1996)

Youth level of inventory/case management inventory» (YLS/CMI) er eit «risikovurderingsinstrument som kartlegger antall risikofaktorer for utvikling og oppretholdelse av varige adferdsvansker som rus, kriminalitet og vold.

YLS er bare hensiktsmessig å bruke for ungdommer som allerede har utviklet rus- og/eller atferdsvansker. Instrumentet brukes for å si noe om sannsynligheten for varige atferdsvansker inn i voksen alder, og for å skille mellom lav og høy risiko eller sannsynlighet for slik utvikling. Det kan også brukes som grunnlag for utvikling av behandlingsplaner og senere evalueringer ved at risikoområder omdefineres til behandlingsmål.

Risikovurdering foretas gjennom oppsummering av risikofaktorer innen 8 sentrale risikoområder. YLS/CMI inndeler grad av risiko i fire risikonivå: lavt, moderat, høyt og svært høyt. Når man skal skille mellom høy og lav risiko inkluderes lavt og moderat i lavrisikogruppen, og høyt og svært høyt i høyrisikogruppen.

YLS/CMI er ikke et verktøy for å kartlegge om ungdommen har atferdsvansker. Skår på YLS sier ikke noe om alvorlighetsgraden ved atferdsuttrykket. En ungdom med lav skår på YLS kan eksempelvis vise like alvorlig atferd som en ungdom med høy skår. (Bufdir, 2022b)

[YLS/CMI] er utviklet i Canada av Andrews og Hoge på 1990-tallet, til hjelp i utvikling og oppfølging av tiltaksplaner for unge lovbrøtere (12-17 år). YLS/CMI kartlegger ungdommens styrker og behov, utfordringer og motivasjonsfaktorer, herunder ungdommens motivasjon og tilgjengelighet for ulike tiltak. I Norge er YLS/CMI implementert som en del av Bufetats monitorering av ungdom som plasseres i institusjon pga. rus- eller atferdsvansker [...]. (Jakobsen & Kornør, 2017)

#### [\*\*1.4.5.1. Til orientering om «Youth Level of Service/Case Management Inventory»\*\*](#) Nasjonal enhet for behandlingstiltak (NABE) gjennomfører YLS/CM kartlegginga, og

[...] bistår inntak med kartlegging og målgruppendifferensiering av alle ungdommer som kommunen søker om behandlingsinstitusjon til etter Lov om barneverntjenester §§ 4-24 og 4-26. (Bufdir, 2022a)

For å orientere meg om YLS/CMI har eg vore i kontakt med NABE, Terje Ogden og Tore Andreassen. I tillegg var eg i kontakt med Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge (NUBU), som òg nyttar YLS/CMI. Det finst i tillegg eit foredrag om YLS/CMI, holdt av Tore Andreassen på Bufdir sine heimesider, som eg har nytta (Bufdir, 2022c).

YLS/CMI er eit av fleire kartleggingsverktøy som skil mellom ungdom med alvorlege atferdsvanskar ut i frå risikonivå, blant anna Savry og Oasys. I alle nordiske land er YLS/CMI allereie tatt i bruk (Andreassen, 2014, s. 37). Tore Andreassen (2014) har skrive eit dokument med ei «Sammenstilling av kunnskap om institusjoner rettet mot ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende misbruk av rusmidler», som kan nyttast til orientering om kunnskap og forsking knyt til institusjonsplasseringar og vurderingar av risiko. Longitudinelle studiar ligg til grunn for klassifiseringane av ungdom med atferdsproblem:

Nyere forskning støtter unike utviklingsveier assosiert med utvikling og opprettholdelse av atferdsvansker over tid. En av de mest sentrale undertyper av atferdsvansker er basert på longitudinell forskning som indikerer at ungdom med atferdsproblemer med opprinnelse i

barndommen er i høy risiko for å utvikle vedvarende problematferd og kriminell atferd inn i voksne alder. (Andreassen, 2014, s. 19)

NABE er eit team med psykologar som utredar ungdom som vert begjært plassering på behandlingssinstitusjon etter barnevernlova §§ 4-24 og 4-26 (Bufdir, 2022a). YLS/CMI vert nytta av NABE for å anslå sannsyn for framtidig problematferd (Bufdir, 2022c). YLS/CMI skal i utgangspunktet baserast på vurderingar av dokument knytt til ungdom, intervju med foreldre og ungdommen sjølv (Jakobsen & Kornør, 2017; Chu, Yu, Lee, & Zeng, 2014). Slik NABE nyttar YLS/CMI, innhentar dei kun informasjon frå dokument, og snakkar sjeldan med foreldre og ungdom når dei utførar risikovurdringer (Bufdir, 2022c).<sup>1</sup> YLS/CMI vert sett som å vera nødvendig å nytta ved plasseringar av ungdom med alvorlege atferdsvanskar (Bufdir, 2022c). Alle ungdommar med alvorlege åtferds-vanskar som skal plasserast på institusjon skal vurderast med YLS/CMI. YLS/CMI vert nytta for å framstilla ein profil av ungdom, velja riktige tiltak ut frå risikonivå, og er utvikla slik at det enkelt kan evaluerast om institusjonen har lukkast med å endra atferd og risikofaktorar på sokalla høgrisikoindividar (Bufdir, 2022c).

Blant andre risikokartleggingsverktøy, er YLS/CMI basert på ein modell kalla «The risk-need-responsivity» (RNR, omsett til norsk: Risiko, Behov og Responsivitet) (Bonta & Wormith, 2013; Andreassen, 2014) og er:

[...] arguably the most dominant paradigm of offender programming and treatment in the field of corrections today. It is practiced by clinicians and frontline workers, not only in their intervention but in their offender assessments as well. (J. Stephen Wormith, 2018)

Det finst omfattande litteratur om, og undersøkingar av, RNR og YLS/CMI i ein internasjonal samanheng (J. Stephen Wormith, 2018). Eit litteratursøk i 2017 identifiserte ingen relevante publikasjonar for måleeigenskapane ved den norske versjonen av YLS/CMI (Jakobsen & Kornør, 2017).<sup>2</sup> Donald Arthur Andrews og James Bonta har utgitt ei rekke publikasjonar om

---

<sup>1</sup> Astrid Blokkum drøftar YLS/CMI i høve til medverknad, informantar innan barnevernsektoren sine erfaringar med YLS/CMI, og styrkar og svakheiter med bruk av YLS/CMI, i masteroppgåva «Risikovurdering av barn og unge - Erfaring med risikovurdering av barn og unge i barnevernfeltet» (Blokkum, 2021).

<sup>2</sup> Følgeleg er det oppfordra til at «Klinisk bruk av YLS/CMI bør skje med stor varsomhet, særleg hvis skårene brukes som beslutningsgrunnlag på individnivå» (Jakobsen & Kornør, 2017, s. 6).

kunnskapsbasen til RNR-modellen (SAGE, 2022). Blant anna boka «The psychology of criminal conduct» (Andrews & Bonta, 2010). Formålet med denne oppgåva er ikkje å undersøkja kunnskaps-grunnlaget til YLS/CMI. Informasjonen over er lagt til for å setja datamaterialet i ein kontekst.

#### 1.4.6. Fylkesnemndsavgjerder

Aktuelle avgjerder eg drøftar er avgjerder fatta av fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (heretter: nemnda). Eg såg på alle avgjerder eg kunne finne på Lovdata.no, heimla i bvl. § 4-24, og såg vidare på avgjerdene som inkluderte NABE si kartlegging i vurderinga. Eg fann koplingane mellom NABE og nemnda å vere av interesse for analysen i oppgåva. Forholdet mellom barneverntenesta, Bufetat, NABE (tidlegare NIT) og nemnda, i avgjerder knyt til plasseringar på behandlingsinstitusjon vert beskrive i «Rapport – institusjonstilbudet i barnevernet»:

Ved plassering i behandlingsinstitusjon er fylkesnemnda og NIT (Nasjonalt inntaksteam) involvert i forløpet. Bufetat sender da søknaden videre til NIT. De gjennomfører en psykologisk test, en såkalt YLS-test for å vurdere hvilken av målgruppene innen funksjon 4 (adferd høy/lav eller rus) som er relevant. NIT sender sin anbefaling til Bufetat, men har ikke selvstendig beslutningsmyndighet. Det er deretter barneverntjenesten som fremmer saken for fylkesnemnda med forslag om plasseringssted. Fylkesnemnda vil svært sjeldan ha mer enn ett plasserings-alternativ å forholde seg til. (Grünenfeld, et al., 2020, s. 44)

Eg presenterer avgjerdene eg nyttar under punkt 4.4.

## 2. Teori

### 2.1. Om problemstillinga

I tillegg til kva problemstillinga i denne oppgåve spør om, kviler spørsmåla på to antakingar: at «barnevernet» kan iaktta, og at kartleggingsverktøy har ei funksjon i samanheng med korleis barnevernet iakttar. For å forstå kva eg baserer desse antakingane på, og korleis eg baserer analysen på desse, nyttar eg teoridelen til å gjere greie for dei. Det er utanfor rekkjevida til

oppgåva å gi ei heilheitleg beskriving av teorien eg refererer til. Eg hevdar likevel at delane og grunnlaget eg gjer greie for er i samsvar med det vesentlege i teorien eg baserer det på. Meininga er i hovudsak å byggje eit grunnlag som gjer analysestrategien forståeleg ut ifrå måten eg nyttar teorien, for å visa til samanheng mellom teori, metode og analyse, og samanheng mellom kommunikasjon og iakttaking.

Eg byrjar med å gjera greie for korleis eg nyttar kommunikasjonsomgrepet, og korleis kommunikasjon kan iakttakast frå eit systemteoretisk perspektiv. Eg går deretter vidare til å gjere greie for korleis eg ser barnevernet som ein organisasjon i eit sosialt system, og dermed som eit iakttakande system. Etter det kjem eg til korleis ein kan sjå kartleggingsverktøy som ei form for iakttaking av ungdom. Til slutt i teoridelen beskriv eg nokre føresetnadar for å iakta iakttaking, ved å introdusera omgrepet «andreordensiakttaking».

## 2.2. Om kommunikasjon

Kommunikasjon er hendingar som skjer i ein augneblink, før det forsvinn (Borch, 2011, s. 28). I den grad kommunikasjon «varar ved», er ved at kommunikasjonen vert reproduusert. Til dømes er ikkje kommunikasjon som står nedskrivne kommunikasjon, før det i tillegg vert lest og blir forstått (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 45). Først når det er oppfatta, er det kommunisert. Dette betyr ikkje at kommunikasjonen er overført til lesar, men vert reproduusert i det vert lest (Andersen N. Å., 2019, s. 98). Kommunikasjon er derfor ikkje informasjon som noko passivt som vert overført mellom individ. Kommunikasjon er i denne samanhengen sett på som operasjonar (Andersen N. Å., 2019, s. 98); kommunikasjon er hendingar (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 46; Bakken & Hernes , 2003, s. 1515). Kommunikasjon som hending vert forstått som den basale operasjonen til eit sosialt system. Kommunikasjon er ei foreining av skilnadane mellom ytring og informasjon, og forståinga av det som vert ytra. Denne foreininga vert sett som utveljingar (selections), seinare omtalt som skiljeoperasjonar (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 45).

Hendingar som kommunikasjon er å velja ut noko vert kommunisert, og dermed sette ein skilnad (Kauffman, 2018). Ord vert ikkje sett som betydinga av ordet, men som ein seleksjon der ein man kallar noko for noko, til skilnad frå noko som ikkje vert sagt (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, ss. 46-48). Ei ytring kan vera ein lyd, eit teikn eller eit symbol, med referanse

til noko som er selektert. Ordet blir kommunisert idet mottakar forstår kva ordet referer til. Om ein nyttar ordet «barn» i ein samtale, og deltararane i samtalet har ei forståing av kva ordet referer til, oppstår kommunikasjon ved å kalla barn for barn. Ved ei felles forståing av kva ord referer til, oppstår ei moglegheit til å operera med fleire ord i samanheng med ordet barn (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 46).

Når ein kallar noko for noko, slik som eg skal gjere ved å kalla sosiale system for sosiale system, eller når barnevernet kallar barn for barn, er ikkje dette eigentleg å referere til det som det vert vist til, men *at* eg visar til det, ved å kalla noko for noko; ordet er ei beskriving, og beskrivinga er ordet. Definisjonen av ordet vert ikkje sett på som betydninga av ordet, men eit skilje som er til skilnad frå det motsatte, og frå alt anna (Baecker, 2018, s. 20). Ordet refererer derfor til ordet (skilje). *Kva* eg kallar det vert kommunisert når eg peikar på det. At kommunikasjon beskriv og kommenterer seg sjølv (Kauffman, 2018, s. 7), og ikkje verda i seg sjølv, er eit viktig skilje innan systemteorien til Niklas Luhmann (Rasmussen, 2003, s. 37).

Å *seia noko* vert sett på som kommunikasjon om kommunikasjonen; kommunikasjon refererer til seg sjølv (det som er selektert), når ein omtalar omverda (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, ss. 157, 213). Kommunikasjon er skild frå det materielle (Borch, 2011, s. 32). Kommunikasjon er då konstruksjonar av verkelegheita, som kan vedvara ved å reprodusera kontruksjonane internt i kommunikasjonen (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 215). Kommunikasjon er resultat av tidlegare kommunikasjon, og gjer moglegheit for å utløysa ny kommunikasjon (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 38).

Informasjon blir til når ein indikerer ei utveljing frå eit sett med moglege beskjedar (Baecker, 2018, s. 19). Med dette er det meint at mottakar reproduuserer informasjonen idet beskjeden (ytringa) vert forstått, ved å velja ut kva det *betyr* ut frå kva det *potensielt* kan bety. «Forståing» vert sett som mottakars kontrollering av dei utveljingane som er gjort av han som ytrar beskjeden (Baecker, 2018, s. 18). Dette får betydning i analysen min, ved at eg skil mellom ytrar og mottakar, og at eg ikkje berre ser på det som blir ytra (selektert), men dessutan på korleis mottakar selekterer kva som vert ytra, ut frå moglege val. Soleis er det mottakar som på sett og vis kontrollerer (ved reproduksjon) kva som vert kommunisert. I analysen ser eg på dette som tilkoplingsmogleheter mellom operasjonar.


## 2.3. Kommunikasjon som operasjon

Luhmann viste til George Spencer-Brown sin formkalkyle «Laws of calling» (formlov) for å beskrive kommunikasjon som operasjonar (Luhmann, 2013, s. 47). Formlova er ein matematisk formkalkyle, som beskriv korleis ein skapar form ved å kalla noko for noko, basert på ein skiljeoperasjon (Andersen N. Å., 2019, s. 99). Spencer-Brown beskriv ikkje kommunikasjon (Baecker, 2018), men likevel nyttar Luhmann det grunnleggjande ved kalkylen til Spencer-Brown som ei systemteoretisk forståing av kommunikasjon. Eg nyttar det her (kanskje i likhet med han), blant anna for å synleggjera ei forbindung mellom iakttaking og kommunikasjon.

Om ein ser for seg at ordet og ideen «barn» ikkje fanst, og at ein skulle kalla barn for barn ved å iaktta barn som barn, og peika på barn; kunne eg ikkje kommunsert kva eg meinte, utan å peika på at barn er barn, til *skilnad* frå ein voksen. Eit omgrep har derfor implisitt eit tilhøyrande motomgrep. Me kan sjå kommunikasjon i samanheng med at ein iakttar noko til skilnad frå noko anna. Å iaktta er då, i likhet med kommunikasjon, å skilja noko ut (Andersen N. Å., 2019, s. 100). Iakttaking og kommunikasjon vert foreint ved å rekna iakttaking som skiljeoperasjonar gjort kommunikativt. Derav seier eg at kommunikative (sosiale) system iakttar kommunikativt. Slik Luhmann brukte Spencer-Brown si formlov, kan eg visa til at ein skapar form ved å indikera barn til skilnad frå voksen. I dette dømet er forma «barn». Spencer-Brown uttrykkjer formskaping slik:

We take as given the idea of distinction and the idea of indication, and that we cannot make an indication without drawing a distinction. We take, therefore, the form of distinction for the form. (Spencer-Brown, 2021, s. 1)

Her seier Spencer-Brown at ein ikkje kan indikera noko, utan å trekkja eit skilje, og at forma derfor *er* skiljet. Forma, i dette høvet «barn», er då ei grense som skil barn frå voksen. Om ein tar vekk skiljet, og dermed tar vekk forma, ville ordet «barn» referera til det same som voksen. Å nyitta orda «voksen» eller «barn» er å peika på ei av sidene i skiljet. Spencer-Brown nyttar eit symbol for å illustrera form (Spencer-Brown, 2021, s. 1):




Figur 2.

Innsida av «galgen» (to av sidene i ein firkant) viser det som er markert (indikert ved å seia ordet), og utsida er det som «barn» vert skild frå (ikkje sagt); «vaksen». Forma «barn» som eit «objekt» ein kan iaktta, trer fram som iakttakeleg i ein språkleg operasjon, som skil «barn» frå «vaksen». Ein må vita kva det eine er, for å vita kva det andre er. Om ein indikerer eit «menneske», men seier «barn», og mottakar ikkje veit kva «vaksen» er, kan ikkje mottakar selektera ytringa «barn» til skilnad frå vaksne. Til dømes når barn lærar at barnet er eit barn, lærar barnet samstundes kva ein voksen eller forelder, mamma eller pappa er.

#### 2.4. Barnevernet som eit sosialt system


I likheit med slik eg nyttar kommunikasjonsomgrepet, er systemteorien med utgangspunkt i ein skilnad (Luhmann, 2013, s. 44). Systemteorien startar ikkje med eit system som ei eining, men med eit system til *skilnad* frå omverda rundt (Thyssen, 1997, s. 15). Som form er «system» uttrykka som system/omverd. Ein kan seia at Luhmann ikkje er opptatt av system, men *skiljet* mellom system og omverd. Eit system må kunna avgrensast frå omverda. Berre ved å iaktta noko til skilnad frå noko anna, kan systemet fasthalda si grense (Thyssen, 1997, s. 16, Borch, 2011, s. 30). Skiljet mellom system og omverd kan omtalast som ein binær kode som delar verda i to (Aamodt, 2017, s. 65). Dette skiljet kan òg omtalast som systemet sitt indre perspektiv som verda vert observert frå (Rasmussen, 2003, s. 36). Å identifisera eit system vert då å identifisera kva skilje system ser verda gjennom. Systemet er soleis definert ved eit skilje satt i kommunikasjonen (Luhmann, 2013).

Barnevernet skal her reknast som ein organisasjon som er hekta på bestemte typar kommunikasjon, også kalla funksjonssystem (Aamodt, 2017, s. 64). Funksjonssystem er beteknelsen på subsystem i samfunnet, som til dømes økonomiske system, pedagogiske system, rettslege system, politiske system, og sosialfaglige system. Det rettslege systemet ser seg sjølv som rett i ei omverd av urett. Illustrert som form ser det slik ut (Aamodt, 2017):



Figur 3.

Det sosialfaglege system ser seg sjølv som hjelp i ei omverd av ikkje hjelp. Illustrert som form ser det slik ut (Aamodt, 2017):



Figur 4.

## 2.5. Barnevernet som eit lukka system

Fram til no har eg omtala kommunikasjon som operasjon, og omgrep som formskaping. No vil eg vise kvifor Luhmann sin definisjon av «system» egnar seg til iakttaking av barnevernet i denne oppgåva.

Formskaping, eller skiljeoperasjoner, er systemet sine interne operasjoner, som utelukkande koplar saman sjølvproduserte element (Luhmann, 1997, s. 45). Kommunikasjon refererer, med dette synet, ikkje til verda, men tilbake til elementa skapt i skiljeoperasjonane (Andersen N. Å., 2019, s. 19). Dette betyr at Luhmann ser system som lukka operasjonar (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 38; Borch, 2011, s. 23). Enkelt sagt, gjev dette analytiske konsekvensar ved at eg antar at all kommunikasjon i systemet byggjer på systemet sine tidlegare, interne, sjølvskapa skiljeoperasjonar (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 38). Ein kan dermed sjå til systemet framfor ei objektiv verd, for å beskrive kommunikasjonen, og korleis dette iakttakst.

Dessutan vil det å rekna barnevernet som eit system av kommunikasjon, vende blikket frå individ eller subjekt til kommunikasjonen i seg sjølv. Luhmann sentrerte nemleg ikkje analysane sine om menneske som kommuniserar, men kommunikasjonen i seg sjølv (Borch, 2011, s. 3). I det reduserer han heller ikkje det sosiale til det individuelle, eller omvendt (Gilgen, 2013, xi). Sjølv om psykiske system og sosiale system har røter i det biologiske, kan

dei observerast på deira eigne premiss. Det at menneske er omgitt av sosiale system, framfor å vera inni dei, fristiller individua slik at dei ikkje er determinert av sosiale system (Gilgen, 2013, s. xiv).

Å rekna barnevernet som eit kommunikativt system istadenfor grupper med individ, gjer at eg kan skilja ut ei distinkt form for kommunikasjon som barnevernet nyttar, og dermed sjå barnevernet som eit iakttakande system med distinkte måtar å iaktta på. Barnevernet si avgrensing frå andre system kan då reknast som ei eining i *sine* omgivnadar, slik system sjølv ser omverd. Det er barnevernet sine eigne operasjonar som opprettheld systemet som ei form med to sider (Gilgen, 2013, s. xv).

Om risiko er ei form for kommunikativ praksis som barnevernet operer med, vil eg synleggjere korleis denne kommunikasjonsforma viser seg i barnevernet. Når eg ser barnevernet som avgrensa eller lukka, betyr det at eg atnar at det er noko spesifikt i kommunikasjonen som skapar ei bestemt form for kommunikasjon om ungdom. Det moglegjer at ungdom kan iakttakast som risikable, og er dermed ei distinkt form for iakttaking av dei.

## 2.6. Kartleggingverktøy som iakttakar

Kartleggingsverktøy er noko som tillèt visse typar skiljeoperasjonar og har visse tilkoplingsmoglegheiter. Kartleggingsverktøy kan vera med på å synleggjera iakttakinga til eit system. Nærare bestemt er kartleggingsverktøy iakttaking, og ei distinkt form for kommunikativ hending. Å identifisera eit distinkt kommunikativt system er å identifisera skiljoperasjonane (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 158). Å rekna barnevernet som eit kommunikativt system inneber då å sjå dei tekstane som set skilje, og som utgjer premiss og moglegheiter for framtidige skiljeoperasjonar (Andersen N. Å., 2019). Derfor vil eg nytta kartleggingsverkøy som empiri for analysen.

## 2.7. Første- og andreordensiakttaking

Fundamentalt for systemteorien til Luhmann – og avgjerande for analysen i denne oppgåva – er skilnaden mellom første- og andreordensiakttaking (Larsen, 2021, s. 64, Luhmann, 2013, s. 61). Luhmann kalla det å iaktta og beskrive samfunnet direkte eit «førsteordensblikk», som berre kan sjå innanfor sine eigne måter å sjå samfunnet på. Det var fordi alt som kan iakttakast

gjera ved systemet sine eigenproduserte skilje, som deretter refererer tilbake til desse i sine beskrivingar. Han introduserte derfor omgrepene «andreordensiakttaking», som han meinte omfatta både ei iakttaking av iakttakinga, og si eiga iakttaking (Luhmann, 2002, s. 190). Det vert avgjerande å iaktta korleis samfunnet beskriv seg sjølv, framfor å beskriva samfunnet direkte (Luhmann, 2013, s. 61). I analysen gjer dette seg gjeldande ved at iakttaking internt i eit system vert kalla førsteordensiakttaking, medan iakttaking av systemet si iakttaking vert kalla andreordensiakttaking.

## 2.8. Frå teori til metode

Fordi Luhmann sin teori er ein analyse i seg sjølv, lar teorien seg vanskeleg skiljast frå analysemetoden. Det er heller ikkje ønskeleg. Likevel presenterer eg det i to delar, i eit forsøk på å gi lesarar ei innføring i måten Luhmann tenkte om kommunikasjon og systemteori, og for å grunngje antakingane i problemstillinga før eg presenterer metoden.


Eg skal oppsummera teoridelen – og forsøka å sammenfatta min bruk av han – i nokre få setninger. Det vesentlege eg trekkjer ut frå systemteorien til Luhmann, og det som gjer han eigna for å belysa problemstillinga mi, er at felles iakttaking kjem til syne – og skjer – i kommunikasjon (Thyssen, 1997, s. 33). Kommunikasjonen er operasjonell (Thyssen, 1997, s. 35). Dette gjer at eg iakttar kommunikasjonen som aktiv, funksjonell, produserande og på sett og vis autonom (Luhmann, 1997, s. 49, Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 37). Kommunikasjon gjev då visse moglegheiter, og visse avgrensingar, i korleis systema strukturelt koplar operasjonane (Andersen N. Å., 2019). Kommunikasjonen vert antatt å kunna seia noko om korleis det kan iakttakast. Ved å identifisera ei distinkt form for kommunikasjon, antar eg å kunna seia noko om korleis barnevernet iakttar ungdommen slik det vert gjort. Ikkje berre seier eg noko om korleis *ein eller flere* barnevernsarbeider iakttar ungdom, men systemet som heilheit. Alle som kommuniserer internt i systemet eg identifiserer, kjem til syne berre i kraft av iakttaking som vert gjort kommunikativt (Aamodt, 2017). Slik eg tolkar Luhmann, er kommunikasjonen styrt av iakttaking, og iakttakinga styrt av kommunikasjonen. Det sentrale er uansett at iakttaking er ikkje styrt av verkelegheita (Thyssen, 1997, s. 24). Barnevernsarbeidarar vil med dette synet tre inn i språklege praksisar som gjer at dei vil sjå ungdommen gjennom språket som vert nytta i arbeidet (Aamodt, 2017).

### 3. Metode

#### 3.1. Utgreiing av omgrepet «iaktta»

Før eg presenterer analysestrategien min, vil eg klargjere korleis eg nyttar omgrepet «iakttaking». Å iaktta, vert her nytta noko breiare enn «å sjå på», fordi omgrepet i Luhmann sin forstand, referer til ei kommunikativ iakttaking, som skjer på fleire måtar enn med augo. Systemteoretisk sett, kan òg system iaktta, slik som til dømes eit kjøleskap skiljar mellom varmt og kaldt (Andersen N. Å., 2019, s. 82). «Iakttaking» i denne oppgåva, er nytta i ein særleg forstand.<sup>3</sup>

Illustrasjonen under nyttar eg for å skilja mellom posisjonar å iaktta frå, som her skal tilleggjast oppgåva (meg), systemteorien (Luhmann) og barnevernet (system):



Figur 5.

#### 3.2. Blikkskifte frå teori til analyse

I teoridelen har eg retta eit blikk direkte på systemteorien. I metodedelen skiftar eg til å sjå på kommunikasjonen gjennom systemteorien. Eg er strengt opptatt av å halde meg til dette blikket, fordi eg ikkje skal sjå direkte på barnevernet, eller det barnevernet iakktar. Det ville gjort meg til ein fyrsteordensiakkatar, og det er jo nettopp dét blikket eg skal iaktta i denne oppgåva. Eg skal rette eit «systemteoretisk blikk» på barnevernet si iakttaking. Eg vil utelukkande nyttar eit andreordensblikk og eit systemteoretisk blikk i anvendinga av teorien. I analysen er det alltid snakk om eit blikk på eit blikk; å iaktta iakttaking, å kommunisera om kommunikasjon.

<sup>3</sup> For å bevara omgrepet «iakttaking» i ei nynorsk-tekst, har eg gjort bokmålsordet til eit «nynorskord». I kontakt med språkrådet fann eg at «åtgåing» er den mest korrekte nynorskformen av ordet, noko eg tykkjer blir litt for «konservativt». Alternativt kunne eg nyttar omgrepet «observere», men dette meiner eg impliserer eit meir inspirande blikk, eller ein aktør med ei bestemt rolle, når det vert oversett til nynorsk. Eg ber leesarar ta høgde for måten eg bøyar «å iaktta» på er mi eiga tilnærming til bruken av omgrepet, med utgangspunkt i rota av ordet, altså verbet «å ta».

### 3.3. Om analysestrategien som metode

Metoden for å gjera analysen i denne oppgåva, vert presentert som ein analysestrategi. Grunnlaget for å gjere dette er henta frå bøkene «Eklektiske analysestrategier» (Pors & Hustad, 2021), «Diskursive analysestrategier» (Andersen N. Å., 1999) og «Form og medie» (Andersen N. Å., 2019). Desse kjeldene drøftar bruk av blant anna Luhmann sin systemteori som analysemetode. Eg har òg henta inspirasjon frå Stine Hald Larsen si avhandling «The story of the relative», kor eg har sett på hennar føresetnadar for å bruke systemteori i samsvar med Luhmann sine teoriar (Luhmann, 2018), når ho iakttar korleis rolla til eldre vert konstruert i danske eldreomsorg (Larsen, 2021).

Analysestrategiske avvegingar handler grunnleggjande sett om å synliggjera kva val ein har gjort undervegs i forskningsprosessen, og kva konsekvensar dei vala har fått for analysen og konklusjonane (Pors & Hustad, 2021, s. 14). Det er ikkje ein førehandsbestemt, fast metodikk, som allereie er etablert og anerkjend som valid i eit forskningsfelt (Pors & Hustad, 2021, s. 15). Dette gjer at dei analysestrategiske argumenta er nødvendige, fordi ein ikkje kan grunngje dei ved å visa til ei etablert, metodisk oppskrift. Ein må då framsetja dei vurderingane og argumenta som forklarer konkret kva ein har gjort for å kunna undersøkja eit materiale, på bakgrunn av problemstillinga (Pors & Hustad, 2021, s. 15).

Som sagt skjer kommunikative operasjonar berre «der og då», forsvinn, og vert reproduusert gjennom nye operasjonar (Borch, 2011, s. 28). For å iaktta systema gjennom tekst må ein derfor sjå på kva som *har* blitt kommunisert og reproduusert, og velja ut tekstmaterialet som kan visa korleis tekst som operasjonar, vert kopla saman til kommunikasjon. Då vert særlege omgrep selektert, og brukt som eit medium for å iaktta system. Materialet er ikkje empiri i seg sjølv. Materialet må kondisjonerast på ein slik måte at det skapar eit *empirimediu*m (Andersen N. Å., 2021, s. 269).

### 3.4. Om å nytta tekst som empiri

Å nytta tekst og omgrep som empiri, er å sjå omgrep som meiningsformer som kjem til uttrykk i skrift (Andersen, 2021, s. 270). Tekst blir til empiri ved å dela omgrep opp i laust kopla element. Dei laust kopla elementa konstituerar eit empirimediu, som gjer moglegheit for bestemte typar forskningmessige iakttakingar og analysar (Andersen N. Å., 2021, s. 273).

Luhmann var interessert i semantikk som er «tatt vare på» («plejet»), fordi omgrep best kan fangast opp i det som er omhyggeleg skrive (Andersen, 2021, s. 271). I likhet med Foucault, ville Luhmann unngå eit forståelses-orientert blikk på tekst. Både meinte dette oppfordra til sjølvsagtheiter (Andersen, 2021, s. 271). Denne motstanden mot å forstå kjem frå ein idé om at ein vil sjå på *korleis* noko iakttakast, som ein motsats til kva eller kvifor noko iakttakast.

Eit omgrep i den samanhengen vert forstått som ei kondensering og generalisering av eit mangfold av meinings- og forventningar. Med kondensering meines ulikt arta forventningar fortætta i omgrepa. Omgrep vert då ikkje eintydig definerbare. Ei mangfoldigkeit av meinings- vert knyt fast til ei form, som er motforestillingar mellom omgrep og motomgrep. Det aktuelle omgrepet i ei slik analyseform er ei eining, eller form, av ein skilnad mellom omgrep og motomgrep (jamfør teoridel; formlov) (Andersen, 2021, s. 271).

### 3.5. Analysestrategien

Nils Åkerstrøm Andersen definerer analysestrategi som ein strategi for korleis ein vil forme og kondisjonere eit blikk, slik at verda står fram som iakttakeleg (Andersen N. Å., 2021, s. 248). Andersen legg til grunn at verda i seg sjølv ikkje er iakttakeleg, men at ho først blir det når ho konstrueres gjennom eit blikk. Derfor handlar ikkje analysen om å «få tak i» eit objekt, men om å skapa eit blikk som konstruerer objekt på ein særleg måte, slik at det som vert analysert kan iakttakast på ein særleg måte. Ei iakttaking markerer noko, og samstundes ikkje noko anna (Andersen N. Å., 2021, s. 249). Eg må derfor velja eit særleg blikk, for å sjå noko særleg ved iakttakinga til barnevernet, og i det heile tatt sjå iakttakinga. Analysestrategien er ei førebuing av kva blikk eg skal retta mot barnevernet sine kommunikative operasjonar. Strategien eg legg fram skal synleggjera kva blikk eg vel, for å synleggjera kva det er med det valte blikket som gjer det eigna for å synleggjera risiko som ei form for iakttaking. Strategien er meint å konstruera eit medium som synleggjer barnevernet som eit kommunikativt, iakttakande system.

Analysen er iakttaking av iakttaking. Å iaktta er å skilja (Andersen N. Å., 2021, s. 249). Derfor er analysen skiljeoperasjonar som skil ut skiljeoperasjonar. Her gjer eg greie for kva for skilje *analysen* iakktar gjennom, og kvifor. Skiljet som eg opererer med og ser materialet gjennom, (i likhet med andre system som iakttar), kallar eg her leieskiljet (Andersen N. Å., 1999, s. 155).

Med leieskjilet meiner eg skiljet som «leier» iakttakinga mi. Systemteorien beskriv òg meg sjølv som iakttakar, og iakttakinga mi må derfor sjåast med same føresetnad som eg legg til grunn at systemet eg ser på har. Her gjer ei andreordensiakttaking seg gjeldande, ved at eg er bevisst mitt eige blikk på andre blikk.

Analysen er leia av tre ulike måtar å iaktta på, altså tre skilje som leier iakttakinga mi. Det vert nytta eitt skilje om gongen. Det at iakttaking er leia av eit skilje, gjer at eg vel eit skilje som kan skilje ut skilje som konstituerer systemet. Som eg òg har peika på, er systemet reproduksjon av skilje. Det er i desse skiljeoperasjonane ein kan iaktta systemet (Andersen N. Å., 1999, s. 178).

### 3.5.1. Forskingsspørsmål

Veiledande for analysen stiller eg to forskingsspørsmål henta frå Andersen (1999, s. 129), som eg har tilpassa problemstillinga mi:

Spørsmål 1. Avgrensar barnevernet sin kommunikasjon seg til ei særleg form for kommunikasjon, som vi kan kalla risikokommunikasjon?

Spørsmål 2. Om denne kommunikasjonen er kjenntekna ved å indikera risiko, kva er kommunikasjonen sine moglegheitsvilkår då?

### 3.5.2. Analysen sitt første skilje – formanalyse

Det første spørsmålet fordrar ei formanalyse, altså at eg nyttar leieskiljet omgrep/motomgrep for å identifisera systemet sitt leieskilje; formanalysen handlar om å lokalisera skilnaden som dannar rammene for indikering av risiko (Andersen N. Å., 1999, s. 128). Eg ser etter kva som er det umarkerte når risiko er markert (Andersen N. Å., 1999, s. 130), og skil ut kva systemet skil ut; skilnaden som gjer skilnaden (Luhmann, 2013, s. 46). Framgangsmåten er å dekonstruera teksten i den første setninga i formålsparagrafen, for å finna systemet som her kan kallast risikokommunikasjon. Når eg har gjort det etter Luhmann sitt resonnement om risikoforma risiko/fare som omgrep/motomgrep, går eg vidare til å sjå systemanalytisk på skiljeoperasjonar i NOU-ar, og korleis risikokommunikasjonen avgrensar seg til ei distinkt form.

### 3.5.3. Analysen sitt andre skilje – systemanalyse

I denne delen av analysen ser eg på systemet si grense mellom seg sjølv om omverd, for å sjå korleis systemet ser ungdom i samanheng med barnevern, og korleis risikokommunikasjonen gjer at ungdom vert ein del av barnevernet sine avgjerder. Omgrep/motomgrep blir då iakttatt som system/omverd. Utfordringa med system/omverd-skiljet, er at eg presenterer eit paradoks. Eg seier at systemet *er* skiljet mellom seg sjølv og omverda, samtidig som eg seier at systemet skil mellom seg sjølv og omverda. Slik formulerer Luhman det:

The thesis was that a system is not a unity but rather a difference, and, as a consequence, we have to face the difficulty of concieving the unity of a difference. If something is said to be distinguished and, at the same time, not be distinguished, and if thus theese two things are said to be the same thing, one encounters a paradox. (Luhmann, 2013, s. 63)

Ifølge Luhmann er kommunikative operasjonar ei utfolding av paradoks i omgrep/motomgrep. Paradokset er skjult for systemet, som – ved å henvisa til omverda – eigentleg refererer til sitt eige skilje, altså seg sjølv. Med andre ord *er* systemet det som det òg skil seg frå. Skiljet eg nyttar når eg ser på NOU-ar og system/omverden er òg eit paradoks; når eg visar til eit system, visar eg til systemet *og* til systemet si omverd, som eg samtidig seier at òg er en del av systemet.

Luhmann viser til ei rekke måtar system kan utfolda systemet sine paradoks kommunikativt, og det skjer ved å laga nye skilje inni skiljet (Luhmann, 2018). Løysinga eg nyttar er, i likheit med det han gjer, å skilje mellom første- og andreordensiakttakar (internal/external observer) (Luhmann, 2013, s. 61). Det vil seia at for ein iakttakar i systemet (førstesordensiakttakar), er systemet system og omverda omverd. Det vil då sjå ut til at risiko er til *skilnad* frå resten av omverda. I andreordensiakttaking er systemet eit system *og* omverd. Ein ser då at risiko «fargar» heile iakttakinga til systemet, fordi heile iakttakinga er ein operasjon som skil risiko fra omverd, og må samtidig inkluderast for å skilja risiko frå omverd. Det som *ikkje* er risiko (omverd), vert iakttakatt gjennom same skilje. Ein iakttar då framleis risiko, ved at risiko vert markert, om enn som fråværande. Det vil seia at alt anna er ute av synet når ein iakktar gjennom risikoforma (Aamodt, 2017). Å seia at noko *ikkje* er risikabelt, er framleis å iakta gjennom risikoomgrepet. Systemet verkar til å kunna sjå andre skilje, men som

andreordensiakttakar, kan eg sjå at desse skilja berre viser til risikoforma; systemet refererer til seg sjølv, og sin måte å iaktta på.

Oppattheita med systemet si grense i denne analysen, er for å finne operasjonar der system iakttar seg sjølv, og systemet si grense til omverd. Ved å gjera dette kan ein sjå systemet sin sjølvidentitet (Niklas Luhmann, 1988, s. 26). Då kan eg sjå korleis ungdom med åtferdsproblem vert inkludert i barnevernet sin kommunikasjon ved å referera til risikoforma eg identifiserer i formanalysen (Larsen, 2021, s. 73).

### 3.5.4. Analysen sitt tredje skilje – form/medium-analyse

Det andre forskingsspørsmålet som vert stilt – kva er risikokommunikasjonen sine moglegheitvilkår? – skal besvarast med ei form/medium-analyse. Til denne analysen gjer eg bruk av Niels Åkerstrøm Andersen (2019) sitt kapittel «Blæsten kan man ikkje få at se – form og medie som analytikk» i boka «Form og medie» (Andersen N. Å., 2019).

Leieskiljet eg nyttar i ei form/medium-analyse er skiljet mellom form og medium. I form/medium-analysen ser eg nærrare på forholdet mellom faste og lause koplingar, og korleis dette forholdet kan reknast som ein sentral føresetnad for korleis det vert iakttatt (Andersen N. Å., 2019, s. 81). I denne delen av analysen gjer eg bruk av teorien om korleis kommunikasjon skapar form ved skiljeoperasjonane (formlova). Formene som vert skapa er eit medium, når dei utgjer element som står laust kopla i høve til kvarandre. Eg kan derfor sjå dei til skilnad frå element som allereie er kopla saman til faste former. Skiljet er valt for å synleggjere moglegheitvilkåra i kommunikasjonen, gjennom forholdet mellom lause og faste koplingar. Ved å sjå til koplingane, synleggjer eg tilkoplingsmoglegheitene for kommunikative operasjonar, ved å sjå dei strukturelle vilkåra i kommunikasjonen. Eit døme kan vera at ord er laustkopla element, som koplast saman til ei fast kopla setning. I neste operasjon kan ein gjera laust kopla setningar til ein fastkopla beskjed. Form/medium-relasjonar synleggjer soleis at kommunikative operasjonar ikkje er determinert, altså ikkje styrt av ei nødvendigheit. Samtidig er dei heller ikkje vilkårlege (Andersen N. Å., 2019; Luhmann, 2013, s. 62). Sentralt for systemet si iakttaking, er at samankopplinga av element utgjer det som kan iakttakast, altså form. Slike former er til dømes ungdom med åtferdsvanskar eller ungdom i risiko.

### 3.5.5. Lause og faste koplingar

Skilnaden mellom form og medium, er òg skilnaden mellom faste og lause koplingar (Andersen N. Å., 2019, s. 81). Mediet er beståande av element som er laust kopla, slik at dei kan koplast saman til ei form. Dette blikket kan nyttast på alle typar former, ved å sjå på bestanddelane og korleis dei er sett saman. Når ein til dømes iakttar ein stol, er stolen sett saman av bestanddelar. Bestanddelande kan skapa andre former. På grunn av måten dei er kopla saman på, er forma definert som ein stol. Ein stol kan òg vera ein bestanddel i ei ny form, til dømes ei sitjegruppe, og er dermed òg eit medium for ei ny form. Her vert ontologi og epistemologi slått saman, ved noko er det det er iakktatt som, gjennom korleis elementa vert sett i forhold til kvarandre. Eit spørsmål iakttakaren må svara på er om ein demontert stol framleis er ein stol. Om iakttakaren iakttar stolen som ein demontert stol, har han laga eit nytt skilje inni skiljet stol/ikkje stol; montert/demontert. Om ein skal setja spørsmålsteikn ved korleis noko er iakttatt som ein stol, kan ein sjå etter korleis delane er kopla saman, ikkje berre fysisk, men òg i iakttakinga. Det er kanskje ikkje nok for iakttakaren å seie at han kan sitjast på, fordi andre former kan òg sitjast på utan å vera ein stol. Eit anna døme kan vera å spørja kvifor eit fang er eit fang. Eit barn kan sitja på ein vaksen sitt fang, men er fanget forsvunne når den vaksne reiser seg? Svaret må finnast i korleis kroppen vert iakttatt, og korleis delane i kroppen vert strukturert (til dømes sittande) for at eit fang kan iakttakast. I samanheng med form og medium, er dette ein attribusjonsprosess, som skjer ved å kalla noko for noko. Iakttakinga er bestemmande for om det som vert kalla er eit element i ei form, eller ei form beståande av element.

### 3.5.6. Det potensielle og det aktuelle

Forholdet mellom det potensielle og det aktuelle ligg i ei tidsleg forståing av form og medium (Andersen N. Å., 2019, s. 104). I ei slik forståing av omgrepa er medium potensialitet, og form aktualitet. I dømet med ein demontert stol, er delane som ligg på golvet eit potensiale. Når delane er satt saman, er det den aktuelle stolen. Sett i samanheng med iakttakinga av ungdom, er bestanddelane laga av systemet, ved at forhold som kan skada (potensialet) er skilt ut og sett sammen til ein farleg situasjon (det aktuelle), og seinare risikofaktorar (potensialet) til kalkulert risiko (det aktuelle). Når åtferd vert iakttatt som fare for ungdom, vert den potensielle faren den aktuelle risikoen.

## 4. Analyse

### 4.1. Formålsparagrafen – formanalyse

I motsetjing til NOU-ane, er formålsparagrafen i barnevernlova §1-1, ein kort tekst. Dette gjer at eg konkret kan identifisera systemet sitt leieskilje. Eg ser då etter omgrep og motomgrep som er nytta. Noko er selektert og indikert, til skilnad frå noko anna. Eg ser det som eit system som set ei skilnad, som utgjer skilnaden. Det er å rekna som ein operasjon gjort av systemet etter Spenser-Brown si oppfordring: «Draw a distinction» (Luhmann, 2013, s. 49).

#### 4.1.1. Risiko og fare som eit skilje i barnevernlova

Den første delsetninga i formålsparagrafen til barnevernlova lyder: «Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling» (jf. bvl. § 1-1). Det første som vert indikert i barnevernlova er at ho skal «sikre». Det ho skal sikra er «forhold som kan skade». Ved eit nærrare blikk på kva som er indikert og kva som er nytta som motomgrep, kan ein sjå at det vert trekt eit skilje mellom «sikring» og «forhold som kan skade». Dei to kan reknast som motsetjingar. Eg ser då på korleis desse omgrepa kan skapa ei form, basert på at sikring til *skilnad* frå forhold som kan skada, er omgrep og motomgrep. Spørsmålet vidare blir korleis dette kan reknast som systemet sitt leieskilje.


Det første skiljet lova set, ser altså ut til å vera mellom sikring og skade; lova skal sikra forhold som kan skade. Verd å merka, er at det ikkje står «skadar», men «kan skade». Det er altså representert ei usikkerheit om skaden inntreffer; forhold med ei moglegheit for at ein skade kan intreffa. Det er då snakk om ei usikkerheit knytt til forhald, basert på ei vissheit om at forholda kan føra til skade. Å sikra noko er meint til å gi sikkerheit. Sikkerheit er då indikert, til skilnad frå usikkerheit, ved forhold som kan skada. Ved første blikk utgjer skiljet satt i formålsparagrafen forma sikkerheit/usikkerheit. Det eg ser etter her er korleis omgrepa «risiko» og «fare» kan forstås i høve formålsparagrafen, slik Luhmann forsøkte å avklara skilnaden på omgrepa risiko og fare (Luhmann, 1997).

Eg kunne tenkt at «forhold som kan skade» kan representarast ved omgrepet risiko. Risiko ville då referert til «forhold som kan skade». Både risiko og fare har til felles at ein snakker om dei med sikte på moglege skader, altså framtidige hendingar (Luhmann, 1997, s. 164). Medan

eg fylgjer Luhmann sitt resonnement, skal eg forsøkja å avklara kva av omgrepene risiko og fare som refererer til «forhold som kan skade».

I kapittelet «risiko og fare» spør Luhmann om kvifor ein har funne det nødvendig å innføra omgrepet risiko, når ein like godt kunne nytta omgrepene fare, usikkerheit, og vilkårlegheit. I hans undersøking av omgrepene, ser han nærmere på risikoomgrepene sitt motomgrep. Han viser at det første motomgrepene til risiko er sikkerheit. Om motomgrepene til sikkerheit er risiko, vil risiko kunne nyttast for å visa til «forhold som kan skade».

Omgrepene som er inni galgen i figuren under, visar det som er markert, til skilnad frå det som er på utsida av galgen. Forma basert på ordlyden «sikre [...] forhold som kan skade» vil då sjå slik ut:




Figur 6.

Lova sitt formål er i så fall å sikra det som er usikkert. På eit sakleg nivå kan ein sjå grunnar til å sjå sikkerheit som motomgrep til risiko, og ein kunne då erstatta omgrepene usikkert med omgrepene risiko, for å forstå systemet sine skiljeoperasjonar. Luhmann spør kvifor ikkje nytta omgrepene usikkerheit i staden for risiko (Luhmann, 1997, s. 158). Det Luhmann meiner, er at risiko kan ha ein annan funksjon enn å representara det usikre, farlege og det vilkårlege.

Om risikoomgrepene har ein annan funksjon enn omgrepene usikkerheit, fare og vilkårlegheit, kva kan det vera? For å svara på det, kjem eg no tilbake til korleis Luhmann ser på omgrepene sikkerheit, som eg skreiv om i innleiing; Luhmann hevdar at omregrepene risiko kan erstatta sikkerheit, og omgrepene fare kan erstatta usikkerheit.

Om ein ser skiljet mellom «sikra forhold» og «forhold som kan skada» i samanheng med Luhmann sitt resonnement, må eg forkasta forma som representerer motomgrepene sikkerheit/risiko. I staden representerer risiko sikkerheit. Risiko er då *bestrebelsen* etter sikkerheit. Med fare som motomgrep til risiko, står fare att, som eit omgrep som viser til

«forhold som kan skada». Førsteordensiakttakinga og andreordensiakttakinga gjev då disse formene:



Figur 7.

Kvífor er dette eit viktig funn? Om ei sannsynsberegning av usikkerheit knytt til avgjerder er det nærmaste ein kan komme ei sikkerheit (Luhmann, 1997, s. 161), vil ikkje formålsparagrafen kunne referera til å *faktisk* sikra forhold som kan skade. Den kan likevel nyttast i samanheng med avgjerder *med sikte på* å sikra forhold som kan skade. Lova kan då gi heimel til avgjerder med ulike gradar av risiko, i eit forsøk på å sikra forhold som kan skada. Dette skiljet synleggjer at ein kalkulert fornuftsgrunn skyggjer for ein sosial dimensjon (Luhmann, 1997, s. 161). I førsteordensiakttaking, med risiko som fornuftsgrunn, vil iakttakaren sjå på risiko som noko som ligg i saksforholda, uavhengig av iakttakarposisjonen (Luhmann, 1997, s. 162). I andreordensiakttaking vert det synleg at skiljet mellom risiko og fare kan forklaraast med ein attribusjonsprosess, at alt avheng av om «forhold som kan skada» kan tilskrivast fare eller risiko. Skilnaden mellom kva som kan tilskrivast risiko og kva som kan tilskrivast fare, ligg i om det risikable eller farlige kan eller ikkje kan tilskrivast avgjerder (Luhmann, 1997).

I Luhmann sin formanalyse kan risiko attribuerast «forhold som kan skada», men berre dei risikoane som er knytt til ei avgjerd. Fare kan tilskrivast dei forholda som kan skada, men berre dei som ikkje på førehand kan knyttast til ei bestemt avgjerd. Skiljet risiko/fare er då ei fylgje av ein attribueringsprosess knytt til avgjerder; ei risikabel avgjerd er til fare for andre (Luhmann, 1997).

#### 4.1.2. Oppsummering formanalyse

Eg har i denne delen av analysen identifisert og konstruert risiko/fare som ei form for kommunikasjon i barnevernlova. Ein kan dermed seia at barnevernet avgrensar

kommunikasjonen til ei særleg form for kommunikasjon, som eg vidare vil kalla risikokommunikasjon. Basert på antakinga om at dette er leieskilje for vidare kommunikasjon, baserer eg dei fylgjande analysane på at kommunikasjonen refererer tilbake til dette skiljet, og gjer seg gjeldande i nye operasjonar.

#### 4.2. NOU-ar – systemanalyse

I ein systemanalyse undersøkjer eg korleis eit system avgrensar seg frå omverda (Andersen N. Å., 2019, s. 132). Leieskiljet eg nyttar her er system/omverd. Omgrepa risiko og fare vert då system og omverd. Risiko/fare får ein funksjon som skil noko ut som ein del av systemet, og noko som ein del av omverda. Eg undersøkjer korleis risikokommunikasjon tilskriv noko som ein del av barnevernet, og noko som ein del av omverda. Å sikra forhold som kan skada, vert då ei iakttaking gjennom risiko/fare-kommunikasjon, som omdannar fare til risiko, ved å ta stilling til fare i kommunikasjon om avgjerder. Eg viser døme på kommunikasjon som eg meiner gjer denne operasjonen.

##### 4.2.1. Døme frå NOU i samanheng med risiko og fare

Når samfunnsmessige problem vert iakttatt gjennom skiljet risiko/fare, vil det politiske systemet vert oversymja av krav (Luhmann, 1997). Og sidan dette problemet er rasjonelt uløyseleg, må det løysast politisk ved hjelp av avgjerder, som binder kollektivt, sjølv utan fornuftig konsensus. Staten blir då siste instans i transformasjonen av farer til risiko. Det som før var norm og fordelingsproblem blir ikkje forelda av den grunn, men blir skubba til side av ein ny kjelde til uro (Luhmann, 1997, s. 196-197).

Luhmann hevdar (Luhmann, 1997, s. 194-195) at skilnaden risiko/fare blir strukturelt virksom i den samfunnsmessige evolusjonen. Skilnaden relativiserer og komplementerer det som hittil har utspilt seg ved hjelp av reguleringsmekanismar som normar og knappheit (Luhmann, 1997, s. 194-195).

Døme på dette finn ein i NOU2000:12 (s. 133), som omtalar ein studie som forsøk å klargjere om grenseverdiane for kva som tilhører barnevern kan fastsetjast i tersklar. Her peikar eg på korleis system avgrensar seg frå omverd. Det kjem fram frå studien at sakshøva ikkje har klare

tersklar. Dette fordrar ny kommunikasjon om kor tersklane skal setjast. Eg viser her til korleis risikokommunikasjon vert aktuelt:

I den grad en kan snakke om terskler trekker de [i studiet] fram fire forhold, nemlig vurdering av risiko, ressurser i familien og dens nettverk, motstand og samarbeidsvilje blant foreldrene og om bydelene hadde muligheter til å følge opp hjelpetiltakene. (NOU, 2000:12, s. 133)

Risiko, ressursar i familien og i barneverntenesta (knappheit), og motsand og samarbeid frå foreldre (normkonflikt), vert tersklar her. Terskelomgrepet får ein funksjon som viser til systemet si grense, og kan då gjera farer i omgivnadane til ei «vurdering av risiko».

Dette er eit døme på kor systemet, ved ei iakttaking av systemet og omverda, definerer systemet sine grenser. Det visar seg at desse grensene ikkje er ansett som heilt klare, på grunn av kompleksitet, som vil gjera at systemet treng noko som kan kommunisera skilje mellom system og omverd. Det verkar ikkje som at normar og knappheit kan avgjera saka åleine. Saman med omgrepet risiko, kan dei nyttast til å avgrensa system frå omverd kommunikativt. Risiko kan få ein funksjon som reproducerer grensene, og er dermed reproduksjonen av systemet sine operasjonar, i samanheng med til risikokommunikasjon. Dette samsvarar med Luhmann si beskriving av risikofunksjonen i samanheng med normar og knappheit. Risiko er ikkje funksjonelt ei erstatning, men skubbar moglegvis normspørsmålet knappheitsspørsmålet til side. Det at Luhmann hevdar at staten blir siste instans i å transformera fare til risiko, gjer at risikokartleggingsverktøy kan reknast som ein slik tranformeringsprosess. Vidare ser eg på korleis «barn som har vist alvorlige atferdsvansker» kan tilskrivast barnevernet sitt ansvar, ved å sjå på skiljet system/omverd i høve til risiko/fare.

#### 4.2.2. Barn til fare for seg sjølv – overgangen frå normbrot til risiko

I NOU:2016:16 kjem det til syne korleis «barn som har vist alvorlige atferdsvansker» skal iakttakast som aktuelle for barnevernet sitt ansvar. I avgrensinga til strafferetten – som skal håndtera lovbrot – treng barnevernet ei grense mellom det og seg sjølv; mellom system og omverd. Normbrota som definerer «alvorlege atferdsvansker» etter barnevernet sine heimlar, vert skilt frå åtferd som er til fare for samfunnet (NOU, 2016:16, s. 164). Dømet under viser

korleis barnevernet iakttar barn med åtferdsvanskar, og dermed korleis systemet kan iaktta dei som ein del av barnevernet sine ansvarsområde:

Utvalget har vurdert om det også må inntas i lovteksten at tiltaket kan anvendes for tilfeller der et barn utsetter andres helse og utvikling for alvorlig fare, men har kommet til at det ikke er nødvendig. Det sentrale er, slik utvalget ser det, om barnets handlinger kan vera skadelige for barnet selv. Når et barn utsetter andres helse eller utvikling for alvorlig fare, vil barnet i de fleste tilfeller også utsette sin egen helse eller utvikling for fare. Til dømes vil et barn kunne få skadet sin egen psykiske helse eller utvikling dersom det utsetter andre for alvorlig fysisk eller psykisk vold. Utvalget legger til grunn at det å iverksette tiltak overfor barnet grunnet i at barnet utsetter andre for skade eller fare, ville medføre at tiltaket får preg av å vera en straffereaksjon overfor barnet. Utvalget mener det ikke hører hjemme i en barnevernslov. (NOU, 2016:16, s. 164)

For å avgrensa systemet frå eit «preg av straffereaksjon» skil kommunikasjonen her mellom «*der et barn utsetter andres helse og utvikling for alvorlig fare*» og at barn utsetter «*[...] sin egen helse eller utvikling for fare*». I eit anna utdrag frå same NOU kan ein sjå eit kommunikativt skifte frå åtferd til fare:

Det er som nevnt delte meninger om hvorvidt ordet «atferd» bør fjernes eller ikke. Det er også et spørsmål om det vil medføre noen reell endring om man bytter ut ordet «atferd» med til dømes «oppførsel» eller «uttrykk». Fortsatt er det barnets handlinger som er tema. [...]. Utvalget er også enig i at begrepet i større grad enn nødvendig setter fokuset på handlingen som foretas, og ikke følgene av denne for barnet [...]. Utvalget har kommet til at vilkåret for å treffe vedtak om opphold i institusjon bør formuleres slik at vedtak kan treffes der dette er «nødvendig fordi barnet utsetter sin helse eller utvikling for alvorlig fare. (NOU, 2016:16, s. 164)

Utdraget viser ei overgang frå «handlingen som foretas» og «følgene av denne for barnet». Den førre viser til normbrot og notid, den andre viser til fare og framtidige hendingar. Dette sannsynleggjer risikokommunikasjon.

Sett som ei risiko/fare-form, kan risikabel åtferd representera ein fare for samfunnet (Luhmann, 1997). I utdraget over, sett som ein operasjon, vender dei risikokjelda mot risikokjelda, og ho vert ein fare for seg sjølv. Risikokjelder som før vart iakkatt som åtferd, vert no iaktatt som fare for ungdommen. Systemet skil åtferd som er farleg for andre, frå strafferett (omverd), for å gjera det aktuelt for barnevern (system) ved å kommunisera fare for barnet. Når dette skjer, er risikabel åtferd *frå* ungdommen *til fare* for ungdommen, og ungdommen vert då iaktatt gjennom forma risiko/fare. Vidare skal eg visa at når det vert kommunisert om desse barna, knytt til avgjerder barnevernet tar, vert det snakk om barn i risiko.

#### 4.2.3. Oppsummering - systemanalyse

I denne delen av analysen fann eg at barnevernet avgrensar seg sjølv frå strafferett ved bruk av risikokommunikasjon. Ved å kommunisera fare for ungdom, vert normspørsmålet aktualisert som eit sikringsspørsmål, og kommunikasjonen er soleis i tråd med formålsparagrafen (bvl. § 1-1). Referansen til formålsparagrafen mogleggjer inkluderinga av ungdom med åtferdsproblem, ved å iaktta dei gjennom skiljet risiko/fare.

### 4.3. Form/medium-analyse

I denne delen av analysen skal eg sjå på risikokommunikasjonen sine moglegheitsvilkår. Her vert risiko/fare-forma synleggjort på ein måte som viser korleis kommunikasjon som vert avgrensa til risiko og fare gjev visse moglegheiter og avgrensinger. For å undersøkja dette ser eg på Vedlegget frå barneverntenesta og kartleggingsverktøyet YLS/CMI.

#### 4.3.1. Om form/medium-analyse

Det sentrale i ei form/medium-analyse er iakttaking. Andersen sin hypotese er at skilnaden form/medium kan gi nokre iakttakingsmoglegheiter som ikkje er til stade i skiljet system/omverden (Andersen N. Å., 2019, s. 21). For at noko skal kunna iakttakast for eit

system, må det skje gjennom eit medium (Andersen N. Å., 2019, s. 110). Form/medium-analyseform synleggjer korleis iakttakinga i systemet skapar former, eller typar av ungdom. At noko blir synleg på visse måtar, vert her kalla å skapa form. Datamateriale vert eit medium som iakttar ungdom, og synleggjer korleis noko vert iakttatt, på bakgrunn av risikokommunikasjon.

Eg baserer analysen på ei tru på at menneske sitt forhold til det reelle aldri er reelt, men symbolisert, og at symboliseringa kan beskrivast som mediert i ei form av skilnad, satt av det imaginære (Andersen N. Å., 2019, s. 17). Mediet omfattar den nisjen som systemet lev i, og den omverda systemet kan iaktta (Andersen N. Å., 2019, s. 19). Systemet eg beskriv kan berre iaktta på grunn av dei strukturelle koplingane i mediet. Ved å iaktta datamaterialet som form/medium-relasjonar, ser eg på dei strukturelle koplingane som ligg latent i mediet. Om eg kan identifisera dei, kan eg sjå kva skilnadar som er moglege å gjera i systemet, sidan systemet berre kan gjera skilnadar som mediet tillét (Andersen N. Å., 2019, s. 19).

#### [4.3.2 «Vedlegg til henvisning til Barne-, ungdoms- og familieetaten, behandlingssinstitusjon for ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende rusmisbruk» - skiljeoperasjonar som lause koplingar](#)

YLS/CMI skal i analysen bli sett som reproduksjon av tidlegare operasjonar. Nokre av dei tidlegare operasjonane som er direkte kopla til YLS/CMI finst i «henvisning til Barne-, ungdoms- og familieetaten, behandlingssinstitusjon for ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende rusmisbruk». I denne delen skal eg sjå på Vedlegget som ein måte å skilja ut forhold i ungdommen sitt liv til element, som YLS/CMI-kommunikasjon byggjar vidare på, gjennom reproduksjon av elementa. Skiljeoperasjonane skaper her eit potensiale for aktuelle risikoar knytt til ungdommen.

##### [4.3.2.1. Skiljeoperasjonar vert laustkopla element](#)

Vedlegget er delt inn i to kategoriar som kan skiljast ved at del 1 inneheld ni spørsmål som ikkje dannar grunnlag for YLS/CMI-vurdering, medan del 2 inneheld 13 underkategoriar, 72 punkt, og til saman 76 spørsmål, som dannar grunnlag for vidare kommunikasjon i YLS/CMI. Vedlegget er inndelt slik:

Del 1: Barnets og foreldras/foresattes synspunkt på saka – skal *ikkje* med i YLS/CMI.

Del 2: Barneverntenesta sine beskrivingar, vurderingar og begrunneringar - *skal* med i YLS/CMI (med unntak av nokre få spørsmål).

I veiledinga til vedlegget står det:

Informasjon frå denne hensvisningen og eventuelle utfyllende vedlegg vil bli brukt for å gjøre en målgruppevurdering av barnet ved hjelp av en helhetlig kliniskk vurdering og bruk av det standardiserte kartleggingsverktøyet YLS/CMI. Alle stjernemerkeide spørsmål\* inngår i målgruppevurdering og skal besvares [...]. (Bufdir, 2022a)

I del 2 er 73 spørsmål merkt med symbolet for stjerne (\*). Ingen av spørsmåla i del 1 er merkt med stjerne.

Spørsmåla som er merkt med stjerne er element som vidare skal koplast saman i YLS/CMI. Ungdommen og foreldra sine ytringar om saka, er ikkje markert som risiko, noko som kjem til syne fordi dei ikkje er markert med stjerne, og skal derfor ikkje med i YLS/CMI. Det er ikkje dermed sagt at deira synspunkt ikkje kan vera risikable faktorar, alt kan i prinsippet risikovurderast. Skilnaden finn ein ved å sjå til kven som kommuniserer kva.

Vedlegget inneholder spørsmål om ungdommen sine holdningar og ytringar (i del 2), som skal med i risikovurderinga. Der vert det spurt om ungdommen ytrar seg «aggressivt verbalt», med «skryting» og «overdriven sjølvtillit» og om ungdommen «hever seg over andre». Dette er spørsmål knytt til ungdommen sin måte å kommunisera på, men ikkje ytra og iakkatt av ungdommen sjølv. Det ungdommen og foreldra sjølv ytrar, altså deira kommunikasjon, vert sortert ut. Her kan ein sjå at det berre er informasjonen barneverntenesta produser, som vert gjort aktuell for ei risikovurdering.

Barneverntenesta, gjennom Vedlegget som medium, utfører altså bestemte skiljeoperasjoner, som skil ut og innlemmar visse element ved ungdommen, og deira omgivnadene. Eit sentralt funn her, er at elementa berre er beståande i barneverntenesta sine sjølvproduserte element. Elementa vert skapa kommunikativt i denne operasjonen, i og av systemet sjølv.

Kommunikasjonen frå ungdom og foreldre verkar å vera systemet si omverd. Risikokommunikasjonen i denne operasjonen avgrensar seg frå ungdommen og foreldra sin kommunikasjon. Kommunikasjonen vert avgrensa til barneverntesta sine eigne iakttakingar, og barnevernet sine eigne iakttakingar produserer risikokommunikasjonen, ikkje med, men *om* ungdommen.

Forholda knytt til ungdommen vert i desse operasjonane skilt ut til element som kan koplast til form i YLS/CMI sine strukturar. Vel og merke er det ikkje barneverntenesta som vel kva skiljeoperasjonar som skal gjerast. Kva som kan markerast som aktuelt her, ligg allereie i Vedlegget, som mal for utfylling. Skiljeoperasjonane kan då ikkje tilskrivast dei som gjer beskrivingane, men kommunikasjonen som Vedlegget tillèt. Her kan Vedlegget sjåast som eit medium som avgrensar kommunikasjonen, og gjer ungdommen og foreldra sin kommunikasjon og synspunkt til omverd. Synspunkta vert likevel inkludert, men berre gjennom barnevernet sine iakttakingar og beskrivingar. Ved å sjå kva markeringar som vert gjort (spørsmål som skal besvarast og inkluderast), vert elementa som produserast synleg. Og det vert synleg at elementa utelukkande er barneverntenesta sine eigenproduserte element.

#### 4.3.2.2. Oppsummering

Vedlegget innlemmar og markerar, og dermed produserar element, ved hjelp av beskrivingar av det som er indikert. Vedlegget blir eit medium i den forstand at det iakttar barnet gjennom visse typar beskrivingar. Korleis samankopling av elementa skjer, er ikkje synleg her, forutan inndeling i kategoriar. Samankoplinga skal eg sjå nærare på i analysen av YLS/CMI. Her er vedlegget eit medium som iakttar ungdommen basert på særlege skiljeoperasjonar. Elementa som vert skapa i skiljeoperasjonane vert her sett som laust kopla, og derfor som eit medium. Å sjå det som eit medium synleggjer eit potensiale for risikoform (Andersen N. Å., 2019, s. 104).

Eg kjem ikkje nøyare inn på kvart av spørsmåla i Vedlegget, det er nok å visa til dei kommunikative operasjonane som skjer. Eg skal sjå vidare på korleis desse elementa blir reproduksert i YLS/CMI, deretter kopla saman til formar.

#### 4.3.3. «Youth Level of Service/Case Management Inventory»

I denne delen skal eg gjera ei form/medium-analyse av dokumentet «Youth Level of Service/Case Management Inventory» (YLS/CMI).

##### 4.3.3.1. Lause koplingar til fast form

I denne analysedelen skal YLS/CMI reknast som ein formskapande prosess. Kommunikasjonen her skapar eigne element for å byggja ei form, og er derfor formskapande. Elementa i kommunikasjonen er ikkje henta inn utanfrå, men finst allereie i YLS/CMI-skjemaet, og vert attribuert til ungdommen. Det er då ikkje ungdommen som kastar lys på skjemaet, men skjemaet som kastar lys på ungdommen. I og med at elementa vert samankopla i YLS/CMI som iakttakingsmedium, vert ungdommen iaktatt gjennom YLS/CMI-skjemaet. YLS/CMI kastar ikkje berre lys på ungdommen, men og ungdommen si framtid. Framtida er eit sett med forventningar knytt til ungdommen, og YLS/CMI-skjemaet strukturerer opplysningane til ei fortetting av forventningar. Eg skal synleggjera korleis elementa som vert produsert i skiljeoperasjonane, vert samankopla til form. Formene eg ser på, synleggjer korleis ungdommen vert iakttakeleg, når dei vert konstituert i eigenskap av objektar gjennom eit blikk (Andersen N. Å., 2021, s. 248)

##### 4.3.3.2. Strukturelle koplingar

YLS/CMI-skjemaet inneheld 42 spørsmål, som eg ser som skiljeoperasjonar som produserer element. Kvart av desse elemanta skapar former, som er nye element i formskapinga av risikokategoriar. Dei 42 spørsmåla utgjer åtte kategoriar. Kategoriane vert seinare kopla saman ved summering av tal. Tala utgjer dei endelege formene lågt, moderat, høgt og svært høgt risikonivå. Eg trekkjer fram nokre av dei 42 spørsmåla som skal besvarast (av NABE) undervegs. I YLS/CMI er kategoriane omtalt som «områder».

Dei åtte områda, eller kategoriane i YLS/CMI omsett til nynorsk er:

1. Tidlegare og neverande lovbrudd og plasseringar
2. Familieforhold og oppdragelse
3. Utdanning/arbeid
4. Vennerelasjonar

5. Rusmisbruk
6. Fritid
7. Personlegdom/åtferd
8. Haldningar/Orientering

Kategoriane er meint å skapa ei heilskapleg oversikt over risikofaktorar. 42 spørsmål kan gi 42 poeng. Opplysningane knytt til kvart spørsmål vert iakttatt i den kategoriske tilnærminga som risikable, ikkje risikable, eller som styrkar (eg går ikkje nærrare inn på styrkar i denne analysen).

Spørsmåla kan reknast som markeringar og indikasjonar. Kvart spørsmål vert då ein skiljeoperasjon, som skil mellom 1 og 0 (er eller er ikkje). Det vert dannar åtte element (kategoriane over), og vert tillagt poengsum ettersom kor mange spørsmål som er underordna dei. Elementa er då tal og omgrep. Informasjon om ungdommen sitt liv vert gjort til element i form av talfestingar. Det gjer rom for ein matematisk samankoplingsprosess. Til dømes er «rusmisbruk» eit element med ein viss verdi, som vert gjort relevant for – og dermed vert kopla saman med – eit anna element, til dømes «familieforhold» og lignande. Til sist vert alle kategoriane kopla saman til ein poengsum. Dei iaktakst som kausale forbindigar i første orden. I andre orden kan dei sjåast som strukturelle, kommunikative samankoplingar.

I «Del I: Utredning av risiko og behov» står det:

YLS/CMI er et kvantitativt screening instrument om kjennetegn ved unge lovbytere og deres situasjon som er relevante for valg av tjenestenivå, veiledning og tiltaksprogram. For hver delskala, bruk "X" for å markere alle ledd som stemmer for ungdommen som blir vurdert. (Hoge, Andrews, & Lescheid, 1996)


Legg merke til teksten «bruk "X" for å markere». Spencer-Brown si formkalkyle seier: «Draw a distinction!» (Luhmann, 2013, s. 49). I lys av Spencer-Brown si tilnærming til formskaping, fylgjer tilsynelatande YLS/CMI denne oppfordringa (risiko/ikkje risiko). Spørsmålet eg stiller er: Kva form for skilje? I samanheng med systemet sitt leieskilje, er svaret risikoforma. Eg ser skilja (1 og 0: risiko eller ikkje risiko) som imaginære verdiar, med utgangspunkt i det første skiljet mellom risiko og fare (Kauffman, 2018, s. 8). Etter alle skiljeoperasjonane er gjort, vil YLS/CMI

returnera til risikoforma ved å summera tala. Relativt til risikoforma, er skiljeoperasjonane i form av risiko. «Familieforhold» er i YLS/CMI å skilja ut familieforhold som er til fare for utvikling, og dermed risikable eller ikkje risikable. Skiljeoperasjonane skapar elementa som samla sett utgjer medium som moglegger at ungdommen vert iakttatt gjennom risiko. Elementa er, enn så lenge, laust kopla før dei vert summert, og er då medium for iakttaking.

Vidare hevdar Spencer-Brown: «[...] There can be no distinction without motive, and there can be no motive unless contents are seen to differ in value» (Spencer-Brown, 2021, s. 1). Eg ser skiljeoperasjonane ovanfor som eit motiv om å verdisetja risikoen. Skilnadane vert satt til ein verdi, og verdiane vert talfesta i YLS/CMI med eit motiv om å sjå risikoverdi. Kvar besvaring av spørsmåla, altså skiljeoperasjon, kan gje eit poeng. Dei vert oppfatta som anten risiko eller ikkje – 1 eller 0. Graderinga av verdien skjer fyst i samankplingane av det som er markert med «X».

Vedlegget, med spørsmål barneverntenesta svarar på, kan sjåast som indikasjonar som skapar eit bilet, som vert gjort til aktuell risiko i YLS/CMI. Utfyllinga av Vedlegget er ikkje nødvendigvis med eit motiv for å indikera risiko frå barneverntenesta si side, fordi det ikkje er noka verdivurdering med referanse til risiko (risiko er ikkje nemnt i vedlegget. Derimot er YLS/CMI betekna som «klinisk vurdering»). Fyst i YLS/CMI er elementa gjort til markeringar av risiko. Det at YLS/CMI skil ut det risikable ved informasjonen frå barneverntenesta, ser eg som skapinga av element, eller risikofaktorar.


Indikasjonane i Vedlegget vert potensialet for YLS/CMI, som vidare gjer desse til verdiar i form av tal som symboliserer risiko. Det skjer då ei transformering i verdisettinga i YLS/CMI; frå klinisk vurdering til risikovurdering; frå fleire markeringar til færre; frå forhold om og vedrørande ungdommen til risikofaktorar om og vedrørande ungdommen. Eller frå ei kompleks sak (jamfør dømet frå NOU2000:12, s. 133) til sakshøve og karakteristikkar; frå faktorar med potensiale for utvikling til aktuelle risikofaktorar. Og i siste ende vert det markert med eit tal mellom 0 og 42, som etter dette vil gjera at ungdommen havnar i ein av fire former av risikonivå: låg (0-8), moderat (9-22), høgt (23-34) eller svært høgt (35-42). Under illustrerer eg korleis skiljeoperasjonane vert redusert til form:



Figur 8.

Ingen dei fire formene heiter «ingen» risiko. Det vil seia at ein skåring på null ikkje kan skapa ei form der risiko ikkje til stade (jamfør formanalysen, der sikkerheit kun er eit refleksjonsomgrep). Sjølv om det skulle finnast ein slik kategori, ville det likevel ha vore ei risikoform, sidan ingen risiko framleis er ei markering av risiko. YLS/CMI iakttar berre risiko, sjølv når risiko er fråværande, og risikoverdi er sett til 0. Skiljeoperasjonane gjer at risiko ikkje kan unngåast, fordi systemet berre indikerer risiko. Risikokommunikasjon vert ikkje berre sannsynleggjort gjennom YLS/CMI, han vert garantert. Alt ved ein ungdom i denne iakttakinga er berre relevant for risiko, og dermed vil det å sjå ungdom gjennom YLS/CMI berre synleggjera ungdom i samanheng med risiko.

Sett som ein kommunikativ operasjon er dette ein operasjon som lukkar og reproduuserer systemet. Alt som vert iakttatt vert sett gjennom ein bestemt kode (Aamodt, 2017). I YLS/CMI er koden risiko eller ikkje risiko. I denne analysen skal ikkje YLS/CMI sjåast som eit kartleggingsverktøy, men som eit medium å sjå risiko gjennom. YLS/CMI sine kommunikative moglegheiter og avgrensingar kjem då til syne i skiljeoperasjonar som markerer risiko eller ikkje risiko. All kommunikasjon i samanheng med YLS/CMI er med referanse til desse skilja. I andreordensiakttaking er skiljet til systemet risiko/fare. Dette synleggjer at YLS/CMI iakttar farar i omverda, og skil dei ut som risikofaktorar internt i kommunikasjonen om farane. Sjå figuren under:




Figur 9.

#### 4.3.3.3. Konvertera tekst til tal – element som verdi


Det at resultatet tar stilling til forhold gjennom ei binær iakttaking som vert summert, og som dermed havnar i ein av fire kategoriar, seier noko om korleis former kan skapast. Det betyr nemleg at uansett kor mange element systemet produserer for å utgjera forma, vil forma aldri kunne bli større eller mindre, berre ha ein høgare eller lågare verdi. Verdien kan reknast som ei form, men kan òg gjerast – i YLS/CMI – til medium for skaping av fleire former. YLS/CMI som medium liknar då ikkje byggesteinar til bygging av eit hus, som ville auka i størrelse basert på menda steinar. YLS/CMI som medium liknar meir ein konverterar, som konvertar tekstu til tal. Når dette er gjort, funger det deretter som ein dekodar, som omset tala tilbake til språk.

Tekstu, som til dømes vedlegget frå barneverntenesta, blir fortetta og konvertert til tal, og deretter dekoda til språkleg kategori lada med ein verdi. Forma kan likna ein kondensator, altså ein komponent som har evne til å oppta ladning og lagra energi (verdi) i eit felt. Som prosess med tilhøyrande komponentar kan ho illustrerast slik (frå høgre til venstre):




Figur 10.

YLS/CMI vert eit kommunikativt medium, som stykkar opp tekstu og produserer element som består av eittal og nullar. Ungdommen vert då sett gjennom eit digitaliserande medium, som gjer fortellingar om til digital informasjon. Den digitale informasjonen vert lagra i komponentar. Informasjonen kan då fungera som kondensatorar, beståande i ein talfesta verdi skilt ut frå YLS/CMI sine omgivnadar. YLS/CMI får då ein verdiskapande funksjon. I form/medium-relasjonar, kan YLS/CMI iakttakast slik:



Figur 11.

Ved å sjå YLS/CMI som ein transformator kan ein sjå ein annan merkverdig funksjon; beskrivingar vert oppfordringar. Barnevernet sine beskrivingar kan reknast som deskriptive. Tallfesting som stadfestar retninga på ei utvikling samanlikna med ei ynskjeleg utvikling kan reknast som normativ (måla opp i mot normalen). Forma, som via talverdiar, utgjer kategoriske tilnærmingar gjer tydelege peik i kor ungdommen skal plasserast, og kan reknast som preskriptiv (prognose og anbefaling). I form/medium-relasjonane kan ein sjå at ladinga av verdiar former eit motiv ved å tillegga beskrivingar ei prognose:



Figur 12.

Eit mogleg måte å sjå dette på dette kan ein hente frå Luhmann si bok «Organization and decision» i kapittelet «Uncertainty Absorption» (Luhmann, 2018), og dermed sjå dette i samanheng med avgjerder. Eg ser då at YLS/CMI bidrar med informasjon om framtida, som er meint for eit grunnlag å ta ei avgjerd på. I Luhmann sin formanalyse av risikokommunikasjon spurde han korleis samfunnet iakttakar og beskriv dei operasjonar som over tid skapar noko irreversibelt (Luhmann, 1997). Og at blant fleire svar, hevder han at det er ved hjelp av skiljen mellom risiko og fare (Luhmann, 1997, s. 198). YLS/CMI tar stilling til framtidig utvikling, og skal her reknast som systemet si referanse til det irreversible.

Når utviklinga er usikker, ber det preg av ein viss grad av manglande kunnskap om ho. Når ei avgjerd skal takast mellom ulike alternativ, treng ein informasjon (Luhmann, 2018, s. 147). Luhmann såg ikkje avgjerdstaking som eit resultat av eit rasjonelt resonnement, men som eit resultat av ei vilje til å ta ein avgjerd, på grunn av manglande informasjon (Luhmann, 2018, s. 150). Utan usikkerheit er det ikkje grunn til å ta ein avgjerd, då er framtida opplagt. Usikkerheita knyt til den manglande informasjonen, oppstår når kunnskap og uvitskap oppstår samtidig (Luhmann, 2018, s. 148). YLS/CMI er eit godt døme på dette, då det skapar ei blanding av kunnskap og uvitskap, ved at det stadfestar usikkerheita ved kunnskapen. Kunnskapen er

usikker fordi framtida er usikker, og framtida er usikker fordi kunnskapen om ho er usikker. Viljen til kunnskap om framtida kan ikkje tilfredstillast av meir kunnskap – berre ved å ta ei avgjerd (Luhmann, 2018, s. 149). Men ei avgjerd om framtida kan eigentleg ikkje tas som endeleg (ho kan altid endrast fram til det vert handla), eller tas på eit fullt ut rasjonelt grunnlag. Avgjerda fungerer derfor som ein absorpsjon av den resterande usikkerheita knytt til framtida (Luhmann, 2018, s. 147).

Sidan avgjerder alltid kan endrast, tas avgjerder eigentleg berre i sanntid, altså idet det handlast. Avgjerder kan då berre fungera ved å absorbera usikkerheita knytt til framtida, og kondensera forventningar til kva ein organisasjon gjer vidare. Avgjerda utløyser likevel alltid ny usikkerheit, fordi det åpnar for andre moglege framtider (Luhmann, 2018). Avgjerder skapar derfor berre kommunikative koplingsmogleheter frå den førre til den neste avgjerda. Dette skjer ved ei stadig destabilisering av systemet, ved utløysing av nye usikkerheter til forventningar som i førre operasjon, der usikkerheita vart kondensert. Forventningane kan kondenserast og usikkerheita vert absorberast for berre ein kort stund. Og berre ved å ta ei avgjerd kan ein prognose produserast (Luhmann, 2018, s. 148).

Om svaret på Luhmann sitt spørsmål om det «irreversible» er forma risiko/fare, vil YLS/CMI kunne reknast som ein heilt sentral operasjon i samanheng med nemndsavgjerda i neste operasjon: å absorbera usikkerheit ved å skapa prognose gjennom ei avgjerd som tas ved å beskriva kor usikkert det «faktisk» er. Soleis kan YLS/CMI gå frå beskrivingar til oppfordringar om behandling.

#### 4.3.3.4. Dei ulike formene

Til no har eg sett på korleis det vert produsert former i YLS/CMI som er lada med verdisatte forventningar til utvikling og kan derfor framstillast i form av ei prognose. Mediet er etter dette synet normar som vert kondisjonert ved ei digitalisering (avvik eller normal vert 1 eller 0) og formene vert sett som ei absorbert usikkerheit knytta til utvikling og er derfor preskriptive i si verknad; dei gjev forventningar med ulik grad av sikkerheit, kalla risiko.

YLS/CMI er eit ledd mellom barneverntenasta si avgjerd om bægjering om plassering og nemnda si avgjerd om plassering. Eg skal her sjå litt nærmare på korleis formene kan skapast i

dekodinga av tala, og samankoplinga av dei. Dette for å sjå på korleis ungdom med åtferdsproblem vert iakttatt gjennom desse operasjonane.

Beskrivingane knytt til kategoriane ungdommane «havnar» i, er standardiserte, altså førehandsbestemte. Ungdom får meir utfyllande beskrivingar i kvart enkelt høve, men eg tar utgangspunkt i dei standardiserte formene; lågt, moderat, høgt og svært høgt risikonivå. Poenget er at forma ikkje er eit resultat av ungdomen si åtferd, men at beskrivinga av ungdommen er eit resultat av YLS/CMI sine fastlagte, kategoriske tilnærmingar. Dette kan sjåast som løysingar som ligg klar i organisasjonen, og dermed løysingar som søker dei problema som best passer dei (Andersen, 2019, s.85). Då vert det passande å ta utgangspunkt i korleis Luhmann nyttar attribueringssteori til å beskriva personar som ei form (Andersen N. Å., 2019, s. 97). Ut frå Luhmann sine analysar, beskriv Andersen Luhmann si forståing av personar som ein kollasj av tilskrivne forventningar (Andersen N. Å., 2019, s. 97). Luhmann beskriv medier som seleksjonsmekanismar som skjer i kvar av operasjonane. Kommunikasjon vert ikkje overføring av informasjon. Kommunikasjon skjer i staden for i ei utvelging frå ein horisont av koplingsmogleheter til dei førre operasjonane (Andersen N. Å., 2019, s. 98). YLS/CMI vert sett som eit kommunikativt medium, noko som får konsekvensar for denne analysen; YLS/CMI sannsynleggjer usannsynleg kommunikasjon (Andersen N. Å., 2019, ss. 98, 116), i denne samanhengen vert risiko-kommunikasjon synsynleggjort, noko som skapar ein horisont av mogleheter; eit aktuelt potensiale.

Dette passar godt overens med slik YLS/CMI heilt tydeleg selekterer ut visse typar forhold for at dei skal passa inn i dei tilgjengelege kategoriane, som er skapa i tidlegare operasjonar. Formene er då horisonten av moglege koplingsmogleheter i kommunikasjonen om ungdommen. Eg meiner ordet «støypeform» kan passa for å beskriva kategoriane, fordi dei står klare til å bli fylla «stoff» som kan størkna, og gi mogleheter for vidare kommunikasjon. Eventuelt kan ein sjå for seg ei pepperkakeform, som skjer vekk delane av deigen som ikkje skal med. Mogleheitene for å knyta kommunikasjonen til dei førehandsbestemte formene kan samanliknast med å ha nok deig til å fylle pepperkakeformen. Kategoriane kan reknast som systemet sitt minne, fordi desse er faste former som ikkje vert endra. Formene selekter ut noko som skal ivaretakast, mens noko skjærast vekk og vert gløymd (Andersen N. Å., 2019, s. 110). Eit viktig poeng i samanheng med mogleheter for kommunikasjonen, er at

kommunikasjon ikkje kan knytast til element som *ikkje* vert skapa. Dei standardiserte formene synleggjer derfor tilkoplingsmoglegheitene i systemet. I og med at systemet er ein effekt av iakttakingsoperaasjonane som konkret skjer her (Andersen N. Å., 2019, s. 99), kan ein seia at det skjer ein rekursjon – risiko vurdert på bakgrunn av risikofaktorar – som distingverer systemet frå andre. Forma som vert att er «pepperkakemannen»; nemleg ungdom i risiko.

#### 4.3.3.5. Strukturelle koplingsmogleheter

YLS/CMI kan reknast som form *og* som eit medium. Som form har YLS/CMI faste strukturar og er dermed førande for ei bestemt form for iakttaking. Som medium er YLS/CMI ei moglegheit for å skapa fleire typar former (Andersen N. Å., 2019, s. 102), og har då eit potensiale til verdiskaping av ulike graderingar til ein aktuell risiko.

Eg presenterer her operasjonane som dekodar tale tilbake til omgrep ([sjå figur 10](#)), og ser på dekodinga som ein prosess som knyter lause koplingar (tal) til faste koplingar (omgrep). Strukturen er, som potensielle tilkoplingsmoglehitar, føresetnad for aktualiseringsmoglehiteitene.

Den faste strukturen, som tillèt mediet formskaping på denne måten, kjem i form av ei tabell kor tala kan settast inn og summerast til kategoriar. I seg sjølv gjev tala rom for eit stort uttal av kombinasjonar. Kategoriar blir eit steg i prosessen som endeleg skapar fire faste former (lågt, moderat, høgt og svært høgt). Seinare skal eg visa at formene ikkje vert iaktatt som eintydige av nemnda, og korleis kategoriane opnar for at forventningar kan knytast til ein meir nyansert problematikk enn risiko for kriminalitet.

Ved å konstituera kategoriar med omgrep ut frå tal, vert det mogleg å strukturera verdiane på særlege måtar, fordi omgrep ber med seg meinинг utover tala. På ein måte gjev 1 og 0 fleksible tilkoblingsmogleheter, fordi ein då kan oppsummera eit koplekst bilet ved å summa tala. Summen kan representara *ein* akse og referera til ei mogleg utvikling i form av gjentakande hendingar fram i tid. Kategoriane kan representera *ein ny* akse og aktualisera problem i notid. Problem i notid gjev samstundes eit potensiale for ny form som peikar fram i tid. Prosessen synleggjer ei redusering og konkretisering av potenisale, som vert aktualisert i formene som vert skapa. Kategoriane er steget mellom tal og formene lågt, moderat, høgt, og svært høgt.

Prosessen er: ein og null som vert ei samla summar; samla sum vert fleire omgrep; ulike omgrep vert samla i enkelte omgrep. I tabellen under vert 42 markeringar konsert til 8 kategoriar. Tabellen dekodar tal til tekst, med instruksjonar til korleis han skal nyttast. Nedanfor kan instruksjonane sjåast saman med tabellen:

Summér det totale antall ledd markert med en «X» innenfor hver delskala og markér risikonivået for hver av dem. Summér deretter antall Xer[.] Bruk den kombinerte totalskåren for å beregne det Totale Risikonivået nederst på siden. Avkrysninger i rubrikkene for merket «S» indikerer en styrke. Tabellen nedenfor [Sjå tabell 1] kan brukes til oppsummeringen. (Hoge, Andrews, & Lescheid, 1996)

Skåre	Tidligere og nåværende lovbrudd	Familie	Utdanning	Venner	Misbruk av rusmidler	Fritid/Rekreasjon	Personlighet/Atferd	Holdninger/Orientering
Lav								
Moderat								
Høy								
Styrke								

Tabell 1. (Hoge, Andrews, & Lescheid, 1996)

Dei ulike kategoriene visar til ulik verdi på kjenneteikna, ved å ha ulik mengde spørsmål/markeringar/tal knytt til seg. Omgrepa gjev rom for spesifiserte typar forventningar til ungdommen, i kombinasjon med verdi. Til dømes kan kolonnen «Tidligere og nåværende lovbrudd» gi totalt 5 poeng. Utdanning/arbeid kan gje totalt 7 poeng (sjå YLS/CMI). Kjenneteikna får to aksar; verdi og type, og representerer to tider: framtid (risikonivå) og notid (kategori). Som eg skal peika på seinare, gjev dette rom for vekslande tilkoplingsmoglegheiter i nemndsvavgjerdene; mellom framtid (risikonivå) og notid (kategori).

#### 4.3.3.6. Formene som prognose

Verdi vert her sett som potensiale (Andersen N. Å., 2019, s. 108). Verdien som YLS/CMI produserer er ei aktuell notid, iakttatt som ei potensiell framtid. Samtidig peikar ei potensiell framtid på ei aktuell notid, som fordrar behandling. Dette skapar ei merkverdig iakttaking av ungdom, i form av prognosane som vert skapa. På Bufdir sine heimesider står det:

YLS er bare hensiktsmessig å bruke for ungdommer som allerede har utviklet rus- og/eller atferdsvansker. Instrumentet brukes for å si noe om sannsynligheten for varige atferdsvansker inn i voksen alder, og for å skille mellom lav og høy risiko eller sannsynlighet for slik utvikling. Det kan også brukes som grunnlag for utvikling av behandlingsplaner og senere evalueringer ved at risikoområder omdefineres til behandlingsmål. (Bufdir, 2022b)

På same side står det:

YLS/CMI er ikke et verktøy for å kartlegge om ungdommen har atferdsvansker. Skår på YLS sier ikke noe om alvorligetsgraden ved atferdsuttrykket. En ungdom med lav skår på YLS kan eksempelvis vise like alvorlig atferd som en ungdom med høy skår. (Bufdir, 2022b)

I sitata over vert det peika på eit skilje mellom notid og framtid. På ei side er YLS/CMI eit kartleggingsverktøy som seier noko om notid, og på ei anna side seier YLS/CMI noko om framtid. Det vert òg skilt mellom «alvoret ved atferdsuttrykket» og «sannsynligheten for varige atferdsvansker inn i voksen alder». YLS/CMI som preskriptiv verknad «brukes som grunnlag for utvikling av behandlingsplaner». Behandlingsplanar skjer i notid. Risiko peikar på framtid. Med andre ord vert potensiell framtid gjort til aktuell notid. Deretter kan ein ungdom bli tillagt «atferdsvansker inn i voksen alder». Dermed er det ikkje nødvendigvis snakk om behandling av problemet no. Altså vert den framtidige åtferda aktuell for behandling no, fordi ungdom vert iaktatt i framtdsform. Det som er aktuelt no vert behovsbestemmande for behandling, ved at det er snakk om ei behandling av risikofaktorar. Desse kan målast i framtda, som igjen kan aktualisera ny framtid ein gong i framtda, ved «senere evalueringer ved at risikoområder omdefineres til behandlingsmål».

Den stadige forutiakttakinga gjer at framtid vert iakttatt som notid, og samstundes ikkje. Det er kanskje ikkje så rart at dette leier til misforståingar om korleis YLS/CMI-skår står i samanheng med åtferdsuttrykk (Blokkum, 2021, s. 42). Idet det potensielle vert aktuelt og det aktuelle vert potensielt vert det kommuniserast ein samanheng, samtidig som det vert kommunisert at det ikkje er nokon samanheng. Det er eit paradoks som kan utfoldast i tid,

ved at ei veksling mellom kva side av ei form som vert markert (Luhmann, 2018, s. 101); ein påstand må først aksepterast før den kan avvisast, og når den kan avvisast må den aksepterast (Bateson & Ruesch, 1968, s. 196). Eit klassisk eksempel er setninga: «denne setninga er løgn». Om ein aksepterer setninga som løgn, vert ho sann. Men då vert setninga også usann, for ho vil ikkje lenger vera ei løgn. Eit paradoks vert mogleg fordi det er umogleg (Baraldi, Corsi, & Esposito, 2021, s. 167). Fordi påstanden ikkje kan vera både òg, må dei først vera det eine, og så det andre. I YLS/CMI vert notid og framtid slått saman til éi notid, ved at dei skiljast som ulike. Framtida kan iakttakast som framtid fordi ho ikkje er no. Men fordi framtida ikkje er no, kan ho heller ikkje iakttakast. Det gjer at kommunikasjonen vekslar mellom notid og framtid, som medfører ei veksling mellom premiss og slutning. Åtferda i framtid iakttakast ikkje som det same som åtferda i notid, men dei foreinast i vurderinga og planlegginga i notid, for å skilja dei på nytt. Systemet sitt forsøk på å blanda saman årsak og verknad – ved at notid gjev framtid og framtid gjev notid – skapar ei veksling mellom å markera alvoret i problemet no og alvoret i problemet i framtida.

Communication is necessarily an operation of oscillation between the marked and the unmarked state, namely because its events are improbable, because observers may or may not comply with it, and because states being indicated may or may not remain to be seen to differ in value. (Baecker, 2018, s. 23)

Ei slik veksling av å markera framtid og notid fordrar ei reproduksjon av kommunikasjonen, der system stadig må skilja mellom dei for å foreina dei (Luhmann, 2013, s. 52). Det vert gjort ved å behandla framtida no. Eg drøftar dette vidare idet eg ser på korleis nemnda koplar kommunikasjon til desse operasjonane, der eg ser YLS/CMI som eit beslutningspremiss.

#### 4.3.3.7. Oppsummering – form/medie-analyse

I denne delen av analysen har eg sett nærmere på moglegheitene i kommunikasjonen, ved å sjå på operasjonane som YLS/CMI gjer. Eg har eg sett korleis elementa vert skapa og korleis dei vert kopla til form. Dei strukturelle tilkoplingsmoglegheitene i YLS/CMI synleggjer dette, og dermed korleis ungdommen vert iakttatt. Kva ungdom er iakttatt som er underordna, fordi det er ei førstordensiakttaking; fokus har derfor vore på formskapinga, altså korleis det vert

iakttakatt. Ei andreordensiakttaking har synleggjort operasjonane, og soleis svara på korleis operasjonane, som iakttakande, skjer kommunikativt. YLS/CMI vert iakttatt i første orden som eit kartlegginsverktøy, instrument, målgruppevurdering, og ei klinisk vurdering. I andre orden har eg iakttatt YLS/CMI som skaping av element, moglegheitane for å synleggjere ungdom på visse måtar. YLS/CMI verkar til å sjå risiko gjennom risiko, ved å aktualisera potensielle farar. Funksjonelt sett verkar dette til å absorbera usikkerheit og kondenserer forventningar til ungdom. Dette vert gjort ved at ungdommen si framtid vert redusert til ein verdi, og kan dermed nyttast som koplingsmogleheter for kommunikasjon om ei avgjerd.

I neste del ser eg nærmere på korleis risikokommunikasjon gjer seg gjeldande i nemndavgjerdene ved å knyta seg til prognosar i YLS/CMI. Kommunikasjon i nemnda kan visa korleis risiko vert markert, og kvar han vert tilskrive. Drøftinga vil peika på korleis ungdom som vert begjært plassering vert iakttatt, kva funksjon YLS/CMI har i samanheng med det, og moglegheitvilkår i kommunikasjonen. Som nemnt i teoridelen, er det mottakar som kontrollerer betydninga av det som vert ytra. Mottakar selekterer ut frå eit sett med mogleheteier. Det er derfor av interesse å sjå på korleis nemnda reproduser risikokommunikasjonen i vidare kommunikasjon om ungdommen.

#### 4.4. Drøfting – nemndavgjerdar

Datamaterialet eg nyttar for å sjå nærmere på nemndavgjerdar er henta frå lovdata.no. Ved ei gjennomgang av nemndavgjerdar tatt på grunnlag av ei oppmoding frå barneverntenesta ved sokalla åtferdspllasseringar, valte eg ut nemndavgjerdene der eg fann at YLS/CMI (eller betegna som målgruppekartlegging frå NABE) er framstilt i dokumenta.<sup>4</sup>

##### 4.4.1. Om avgjerdene

Alle avgjerdene enda opp med ei plassering med tilbakeholding på institusjon utan samtykke i opptil 12 månadar, heimla i bvl. § 4-24, andre ledd, med unntak av éi avgjerd som resulterte i ei avgjerd heimla i bvl. § 4-12 første ledd, bokstav a.<sup>5</sup> Samtlege av plasseringane heimla i bvl. § 4-24 gav anledning til å krevja at ungdommen skulle avgje urinprøver for rusmiddelkontroll,


<sup>4</sup> Nemndavgjerdar eg har nytta: FNV-2020-195-FTE, FNV-2020-231-FTF, FNV-2021-60-FOH, FNV-2021-6-FRO, FNV-2021-12-FHS, FNV-2021-15-FTF, FNV-2021-56-FRO, FNV-2021-76-FAG, FNV-2021-79-FNO, FNV-2021-119-FAG, FNV-2021-123-FHS, FNV-2021-159-FRO, FNV-2021-168-FTE, FNV-2021-193-FRO, FNV-2021-215-FRO, FNV-2021-218-FRO, FNV-2021-219-FRO

<sup>5</sup> FNV-2021-169-FTF

heimla i bvl. § 5-9, forutan avgjerd FNV-2021-159-FRO. Ei andel av avgjerdene var òg heimla i bvl. § 4-25 andre ledd.<sup>6</sup>

#### 4.4.2. Siste ledd i ei rekke operasjonar

Å sjå på nemndavgjerdene i denne analysen er å sjå på det siste ledet av operasjonar i rekke eg har valt ut. Kvar nemndavgjerd er ein ny kommunikativ operasjon med kopling til operasjonar i YLS/CMI. Eg framstiller dei ved å trekka fram nokre døme som illustrerer måtar kommunikasjonen i Nemnda gjer desse tilkoplingane, og dermed formskapingsmoglegheitane som YLS/CMI har. Ved å sjå avgjerdene i lys av form/medium-skiljet, vil eg sjå korleis risikoformene vert nytta som medium for nemndavgjelder, og dermed korleis verdiane skapa i YLS/CMI går frå å vera ei aktuell risikoform, til element i nemndsvurderingane som medium, og dermed vert eit potensiale for ny form. Form/medium-relasjonen mellom YLS/CMI og nemndavgjerdene kan illustrerast slik:



Figur 13.

#### 4.4.3. Slutningar som form basert på YLS/CMI som element; premiss for avgjerd

Slutningane i nemnda vert sett som form, til dømes slik: «A, født xx.xx.04, kan plasseres og tilbakeholdes i opptil 12 nye måneder ved Y, Avdeling B, jf. § 4-24 annet ledd, jf. Første ledd» (FNV-2021-6-FRO, s. 23). Det er verd å merka seg at avgjerdene i utgangspunktet ikkje skal vera eit resultat av YLS/CMI-vurderingane i seg sjølv, men eit resultat av korleis problema vert beskrive som meir eller mindre alvorlege av nemnda. Derfor ser eg på korleis nemnda nyttar YLS/CMI i samanheng med nemnda si eiga definering av problemet. Som eg har vist, gjev YLS/CMI prognosar med oppfordring til eigna tiltak. YLS/CMI blir soleis eit element i vurderingane, og vert her drøfta som premiss for avgjelder. YLS/CMI som premiss vert ein reduksjon av sakskomplekset og ein absorpsjon av usikkerheita knytt til avgjerala nemnda skal

<sup>6</sup> FNV-2021-56-FRO, FNV-2021-119-FAG, FNV-2021-159-FRO, FNV-2021-215-FRO, FNV-2021-218-FRO

ta. Å iaktta YLS/CMI som eit premiss, leier meg til drøfting av neemndavgjerdene som prosess i samanheng med premisset (Luhmann, 2018). Premissa for avgjerder styrer ikkje nemnda si avgjerd, men fungerar som nemnda sitt referansepunkt i kommunikasjonen (Luhmann, 2018, ss. 181-203). Eg ser nærmare på korleis nemnda vekslar mellom å iaktta premissa, og premissa for premissa.

#### 4.4.4. Kommunikasjon i nemnda vert kopla til YLS/CMI

Eg såg i analysen av YLS/CMI at formene som skal produserast i vurderinga er verdiane lågt, moderat, høgt og svært høgt. Desse kategoriane er ikkje alltid nemnt eksplisitt i avgjerdene. NABE sine vurderingar er i nokre tilfelle sitert i heile avsnitt,<sup>7</sup> og i nokre avgjerder, med referanse til kategoriane i YLS/CMI-tabellen, som til dømes «Misbruk av rusmidler» og «Holdninger/orientering».<sup>8</sup> I andre avgjerder er vurderinga synleggjort ved nokre få setningar, og då i hovudsak til risikonivå.<sup>9</sup>

Ei avgjerd utevar at «[k]artleggingen [...] viste at det foreligger stor risiko knyttet til lediggang på fritiden og rusinntak» (FNV-2021-56-FRO, s.10). Eit anna døme viser at risikofaktorane er omsett meir eller mindre direkte til behandlingsbehov; «[k]artlegging med YLS/CMI indikerer relativt høyt behandlingsbehov på de fleste av risikoområdene» (FNV-2021-76-FAG, s. 5).

Ei anna vurdering frå NABE hevdar nemnda at gjev grunnlag for at problemet ikkje skal defineraast som eit åtferdsproblem, og nemndas avgjerd vert ei plassering heimla i bvl. § 4-12.<sup>10</sup> Dette impliserer at nemnda iakttar YLS/CMI som ei vurdering av om det finst åtferdsproblem no (elles kunne det ikkje vert iakttatt som motstridande). Dette er interessant i samanheng med moglegheitene for formskaping frå YLS/CMI. YLS/CMI skal i utgangspunktet ikkje bidra til å bestemma alvoret i problematikken. Men om det ikkje bidrar til det, er det grunn til å spørja kva funksjonen til YLS/CMI får. Eg drøftar dette lenger nede i oppgåva. Eg merkar meg òg at det i tillegg til lågt, moderat, høgt, svært høgt, er snakk om ei anna form;

<sup>7</sup>FNV-2020-231-FTF, FNV-2021-15-FTF, FNV-2021-79-FNO, FNV-2021-119-FAG, FNV-2021-123-FHS, FNV-2021-159-FRO, FNV-2021-215-FRO, FNV-2021-218-FRO, FNV-2021-219-FRO

<sup>8</sup>FNV-2021-6-FRO

<sup>9</sup>FNV-2021-60-FOH, FNV-2021-123-FHS

<sup>10</sup>FNV-2021-169-FTF

«rusplassering»,<sup>11</sup> eller omtalt som «målgruppe rusproblem»,<sup>12</sup> som eg ikkje ser i YLS/CMI, kun i nemnds-avgjerdene. Som allereie vist, er «YLS/CMI [et] kvantitativt screening instrument om kjennetegn ved unge lovbytere» (Hoge, Andrews, & Lescheid, 1996). Eg fann at risiko for framtidige lovbroter ofte ikkje vert nemnt eksplisitt i vurderingane, forutan risiko for bruk av rusmidlar. Nestan samtlege avgjerder gjev anledning til rusmiddeltesting som eit eigna tiltak. Det er òg døme på referansar til risiko for åtferdsproblem<sup>13</sup> eller åtferds-vanskår.<sup>14</sup>

I fleire avgjerder vert det referert til dei ulike kategoriane i skåringstabellen i YLS/CMI, som då refererer til kategoriane internt i YLS/CMI-vurderingane. Dette viser at formene nemnda koplar seg til ikkje berre er lågt, moderat, høgt, og svært høgt, men òg tabellen i YLS/CMI, gjennom ei beskriving frå NABE. Dette synleggjer ein skilnad i referansane til notidige og framtidige problem. YLS/CMI vert ikkje berre eit premiss, YLS/CMI sitt premiss (kategoriane og beskrivingane) vert dessutan nytta som nemnda sitt premiss. Eit døme på dette kan ein sjå i avgjerd FNV-2020-231-FTF:

NABE har i sin målgruppevurdering datert 16. desember 2020 konkludert slik: Kartlegging med YLS/CMI gir en totalskår i moderat risikoområde og innebærer moderat sannsynlighet for varige åtferdsproblemer. At åtferdsvanskår det siste året fremgår i hovedsak å omhandle tilhørighet i negative ungdomsmiljøer og en uavklart rusproblematikk. I tillegg langvarig svak skolefungering som tidligere inkluderte negativ åtferd, men nå er mest relatert til høyt fravær og manglende deltagelse. (...). På nåværende tidspunkt fremstår hennes sosiale tilhørighet og uavklarte rusproblematikk som den mest alvorlige åtferdsproblematikken. Dette er relevant ved vurdering av målgruppetilhørighet. (FNV-2020-231-FTF, s. 8)

Her kan ein sjå korleis nemnda opererer ut frå dei ulike elementa produsert i YLS/CMI; negative ungdomsmiljø, uavklart rusproblematikk, svak skolefungering, negativ åtferd, høgt fravær og manglende deltaking. NABE har vurdert sosial tilhørighet og uavklart

---

<sup>11</sup> FNV-2020-195-FTE

<sup>12</sup> FNV-2021-193-FRO, FNV-2021-218-FRO

<sup>13</sup> FNV-2021-123-FHS, FNV-2021-215-FRO, FNV-2021-219-FRO

<sup>14</sup> FNV-2021-119-FAG

rusproblematikk, og reknar desse som «den mest alvorlege atferdsproblematikken». Åtferdsproblematikk er her ei skiljeoperasjon som refererer til rus, som dei hevdar å ikkje vita nok om («uavklart»), og kva type vene ungdommen har (dei er «negative»). Det vert ikkje beskrive kva ungdommen konkret gjer, og vert omtalt som «tilhørighet i negative ungdomsmiljø», «uavklart rusproblematikk», «svak skolefungering» som inkluderer «negativ atferd». Den konkrete faren er ikkje opplagt, berre at det er noko som er negativt, svakt og uavklart. Dette synleggjer korleis ungdommen vert iakttatt gjennom eit verdisyn i beskrivinga av notid, gjennom YLS/CMI. Moderat risiko for åtferdsproblem er den produserte verdien. Kva åtferd det vert referert til, framstår i form av binære verdiar; markeringar av tilstandsbletet ne. Ein vekslande referanse til risikonivå og notid vert synleg. Risikonivå representerer ei framtid, omgrep representerer notid. Notid kjem til uttrykk som binære iakttakingar, ved å nytta omgrep/motomgrep gjort i skiljeoperasjonane i YLS; positiv/negativ, risiko/riskoreduksjon, svakheiter/styrker, høgt/lågt. Nemnda trekkjer fram anbefalinga frå NABE i same vurdering som over:

For å redusere risiko for videre skjevutvikling hos A bør tiltak som retter seg mot familie, skole og venner prioriteres. Dette innebærer at det bør jobbes for at A tar bedre valg med tanke på hvem hun omgås. Samtidig må det tas hensyn til at hun opplever tilhørighet og emosjonell støtte fra vennene sine, og reduksjon av kontakt med dem kan gi tilsvarende reduksjon på disse områdene. Det vil derfor være av stor betydning at det etableres andre arenaer hvor hun ivaretas sosialt og emosjonelt. [...] A har flere beskyttelsesfaktorer som vil bidra positivt inn i arbeidet med risikoreduksjon. Blant annet at hun har grunnleggende gode faglige og sosiale ferdigheter (...).

(FNV-2020-231-FTF, s. 8)


Dei strukturelle tilkoblingsmoglegheitene, som eg identifiserte i YLS/CMI-analysen, er framleis operative når YLS/CMI-vurderingane er nytta i nemndavgjerdene, ved å refera til kategoriane i tabellen til YLS/CMI. Noko som synleggjer YLS/CMI som eit medium nemnda iakttar gjennom, ikkje berre for å sjå risiko, men òg problem. Å referera til tabellen er ikkje å referera til gradar av risiko, fordi sannsyn må innebera usikkerheit; altså det som ikkje er markert. Ved å kopla til dei enkelte kategoriane verkar eit aspekt, her rusaspektet, å verta iakttatt som definerande.

Å indikera dette i ein ny operasjon er ei stadfesting av ei markering; reproduksjon av enkelte element i YLS/CMI. Det kjem til syne ei veksling mellom å markera *grunnlaget* for den aktuelle risikovurdering (potensielle farar), og den aktuelle risiko. Med andre ord; å nytta YLS/CMI som medium og form. Dette er òg ein skilnad mellom å referera til notid og framtid; det aktuelle problemet no, og det potensielle problemet i framtida.

#### 4.4.5. Strukturelle koplinger i YLS/CMI som operasjonelle moglegheiter i Nemnda

Risiko og utvikling er som allereie sagt å rekna som systemet si moglegheitshorisont og dermed systemet sin referanse til framtidige hendingar. Eg peikar på at det her er å rekna som ei referanse til systemet sine eigne skiljeoperasjonar i sanntid. Fylgjeleg vil det vera avgjerande korleis saka vert definert i sanntid, for korleis system iakttar framtida. YLS/CMI definerer saka og framstiller ho i notid, og seier noko om framtida ved å referera til tal og verdiar (lågt til høgt). Tala er ei akkumulering av problema. Risiko vert då verdien av problema knytt saman til ei mengde. Risiko vert ordet som refererer til verdien av problemet i notid, fordi det førespeglar ei bestemt framtid. Problem – kalkulert i risiko – representerer typar framtid (Luhmann, 1997, s. 189).

YLS/CMI kalkulerer ein risiko, og risikobiletet skil ut framtida slik ho ser ut i notid. Det at tida framtrer ulikt i ulike notider, i og med ei stadig utvikling, gjer det umulig å finna objektive kriterier for risikobedømminger og risikoverktøy (Luhmann, 1997, s. 189). Ein kan rekna på kriteriane nok til å skapa konsensus, men ein veit samtidig at dei kan være forelda i morgen. Ein skil mellom framtidige notider og notidige framtider (Luhmann, 1997, s. 189). Dette kjem til syne i nemnda sine koplinger til YLS/CMI vurderingar: YLS/CMI refererer til ei framtid basert på notid, og nemnda baserer notida på ei førespeglad framtid. Vidare vil eg drøfta korleis YLS/CMI skapar ei notidig framtid, fordi det er slik nemnda kan kommunisera ei framtidig notid. Sett som form/medium-relasjonar, er notid eit medium for å iaktta framtid som ei form. I neste operasjon er framtid eit medium for å iaktta notid som form. Som ein sirkulær form/medium-relasjon kan det illustrerast slik:



Figur 14.

#### 4.4.6. Notid som tal vert kopla til framtid som form

Eg såg i analysen av YLS/CMI, at YLS/CMI er eit medium bestående av laustkopla tal, som vert kopla saman til form, og gjer det mogleg å iaktta framtida. Eit tal kan generalisera, slik at  $1 = 1$ . Det å skulka skulen og det å rana nokon kan iakttakast av systemet som av lik verdi, ikkje i notid, men som ei notidig framtid. Skulk gjev skåren 1, og ran gjev skåren 1. Skåren gjev altså sannsynseining for kriminalitet, og dermed spelar det ikkje nokon rolle for den notidige framtid om det skulle vera skulk eller ran, fordi sannsynet er det same; begge gjev sannsyn  $1/42$ .

Kategoriane har derimot ulike tallverdiar knytt til seg. I tillegg til at kategoriane viser til ulike «områder» (og er soleis ulike), trengs det til dømes eit høgare tall for å skåra «høgt» innan kategorien «Personlighet/atferd» (5-7 poeng) til skilnad frå ein høg skår i kategorien «Fritid/Rekreasjon» (2-3 poeng). Ein høg skår i «Fritid/rekreasjon» refererer til færre markeringar enn ein høg skår gjer i «Personlighet/atferd». Kvar enkelt kategori får same ordlyd kvar for seg. Er han høg, så er han høg, uansett om dette betyr 3, 5 eller 7 poeng. Men kvart enkelt skilje (av dei 42 spørsmåla) bidrar like mykje til totalskåren. Markeringa «Tre eller flere tidligere dommer» gjev dermed same skår som «Skulk»; 1 poeng. Sannsyn for framtidig lovbrot og alvorlegheitsgrad i normbrot i notid samsvarer ikkje; eller er det nettopp dét dei gjer, ved at dei vert likestilt som verdiar? Det kjem heilt an på kva nemnda selekterer som gjeldande premiss.

Å referera til tilstandar i notid og sannsynet for ei bestemt framtid er to ulike operasjonar. Nemnda vekslar mellom kva dei refererer til og å gjera både òg. Framtid og notid, delar og heilheit, teljar og nemnar i ein brøk vert skilt ut og slått saman, vekselvis. Elementa og form i YLS/CMI vert iakttatt som eit skilje mellom notid og framtid, og vert slått saman i neste


operasjon. Det vert referert til totalrisiko og enkelte problemområde, om kvarandre. Dette gjev kommunikative moglegheiter til å definera notid med referanse til framtid, og framtid med referanse til notid. Vekslinga synleggjer ei iakttaking av notid i notid, i form av ein bestemt type verdisetjing av tilstandsbletet; verdien av deira framtid, som kan reknast til notid.

Når notid vert gjort til teljar i ei framtid (risikofaktor), vil ei veksling mellom notid og framtid gje ein illusjon om at teljaren faktisk er nemnaren i brøken, at risikofaktoren er ein heilheitleg risiko. Om nullane i reknestykket forsvinn i vekslinga mellom notidig framtid og framtidig notid, vil til dømes 20/42 verta 20/20. Ei notidig framtid vert gjort om til ei framtidig notid, og i prosessen usynleggjer den førre notid. Nemnda kan fasthalda både teljar og nemnar, og idet teljar vert markert, verkar gyldigheita til nemnda si avgjerd å skåra 20/20; ho verkar sikker.

Kodinga av ungdommen sine livssituasjonar kunne tenkjast å skje på andre måtar. Ein måte, som ville tatt høgde for at skulk ikkje er det same som ran, er å koda dei til dømes A1 og B2, og så summera dei. Ved å leggja til bokstavar, ville systemet då markert dei som ulike og derfor ikkje kunne likestilla dei. Dette ville avsløra elementa sin inkommensurabilitet – at å summera dei er eit paradoks, sidan det ikkje finst noko grunnlag for samanlikning – og kommunikasjonen ville stoppa opp. Det er på sett og vis ein slik operasjon YLS/CMI-tabellen gjer, gjennom kategorisering; kategoriene kan sidestillast, men kan ikkje likestilast. Dette leier ingen stad, anna enn til ei problemdefinering i notid, kor risiko og problem ville verta lik. YLS/CMI gjer så ein operasjon som «går tilbake» til sine 42 element, og summerar dei som like element (1+1), for å iaktta framtida som ulik notida.

Om systemet iakttar notid og framtid i lik verdi, vil det synleggjera at runden innom YLS/CMI var utan verdi i samanheng med framtida, fordi det berre var ei yttelegare markering av notida (framtid er summen av notid). Systemet vert tvinga til ei veksling mellom dei to, om kommunikasjonen ikkje skal døy ut. Elles vert YLS/CMI unødvendig. Nemnda opererer ved å veksla mellom å markera elementa i YLS/CMI og formene YLS/CMI produserer. Elementa i YLS/CMI kan vert sett som teljarar i ein brøk. Formene vert sett som brøken i sin heilskap; teljar *og* nemnar. Å sjå til «Personlighet/atferd» i seg sjølv, er ikkje å referera til risiko for framtida. Det er ein referanse til korleis saka er definert i skiljeoperasjonane *før* den totale skåren, som ein referanse til notid.

Å skilja mellom notid og framtid synleggjer ein at verdiane er ulike, og dermed tilfører normspørsmålet noko anna; altså fare. Men når avgjerdar vert gjort no, viser ho at verdien av framtida berre er relevant i den grad ho kan representera verdien av notid. Operasjonen nemnda gjer ved å byggja på YLS/CMI som premiss for avgjelder, vender tilbake til normspørsmålet, sidan det er normspørsmålet som er premissset for fare. Så fort systemet vert observant på dette, vekslar det frå normspørsmålet som premiss til risiko for framtidige farar som premiss.<sup>15</sup> Deretter vekslar dei tilbake frå risiko/fare-forma til det aktuelle normspørsmålet i notid. Nemnda vekslar altså mellom kva premissset for risikovurderinga i YLS/CMI er, og det som er *meint* å vera premissset; risikonivået. Dette kjem til syne ved å sjå korleis avgjerdspremiss fungerer som ein vekslar («oscillator») for systemet (Luhmann, 2018, s. 182). YLS/CMI som ein vekslar for nemnda kan illustrerast slik:



Figur 15.

#### 4.4.7. Risikabel ungdom eller risikabel avgjerd?

Det er ikkje berre risiko for framtidige lovbrotnemnda opererer med. Heller verkar det å vera risiko for at risikofaktorane helt fram – det er i så måte ei operasjon, som markerar størrelsen problemet, i eit tal, som er talet på størrelsen på kor problematisk det at problemet kan definera i same størrelse seinare. Tala representarar størrelsen på problema, på bakgrunn av moglegheitshorisonten risiko. Risiko utgjer seg for å kunne anslå sikkerheten for at problemet kan definera i same tal i framtida, og soleis gi premiss for ei avgjerd. Ein kan sjå dette i lyset av Luhmann sin påstand om at systemet overlev ved å overvurdere seg sjølv, og

<sup>15</sup> [Sjå dømet under punkt 4.2.2.](#)

på fiksjonen om at organisasjonen kan gi tilfredstillande informasjon eller at konsensus er oppnådd ved at ein avgjerd er godkjent (Luhmann, 2018, s. 150).

Noko er sett, markert, indikert, og sortert, ikkje med referanse til framtida, slik som sannsyn kan indikere, men på bagrunn av korleis systemet iakttar i notid. Nemnda treng ikkje risiko for å vurdera alvoret i saksforholda. Risikoiakttaking verkar heller til å problematisera åtferdsproblem ytterlegare, ved at kriteriane problematiserer mindre alvorlege hendingar, når dei refererer til ei farleg framtid. YLS/CMI har ein kommunikativ funksjon som refererer til saksfoholda slik dei er no, men iakttar det sjølv som eit frampeik. Dermed har referansen til risiko ein bekreftande funksjon, ved å talfesta problema med å ta runden innom ei digitalisering av sakas «faktum». Systemet kan berre iaktta i notid, så kva funksjon har risiko for iakttakinga då?

Andersen (2019) diskuterer lærarar si iakttaking av elevar si læring gjennom algoritmar som medium, for iakttaking av læringsresultat. I forbinding med det siterer han Achem Brosziewski, som hevda: «You can calculate, but you cannot argue with a digitalized data form» (Andersen, 2019, s. 125). Andersen hevdar med det, at resultatoversikta framstår som eintydig, ikkje som fleirtydig. Det undrar meg om YLS/CMI her er å rekna som eit digitalisert, formskapande medium – som vanskeleg kan argumenterast mot – fordi forma verkar så definitiv.

YLS/CMI kan her reknast som eit program som definerer forholda til den faktiske riktigheita ved avgjerda (Luhmann, 2018, s. 181). YLS/CMI kan altså fungera som eit premiss for nemndsaavgjerder ved å talfesta normspørsmålet, og soleis redusera kompleksiteten (Luhmann, 2018, s. 150).

YLS/CMI absorberer usikkerheita ved ei stadfesting av kor usikkert situasjonen er no, slik at avgjerda kan kommuniserast som sikker. Ved at systemet iakttar avgjerda no som ganske sikkert usikker, kan avgjerda ganske sikkert skiljast frå vilkårleg. Å iaktta det vilkårlege, og vurderingar som synsing, tru og antakingar, vert systemet si omverd, og tilhøyrer no ikkje avgjerda i systemet, slik systemet iakttar det. Vilkårlege farar vert kalkulert risiko. Kunnskapen som er produsert i YLS/CMI, som i dette høvet er kunnskap om kva ein ikkje har kunnskap om – ei usikker framtid – gjev eit premiss som ei form, iakttatt som evidens. Evidensen kan visa til

at avgjerda er eigna. Om avgjerda ein gong i framtida kan framstå som eigna, kan vurderast i lys av om risikoen vart redusert, og ein kan då spørje seg om risikoen var risikabel, og om problemet faktisk var problematisk. Ein vil ikkje kunne seia sikkert om risikoen faktisk vart redusert eller om han aldri gjorde seg gjeldande. Risikoen seier framleis berre at det *kunne* skjedd. Risikoen, i det individuelle høvet, kan verken bevisast eller motbevisast, og vert naud til å stille seg sjølv som garantist for at kunnskapen var påliteleg.

Avgjerdstakaren kan gjerast synleg i kraft av risiko (Luhmann , 1997, s. 183), men han kan ikkje stillast til ansvar slik YLS/CMI opererer. Den einaste garantien avgjerdstakaren gav, var at han var sikker på at det var usikkert. Av system, er det iakttatt som eit betre premiss enn at det er usikkert at det er usikkert. Ei usikker usikkerheit ville fordra ei avgjerd, utan å kunne ta ho; ein treng informasjon for å velja mellom alternativ (Luhmann, 2018, s. 147). Organisasjonen treng noko å kommunisera sikkert nok for å samla forventningane til framtid, altså ungdommen si framtid, i denne samanhengen. Usikkerheita vert absorbert ved ei redusering av ei kompleks omverd, som systemet elles ikkje ville kunne handtera. Som ein kan sjå ut frå analysen, gjer reduseringa av faktum det mogleg for systemet å utvikla si eiga form for kompleksitet (Luhmann, 2018, s. 181). Trass i ambivalansen, og takka vera elastisiteten referansen til YLS/CMI gjev, kan avgjerala aksepterast sosialt (Luhmann, 2018, s. 220). Kommunikasjonen om risiko er då i seg sjølv risikabel (Luhmann , 1997, s. 182), men YLS/CMI kan i det minste absorbera denne usikkerheita for ei tid. Når avgjerdstakaren (nemnda) vert synleggjort her, ser ein at risikovurderinga var ei vurdering av nemnda sine avgjerder. I alt snakket om sikkerheit og risikoreduksjon er det ungdommen som vert tilskrive risikoen.

## 5. Oppsummering

### 5.1. Avgrensar barnevernet sin kommunikasjon seg til risikokommunikasjon?

Eg såg på datamateriale som samankopla operasjonar, med omsyn til å identifisera korleis operasjonar vert kopla med den neste, og synleggjorde korleis tema i ein operasjon vert emne for neste operasjon. Eg har peika på at same operasjon skjer i kvar av operasjonane, med henvisning til operasjonar som avgrensar system frå omverd, og soleis reproduserer ein lukka risikokommunikasjon.

I lovteksten såg eg det første skiljet mellom risiko og fare, der systemet avgrensa seg til risikokommunikasjon, som avgrensar systemet til å omhandla sikring av moglege farar for barn. Eg fann referansen til dette skiljet og påfylgjande operasjonar, som synleggjer barnevernet i form av risikokommunikasjon. Når barnevernet iakttar verda som farleg for barnet, gjer systemet operasjonar som dessutan skal sikra sikringa.

Risikokommunikasjonen viste seg som ei avgrensing som kan inkludera dei som vert omtala som ungdom med åtferdsvanskar. Denne avgrensinga fungerer som ei avgrensing frå strafferett, og samtidig ei moglegheit til å ta ansvar for ein bestemt type ungdommar, på grunn av ei typifisering av ungdommar. Risikokommunikasjon mogleggjer dette, noko som fordrar ein reproduksjon av risikokommunikasjon for på ny å kunne inkludera ungdommar i vidare avgjerder, ved hjelp av slike attribusjonsprosessar. Risikokommunikasjon gjer ungdom iakttakeleg gjennom det risikable. Barnevernet avgrensar seg til ei særleg form for risikokommunikasjon, og dette verkar å avgrensa barnevernet frå ein bestemt type omverd; det farlege.

## 5.2. Kva er risikokommunikasjonen sine moglegheitsvilkår innan barnevern?

Samstundes som at risikokommunikasjon synleggjer avgrensingar til å iaktta det risikable, mogleggjer òg kommunikasjonen avgjerdsprosessar som omhandlar ei usikker framtid. Risikokommunikasjon mogleggjer ei aktualisering av framtidige hendingar, ved å iaktta framtida som berekneleg, og iakttar soleis framtida til ungdommen. Ved å setja merkelappar på ungdommen si framtid, kan systemet differensiera, og soleis sortera ungdom. Då kan barnevernet iaktta eigne tiltak som eigna, ved at dei iakttar sin eigenproduserte kunnskap som kunnskap om det vilkårlege. Risikokommunikasjonen gjer moglegheit til å redusera sakskomplekset nok til å fastsetja tersklar i form av avgjerder, basert på risikopronosar. Framfor alt verkar reduseringa å gje moglegheit til å absorbera usikkerheit nok til å produserera avgjerder. Kompleksiteten som reduseringa medfører gjer moglegheit for barnevernet til å dekkja til paradokset – ved å ha kunnskap om det ein ikkje kan vita – og at framtida kan gjerast til notid, og notid kan gjerast til framtid. Ved å peika på ei kalkulering av det ukalkulerbare, sikringa av det usikre, kjem det til syne at systemet markerar notid og framtid vekselvis i forsøket på å foreina dei. Dette mogleggjer ny kommunikasjon, og sørger

for at systemet overlever. Ei forhåndsdømming av ungdom mogleggjer ei forvaltning av farar i sanntid, med andre ord ei forvaltning av systemet sine eigne skiljeoperasjonar, gjennom reproduksjon av dei. Ei stadig forutiakttaking av ungdommen sine handlingar verkar å mogleggjere – og sjølv bli mogleg – i transformeringa av farar til risiko.

### 5.3. Korleis iakttar barnevernet ungdom som vert plassert på institusjon etter barnevernlova § 4-24, og kva funksjon har kartleggingsverktøyet YLS/CMI i samanheng med det?

«Korleis»-spørsmålet i problemstillinga vert besvart ved ei analyse. Ei eventuell forventning om *kva* ungdom vert iakttatt *som*, i ein statisk forstand, kan nok ikkje imøtekommast her, då dette må reproduser i sanntid, i ei førsteordensiakttaking. Eg har vist til prosessen som synleggjer korleis kommunikasjonen utfoldar seg som hendingar, og på den måten synleggjera *korleis det vert iakttatt*. Korleis det vert iakttatt er besvart ved å sjå til iakttakaren, og til selektivitet og sjølvavgrensing i systemet. Vidare såg eg korleis ein slik selektivitet vert koordinert, og korleis håndteringa av seleksjonane skjer.

Det vert iakttatt ved ei produsering av element som tilskriv ungdommen forventningar. Forenkla sagt, kan ein sjå desse tilskrivingane som ein prosess der barnevernet aktualiserer ungdommen i lys av ei potensiell sjebne. Ved å iakta barnevernet si iakttaking av desse tilskrivingane, vert ei form for determinisk iakttakarposisjon synleggjort. YLS/CMI spelar rolla som predikator, som kan setja ein verdi på ungdommen sin framtid, i form av eit aktuelt potensiale. Prosessar som gjer ungdommen si framtid iakttakeleg, flyttar normspørsmålet fram i tid. Vel og merke som ein horisont barnevernet iakttar igjennom, i sanntid. Barnevernet iakttar ungdom som vert plassert på institusjon etter barnevernlova § 4-24, ved å gjera framtid gjeldande i notid, og YLS/CMI spelar rolla som transformator av farar til risiko, og fylgeleg framtid til verdi i notid. Iakttakinga skjer i form av ei forvaltning av normative verdiar som vert tilskriven ungdom, gjennom imaginære framtider.

### 5.4. Kva kjem til syne ved å iakta barnevernet i lys av Niklas Luhmann sin teori om sosiale system?

Ved å sjå på barnevernet som eit sosialt system, kjem barnevernet til syne som eit lukka, kommunikativt system med operative funksjonar. Dermed må spørsmålet om kva som kjem

til syne sjåast i samanheng med dei funksjonar som kommunikasjonen har. Den sentrale funksjonen eg vil peika på er transformeringa av farar til risiko. Funskjonen gjer det mogleg for barnevernet å snu risikoen, eller åtferda, mot risikoen sjølv, altså ungdommen, ved å referera til farar gjennom sikring av dei.

Ved å sjå til barnevernet si transformering av farar til risiko, og dessutan risiko til farar, kjem det til syne ei avgrensing frå strafferett, og samtidig ei inkludering av strafferett. Risikokommunikasjonen avgrensar barnevernet ved å iaktta farar for samfunnet, eller omverda, som farar for barnet, altså systemet. Risikokommunikasjonen om unge lovbytarar gjer at grensa mellom system og omverd kan kryssast, ved å referera vekselvis til omverd og system. Ungdommen er til fare for seg sjølv, fordi dei vert iakttatt som kriminelle. Det er då gjeven at dei er del av systemet fordi dei er tilskrivne omverd. Soleis føreset avgjerdene at ungdommen er kriminnelle før dei i det heile tatt vert vurdert som ein fare for seg sjølv. I notid iakttar barnevernet dette som eit normspørsmål, og i framtidshorisonten som eit til-det-best-for-barnet-spørsmål. Foreininga av notid og framtid i form av risikokommunikasjon, gjer at kommunikasjonen om avgjerdene har – og vekselvis ikkje har – eit strafferettsleg preg. Kartleggingsverktøyet YLS/CMI fungerar som ein vekslar mellom desse for barnevernet. Det vert soleis eit spørsmål om kva premiss barnevernet refererer til i sine avgjerder. Riskokommunikasjonen verkar å gjera det mogleg å heimla tiltak om tvang, knytt til kriminalitet, i barnevernlova.

## 6. Avslutning – grunnar for videre refleksjonar

I siste del vil eg presentere nokre perspektiv på funna som kan gje grunnlag for vidare refleksjon og drøfting. Dette vert gjort ved å trekka fram nokre aspekt ved risikokommunikasjon i ei førsteordensiakttaking. Avslutningvis problematiserer eg to vitskapsposisjonar i høve til kvarandre, i ei andreordensiakttaking.

### 6.1. Medverking

I masteroppgåva til Astrid Blokkum, «Risikovurderinger av barn og unge – Erfaringer med risikovurdering av barn og unge i barnevernfeltet», spør ho kvifor det ikkje vert snakka med gjeldande ungdommar ved bruk av YLS/CMI, og trekk inn barnet sin rett til medverking (jf. bvl.

§ 1-6). Eg vil trekje inn nokre moglege perspektiv på dette spørsmålet i høve til funn i denne oppgåva.

Eg har fått svar på kvifor det ikkje vert snakka med ungdommane; det vert hevda at det ikkje er nødvendig for å gjera ei risikovurdering (Bufdir, 2022c). Uansett skal barnet uansett høyrast i nemnda (bvl. jf. § 7-3, andre ledd, bokstav b). Kva vekt det kan tilleggjast er eit litt anna spørsmål, som eg skal sjå litt nærare på.

Det eg fann, var at risikokommunikasjon avgrensar seg frå ei bestemt omverd, og at omverda vert tilskrive farar. Det er soleis grunn til å sjå på om barnet si stemme – uansett ei inkludering av samtalar med barn – ville gjort seg gjeldande på nokon annan måte enn i samanheng med fare ved risikoen. Barnet sitt eget syn på saka kan i prinsippet òg bli risikovurdert og iakttatt som å vera til fare for barnet. Om barnet vert høyrd og kva som blir tillagt vekt, vert eit spørsmål om korleis mottakar *selekterer* tydinga av det, ut frå kva eventuell ytring kan bety.

Det særlege ved risikokommunikasjon, er at skilnaden mellom risiko og fare utgjer ein attribueringsprosess på eit sosialt nivå, ikkje eit sakleg nivå. Risikotakaren kan akseptera eit anna risikonivå enn den som vert utsett for fare kan. Om ein hadde spurt ungdommen sjølv, vil det kunne tenkjast at ungdommen faktisk såg *barnevernet* som farleg, ved å iaktta deira avgjerder som risikable. Det vert ikkje mogleg å finna objektive kriteriar for å vurdera risiko (Luhmann, 1997, s. 189). Når barnevernet snur risikoen mot risikokjelda sjølv, ved å sei at åtfferda deira er til fare for dei, er det opplagt at dette fordrar paternalisme, då det impliserer at ungdommen sjølv ikkje veit sitt eget beste, eller evnar å ta gode val for seg sjølv. Ein kan spør kva funksjon ungdommen sitt syn på saka ville fått i høve til risikokommunikasjon. Det kan jo nettopp vera ungdommen sitt syn som blir iakttatt som det risikable.

Eg ser grunn til å drøfte avstanden mellom NABE og ungdom. Frå barnet sitt perspektiv, sit NABE med kontroll over sanninga frå eit «øvre hold», og kan nok minna lite om ei hjelp på deira eigne premiss. I lys av risikovurderingar, ser det ikkje ut til at ungdommen har noko som helst råderett over sanninga om seg sjølv. Dette gjer seg òg gjeldande i dømet eg viste til i innleiinga, der me risikovurderer bak lukka dører. Det får eit preg av å stå over, å eiga definisjonsmakta, gjera subjekt til objekt, person til kasus, normalitet til avvik; ei rekke forhold som kan aktualiserast i samanheng med forholdet mellom makt og hjelp (Skau, 2013).

## 6.2. Risiko som måleeining

Sverre Moe drøftar omgrepene risiko i samanheng med Luhmann si forståing i ei barnevernfagleg kontekst (Moe, 2014). I likhet med Luhmann hevdar han at risiko er ei fylgje av avgjerder i notid (Moe, 2014, s. 82). Han meiner at ein upresis bruk av risiko innan barnevern kan tilsløra at det er barnevernet sine avgjerder som er risikable. Å tilskriva risikoen familiar, eller ungdommar, hevdar han er ein feil bruk av risikoomgrepet (Moe, 2014, s. 85). Om ein uklar bruk av risiko skal nyttast som ein terskel for inngrisen, bør ein på ny spør seg sjølv om kor terskelen for inngrisen skal setjast, og om korleis den skal setjast med grunning i risikonivå. Moe hevdar nemleg at informasjon og kunnskap ikkje reduserar risiko, men snarare at risikoen vil vera iakttatt som aukande (Moe, 2014, s. 85). På bakgrunn av det, er det grunn til å spørja om risikokalkylar tilbyr ei påliteleg måleeining.

Om risikogrungjeving skal nyttast som standard for kva forhold skal inkluderast i barnevernet sine avgjerder, basert på kva farar risikoen representerar for barn, vil òg avgjerdene til barnevernet kunne reknast som potensielle farar for barn og familiar. Forsking viser at å setja inn risikobaserte tiltak der det ikkje er naudsynt, kan gjera meir skade enn nytte (Bonta & Wormith, 2013, s. 27). Om risikovurderingar skal nyttast for å vurdera kva tiltak som er naudsynt, vil det heile sjå ut til å få ein sjølvforsterkande verknad. Eller kanskje meir presist, som Ulrich Beck hevdar ifylgje Moe (2014); ein sirkulær og sjølvutviklende logikk som ikkje umiddelbart lar seg fjerna med enkle løysingar (Moe, 2014, s. 85). Om meir kunnskap og informasjon fører til at ein ser meir risiko ved omsorgsforhold, slik som Moe hevdar, vil kunnskapsbasen kunne sjå ut til å vera eit hol som vert større og større jo meir ein tar.

## 6.3. Risiko som fornuftsgrunn

I tidsskrifta «Samtiden – tidsskrift for politikk, litteratur og samfunnsspørsmål» las eg ei samtale mellom Jaume Blasco og Roger Strand med overskrifta «Helt normal usikkerhet» (Strand R., 2002). Eg vil trekje fram følgande sitat frå Strand:

Risiko-kost-nytte-analyser er et ektefødt barn av [vestlig ideologi]. Men når risikoen egentlig er kamuflert usikkerhet og uvitenhet, og faktaene er heller myke, er slike strategier bare en lek utan basis i virkeligheten. (Strand R., 2002, s. 106)

Ein kan spørja seg om vilja til sikring av forhold som kan skada, somme tider kan vera ein farleg leik basert på eit ideal grunna i «risiko-kost-nytte-analyser».

Sett i lys av å sjå risiko som ei eiga form for fornuftsgrunngjeving eller premiss, peikar Tore Bakken (2007) på at sannsynsberekningar kan føra til snevert definerte premiss for rasjonalitet. Og at den som kalkulerer rasjonelt kan føla seg som «enhver annen», og kan behandla dei som tenkjer anndeis som «emosjonelt forstyrret» (Bakken, 2007, s. 382). I høve til funna i oppgåva er det jo nettopp YLS/CMI som kalkulerar risiko, og prognosane peikar nettopp på deira psykiske tilstand. Det vil då være aktuelt å sjå på følgene av å gje definisjonsmakta til eit verktøy som er kjøpt frå eit internasjonalt selskap, som ikkje produser verdiane med utgangspunkt i våre kulturelle verdiar, men ei objektiv forståing av menneske. Kva ideal ligg til grunn? Det er grunn til å spør om kost-nytte-kalkylar vil medføra ei forståing av barnet som noko universelt, som kan gjerast til eit objekt, som det skal investerast i,<sup>16</sup> og vert underlagt krav som ikkje harmonerer med barnet si eigenarta personlegdom (Vetlesen & Henriksen, 2003, ss. 41-42). Kanskje det er grunn til å vokta seg for å vektlegge fokuset på kva barnet skal bli, heller enn kva det *er*, ved at barnet vert sett som ei tilverting (Qvortrup, 2009).

#### 6.4. Kva rolle har aktøren?

Om ein skal drøfta kva plass aktøren har i ei kartleggingsprosess, vil eg spørje: Kva rolle har brukaren av YLS/CMI - psykologen, med kompetanse som ver rekna som utilstrekkeleg til å rekne på risiko utan sitt verktøy (Bufdir, 2022c), og som dermed har gjort seg avhengig av YLS/CMI? Om YLS/CMI skal bøta på psykolgens manglande kompetanse, kan ein vel då rekna YLS/CMI som ei teknologi som psykologen gjer seg bruk av. Eg vil då trekje inn same poeng som Nils Åkerstrøm Andersen (2019) gjer i høve til mennesker si bruk av teknologi. Han drøftar hundar som ledsagerdyr, der hunden vert nytt som ei form for teknologi. Han sitt poeng sett han på spissen, ved å trekje fram eit sitat frå Donna Haraway: «If dogs are human technology, so also is the reverse true» (Andersen N. Å., 2019, s. 20). Mitt poeng her, er at om YLS/CMI er

---

<sup>16</sup> I NOU, 2000:12 vert det hevdat at prinsippet om det beste for barnet kan sjåast i samanheng med nasjonens framtid, og antal borgarar som vert ein stor utgiftspost. Dåverande Statsråd Audun Lysbakken vert sitert, og formulerte det slik: «Barn og unge som står godt rustet til å møte et framtidig voksenliv gir store økonomiske gevinstar for samfunnet. Vista Analyse har i en rapport fra 2010 anslått at samfunnet tjener 1 milliard kroner dersom vi lykkes med å hjelpe 100 unge som er i risiko for å havne utenfor arbeidslivet. Å gi tidlig hjelpe som virker er derfor en lønnsom investering for samfunnet.»

nyttig teknologi, så er psykologen også nyttig teknologi for eit YLS/CMI-skjema. Psykologen vert i det lyset ein aktør brukt som teknologi for å sortera etter verdiar, der valutaen er definert utanfrå. Om det er slik som funna peikar på, at det kan vera snakk om normative verdiar ikledd risikoverdiar, eller som Luhmann hevda; normative spørsmål som vert skyve til sida av risikospørsmål (Luhmann, 1997), vil eg hevda psykologens utøving av sin profesjonskunnskap vert noko kompromitterert. YLS/CMI visar seg å være eit klinisk kartelggingsverktøy, ikkje berre ei risikovurdering. Ut ifrå funn i oppgåva, kan det argumenterast for at denne dobbelkommunikasjonen dekkjar til at det er snakk om verdispørsmål.

Harald Grimen (2008) har drøfta korleis kunnskap er normativ, og korleis verdiar i sosialfaga kan kome i konflikt - moralisk, politisk og juridisk (Grimen, 2008). Grimen såg grunn til å diskutera om evidensstankegangen kan leia til ei demokratisering av kunnskap og avgjerdsmakt, eller om det derimot er slik at evidensbaseringa førar til nye typar ekspertvelde med politiske mandat. Videre såg han evidensbasering neppe foreineleg med demokratisering av beslutningsmakt (Grimen, 2008). Eg undra meg over om psykologen, med sin bruk av YLS/CMI, står i ei maktposisjon i høve til kunnskap, eller om denne makta ligg hos eigarane av YLS/CMI; Multi-Health Systems Inc. Kva rolle YLS/CMI spelar for utøvaren av kunnskapen, bør kanskje sjåast i lys av Fossestøl (2018) sitt funn om at ei instrumental bruk av kunnskap gjer at etiske hensyn kjem i skuggen, og vert underkommunisert (Fossestøl, 2018).

## 6.5. YLS/CMI som ei vurdering til det beste for barnet

Ein vesentleg del av jobben knytt til denne oppgåva, var å finna tilstrekkeleg informasjon om YLS/CMI. I telefonsamtalar med NABE i vinter, vart det sagt at YLS/CMI ikkje var «hemmeleg». Men for å få fatt i dokumentet, må det kjøpast av Multi-Health Systems Inc. som krev at ein må vera sertifisert og utdanna psykolog for å få kjøpa dokumentet (Multi-Health Systems Inc., 2022). Samstundes er YLC/CMI beskytta av opphavsrettar, som gjorde at å skaffa verktøyet i sin heilskap ikkje lot seg gjera.

Eg skal trekkja fram nokre aspekt ved YLS/CMI som ei vurdering som moglegvis berører det-bestefor-barnet-prinsippet (jf. Grl. §104). Om YLS/CMI vert nytta som grunnlag i vurderingar av kva som er det beste for barnet, er det grunn til å sjå nærmare på kva betydning utilgjengelegeita av dokumentet kan ha for transparens i disse vurderingane.

Kravet til lovgivninga og rettsystemet si sikring av borgarars rettar har betydning for rettssikkerheit (Kjønstad, 2017, s. 115). Rettssikkerheit handlar òg om at avgjerder som skal treffast av forvaltningsorgan vert riktige (Kjønstad, 2017, s. 113). Kirsten Sandberg drøftar det beste for barnet i ei tolking av omgrepene; ikkje berre som prinsipp, men òg som barnet sin «rett til at dets interesser tas i betrakting som et grunnleggende hensyn når forskjellige interesser blir vurdert» (Sandberg, 2016, s. 62). Ho hevdar at FNs barnekonvensjon artikkel 3 dannar ei ibuande forplikting for staten; dermed kan prinsippet brukast direkte, og kan påberopast i ein domstol (Sandberg, 2016, s. 62, jf. Barnekonvensjonen). Ein kan argumentera for at det beste for barnet er ein garanti for rettssikkerheit, som gjer seg til kjenne ved at det beste for barnet utgjer komponentar i ein rett. Som rettskrav kan ikkje det beste for barnet krevja eit bestemt resultat. Likevel hevdar Sandberg at i tillegg til å vera eit prosessuelt krav, er kravet av materiell karakter fordi det vert retta mot tilvertinga av avgjerder (Sandberg, 2016, s. 80, jf. bvl. § 1-6). Ut frå dette kan ein sjå at det beste-for-barnet-vurderinger skal gjera seg gjeldande i avgjerder. Når ein tar rettsikkerheitsgarantiar i betrakting, er det beste for barnet relevant som rettskrav fordi det er eit moment i avgjerdene. Innhaldet i omgrepene må fylgjeleg fastleggjast (Sandberg, 2016).

Som eg såg i NOU2016:16 (s. 164), gjer referansen til «fare for barnet» at ungdommar med åtferdsproblem kan inkluderast i barnevernet sine avgjerder. Eg vil i det minste, ut frå funna, hevda at risikovurderingar er ein måte barnevernet kan skilja seg frå eit strafferettsleg preg, og dermed gjera høve aktuelle for ei til-det-bestefor-barnet-vurdering. Det kan argumentarast for ulike måtar å tolke det beste for barnet. Ein mogleg tolking er å skilje mellom ei «menneskeleg standard» og ei «rettsleg standardar» (Jærkø, 2018). Om YLS/CMI og risikokommunikasjon kan gjera seg gjeldande som vurderingar av graden av fare – og soleis setja tersklar i samanheng med sannsyn for at dei oppstår – kan ein spørja seg om det beste for barnet i avgjerdene i denne oppgåva vert tolka innanfor ein «risikostandard». Det kan då vera interessant å sjå på det-bestefor-barnet-vurderingar i samanheng med kva standardar risikokommunikasjon produserer.

Om risikovurderingar får ein funksjon som skilje ut ei beste-for-barnet-standard, berører desse vurderingane prinsippet om det beste for barnet, og soleis barnet sine rettar. Funna visar at risikovurderingar ikkje berre gjer seg gjeldande i spørsmål om kor stor fare det er snakk om.

Dei verkar òg å fungera som ei vurdering av om tiltaka er eigna (val av institusjon) og grunninga til kvifor tiltaka er naudsyne (anbefalingar om kva som bør behandlast). Om det er slik at YLS/CMI faktisk vert nytta som moment i ei det-bestefor-barnet-vurdering, er det betenkeleg at eit slikt kartleggingverktøy ikkje skal vera synleg for allmennheita, partar i saka og fagfeltet som heilskap. Nemnda synleggjer risikovurderingane til NABE til ein viss grad, men naturleg nok ikkje korleis NABE gjer sjølve vurderinga.

Å sjå til YLS/CMI-kartlegginga som eit premiss for avgjerder, vert òg ei undersøking av ein kunnskapsbase i barnevernfagleg samanheng. Å finna, eller trekkja klare skilje for ein kunnskapsbase innan sosialfag er vanskeleg (Trevithick, 2008, s. 1215). Ikkje mindre viktig blir det då å synleggjera kva ein nyttar som base – og korleis – i avgjerder tatt av barnevernet (jf. bvl. § 6-3 bokstav a, andre punktum). Betydninga av manglande innsyn i det konkrete kunnskapspremissset – sjølve skiljeoperasjonane i YLS/CMI – bør difor drøftast vidare.

## 6.6. Med risiko som verdiar

Ein kan spørja seg om funna mine, i lys av risiko og fare, er symptom på korleis samfunnet elles forheld seg til det Luhmann påpeika; det som over tid skapar noko irreversibelt (Luhmann, 1997, s. 198). Om me lever i eit «sikkerheitssamfunn» (Bakken, 2007, s. 399), der me baserer oss på ein «prevansjons-myte», vil usikkerheter alltid liggja der som eit kontinuerleg problem (Bakken, 2007). Om det moderne samfunnet er prega av «usikkerhetens gjenkomst» (Bakken, 2007, s. 388), korleis skal ein som barnevernsarbeidar forhalda seg til dette? Eg kan sjå grunn til å reflektera over om vi forheld oss til barn og unge med utgangspunkt i risikoverdiar, og om me sjølv produserer dei, i forsøket på å beskytta barn i samfunnet vårt. Er det barna me eigentleg ender opp med å beskytta, eller er det slik at me produserer visse typar barn som me beskytta oss mot?

Om det er slik at me tilnærmar oss oppvekst ved å sjå til risiko, vil det være aktuelt å sjå dette i høve til det instrumentelle ved eit slikt rasjonale. Når ein argumenter moralsk ut ifrå kva som til ein kvar tid er det mest nyttige, vil moralske spørsmål, om det er godt eller ondt, rett eller galt, framstå som eit spørsmål om det er lurt eller dumt (Vetlesen & Henriksen, 2003). Det vil medføre eit kategorimistak å bryta ned verdispørsmål til reine nytteaspekt i ein målbar, kvantitativ forstand (Vetlesen & Henriksen, 2003, s. 32).

Om samfunnet som heilheit ber prega av eit slikt syn på rett og galt, vert det rimeleg å spørje seg om kva funksjon lovgivinga får. Det politiske systemet pålegg retten stadig fleire oppgåver, og konsekvensen er eit rettssystem med sterk vekst i reglar og forordningar (Bakken, 2007, s. 386). Tore Bakken peikar på det som eit problem når rettssystemet skal regulera tekniske forhold, med kortsiktige løysingar, der akseptable risikonivået skal setjast fast (Bakken, 2007, s. 387). Det kan argumenterast for at lova på fleire område vert for teknologiske og instrumentelle, og at loven mister kontakt med rettferd (Strand, 2011, s. 118). Det fordrar eit spørsmål om kva syn ein har på rettferd, om rettslege vurderingar skal grunnast i risikonivå for å fastsetja det akseptable risikonivået.

## 6.7. To posisjonar

Spørsmålet om rettferd kan kanskje besvarast ulikt, ut i frå om ein hevdar at risikoene faktisk ligg i sakas natur, eller om risiko vert konstruert i form av sosiale praksisar. På den eine sidan vil det kunna reknast som rettferdig å forholde seg til risikable forhold rasjonelt, og på den andre sidan urettferdig at ein skal regulerast etter grunngjevingar som er basert på kven og kva som vert tilskrive risiko eller fare til ei kvar tid. Det førre resonnementet kan nok tilskrivast objektivistisk posisjon, der verda objektiv og diagnostiserbar, og det andre konstruktivistisk posisjon, der verden vert sett som relativ, ettersom korleis system iakttek verkeligheta (Moe, 2006, s. 187). Om ein diskuter korleis me skal forholde oss til å identifisera kausalitetar, som jo vert aktuelt når ein ser etter risikofaktorar, kan eit skilje mellom realisme og konstruktivisme, der den førre anerkjennar dei som faktiske, den andre som sosialt konstruerte (Jensen, Kjørstad, Seim, & Tufte, 2020).

Diskusjonen med mine kollegaer, som eg skrev om i innleiinga, kan reduserast til å omhandla ein diskusjon mellom vitskapsteoretiske posisjonar (om enn ubevisste), der ein er ueininge om korleis me kan vita kva, eller kva som faktisk finst. Posisjonane til kvarandre kjem kanskje særleg til syne når det vert snakk om noko sopass symbolsk som å plassera forbokstavar i ein tabell, for skal gjette korleis dagen kunne blitt, om ein ikkje no vel annleis.

Eg vil kort problematisera posisjonane i høve til ein systemteoretisk synsvinkel. På den eine sidan kan ein hevda at risiko «faktisk finns», som ei sanning uavhengig iakttakarposisjon, at ein dermed bør identifisera risikofaktorar, og at det derfor handlar om å forbedre instrumenta

for risikovurdering. På den andre sidan kan ein hevda at iakttakarposisjonen skapar det som «faktisk finns», og at risikoinstrumenta skaper ein bestemt type praksis, som kan være ynskjeleg eller ei.

Om to sosialarbeidrarar skulle diskutera sine posisjonar i møte med kvarandre, kan dei uansett berre lande ein av to konklusjonar på same tid; at dei to ser det ulikt, eller likt. Posisjonane er til skilnad frå kvarandre, eller ikkje. Om eg her avgrensar meg frå andre vitskapsteoretiske «ismar» i betrakning, og frå eit djupare dykk inn i vitskapsteori der foreining vert forsøkt (Jakobsen T. G., 2021), og seier at realisten og konstruktivisten står i motsetjing til kvarandre, vil ein dermed kunne tenkast å kunne enda i ein diskusjon om kor vidt konstruksjonane er reelle og om det reelle er kontruert.

Sett frå ei konstruktivistisk synsvinkel vil skilje konstruert/reelle kunne seiast å være konstruert; ingen reell skilnad, og dermed brukar ei konstruert realitet til å bekrefte det konstruerte som konstruert. Dermed er realiteten *og* det konstruerte konstruert, og konstruksjonar har ikkje noko å være til skilnad frå, unntatt seg sjølv.

Sett frå ei realistisk synsvinkel vil skilje konstruert/reelt kunne seiast å være reelt; ei reel skilnad, som brukar reelle konstruksjonar for å bekrefte realiteten til skilnad frå det konstruerte. Dermed er det konstruerte *og* realiteten reel, og realiteten har ikkje noko å være til skilnad frå, unntatt seg sjølv.

Båe posisjonar mistar forma si om dei fornekta den andre sida. Dei to som diskuter, bekreftar kvarandre, ved å fremja sin eigen posisjon til skilnad frå den andre, særleg om dei hevdar den andre tar feil. Ei eventuell foreining av dei, vil skapa paradoks; at to er like fordi dei er ulike. Ifylgje Luhmann er dette ein kommunikativ praksis, som gjer kommunikasjonen nettopp moglegheit til å reprodusera skiljet mellom dei, ved å veksle mellom å indikera den eine og den andre sida av ramma, seg sjølv og omverd – det kontruerte eller det reelle – ved å ramma inn innramminga på ny og på ny. Om ein kunne foreina eller skilja dei to posisjonane definitivt, ville det då vera ynskjeleg å leggja «ballen dau», og seia: det er kva det er – og ferdig med det? Om me skal kommunisera om noko som er til skilnad frå noko anna, er det er naudsynt å spørja: kva skil det seg frå? Først når det er besvart, kan me som iakttar iakktakinga spørja: kva for skilje skil dette skiljet seg frå?

## DET BETYR

Jeg sitter i sanden og trekker  
en sirkel omkring meg.

Det betyr at jeg er fanget.  
Så reiser jeg meg og går  
  
ut av ringen, ubesværet  
– som å passere ekvator. Hei!

- Jan Erik Vold, *kykelipi*, 1969

## Referanser

- Aamodt, H. A. (2017). Å beslutte med henblikk på risiko? – Når politikken dyster ansvaret over på barnevernets ansatte. *Dansk Sosiologi* (Vol. 28, Nr. 3), ss. 61-82.
- Amble, L., & Dahl-Johansen, C. (2016). *Miljøterapi som behandling ved komplekse traumer hos barn og unge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Andersen, N. Å. (1999). *Diskursive analysestrategier - Foucault, Koselleck, Laclau, Luhmann*. København: Nyt fra Samfunnsvidenskaberne.
- Andersen, N. Å. (2019). *Form og medie - intermedialitet og analysestrategi på tværs af perceptionsmedier, kommunikationsmedier, biomedier og fysiske medier*. (N. Å. Andersen, Red.). København: Nyt fra samfunnsvitenskaberne.
- Andersen, N. Å. (2021). At iagttage noget igennem noget andet - at skabe empiri hos Erslev, Foucault og Luhmann. I E. Husted, & J. G. Pors, *Eklektiske analysstrategier* (ss. 247-280). København: Nyt fra Samfundsvidenskaberne.
- Andreassen, T. (2014). *Sammenstilling av kunnskap om institusjoner rettet mot ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende misbruk av rusmidler*. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet.
- Andrews, D., & Bonta, J. (2010). *The psychology og criminal conduct*. New Providence, New Jersey: Anderson Publishing.
- Baecker, D. (2018). A Calculus of Negation in Communication. I L. H. (red.), *Cybernetics & Human Knowing* (Vol. 24, Nr. 3-4) ss. 17-28. Hentet fra <https://www.ingentaconnect.com/contentone/imp/chk/2017/00000024/f0020003/ارت00002>
- Bakken, T. (2007). Forbrukets risiko, sikkerhetens risiko. I E. G. Schjeldrup, & M. W. Knudsen, *Forbrukersosiologi* (ss. 379-403). Oslo: J. W. Cappelens Forlag AS.
- Bakken, T., & Hernes , T. (2003, November 9). Implications of Self-Reference: Niklas Luhmann's Autopoiesis and Organization Theory. *Organization studies*, ss. 1511-1535.

Baraldi, C., Corsi, G., & Esposito, E. (2021). *Unlocking Luhmann*. Bielefeld University Press.

Hentet fra

[https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN\\_cdi\\_proquest\\_ebookcentral\\_EBC6956304](https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN_cdi_proquest_ebookcentral_EBC6956304)

Bateson, G., & Ruesch, J. (1968). *Communication - The Social Matrix og Psychiatry*. New York: W. W. Norton & Company.

Blokkm, A. (2021). *Risikovurdering av barn og unge - Erfaring med risikovurdering av barn og unge i barnevernfeltet*. NTNU, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Fakultet for samfunns - og utdanningsvitenskap, Institutt for sosialt arbeid. Hentet fra [https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN\\_cdi\\_cristin\\_nora\\_11250\\_2785700](https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN_cdi_cristin_nora_11250_2785700)

Bonta, J., & Wormith, S. J. (2013). Part II: What works in offender assessment. I ,. T. Leam A. Craig, *What Works in Offender Rehabilitation - An Evidence-Based Approach to Assessment and Treatment* (ss. 69-93). John Wiley & Sons, Incorporated. Hentet fra [https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN\\_cdi\\_askewsholts\\_vlebooks\\_9781118328934](https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN_cdi_askewsholts_vlebooks_9781118328934)

Borch, C. (2011). *Niklas Luhmann - Key sociologist* . New York: Routledge.

Spencer-Brown, G. (2021). *Laws of form* (8.utg.). Leipzig: Bohman Verlag.

Bufdir. (2022a, mars 10). *Bufdir.no*. Hentet fra Inntak, Nasjonal enhet for behandling (NABE): [https://www.bufdir.no/Kontor\\_sok/Inntak/Nasjonal\\_enhet\\_for\\_behandlingstiltak\\_NABE/](https://www.bufdir.no/Kontor_sok/Inntak/Nasjonal_enhet_for_behandlingstiltak_NABE/)

Bufdir. (2022b, april 22). *Bufdir.no*. Hentet fra Differensiering av målgrupper ved plassering i adferdsinstitusjon: [https://bufdir.no/Barnevern/Inntak/Instrument\\_for\\_risikovurdering\\_av\\_varige\\_adferdsvansker\\_YLS\\_CMI/](https://bufdir.no/Barnevern/Inntak/Instrument_for_risikovurdering_av_varige_adferdsvansker_YLS_CMI/)

Bufdir. (2022c, april 23). *Bufdir.no*. Hentet fra Hva er Youth Level of Service-Case

Management Inventory? Forelesning, del 3 med Tore Andreassen:

<https://bufdir.no/Bibliotek/Dokumentside/?docId=BUF00002745>

Bufdir. (2022d). *bufdir.no*. Hentet Mai 8, 2022 fra Vedlegg til henvising til Barne-, ungdoms- og familieetaten. Behandlingsinstitusjon for ungdom med alvorlige atferdsvansker og/eller vedvarende rusmisbruk.

Hentet fra

<https://www.bufdir.no/globalassets/global/barnevern/henvisningsskjema/vedlegg-til-henvisning-behandlingsinstitusjon-del-2d-bokmal.pdf>

Chu, C. M., Yu, H., Lee, Y., & Zeng, G. (2014, 12). The Utility of the YLS/CMI-SV for Assessing Youth Offenders in Singapore. *Criminal Justice and Behavior*, ss. 1437–1457. Hentet fra [https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN\\_cdi\\_pubmedcentral\\_pri mary\\_oai\\_pubmedcentral\\_nih\\_gov\\_4427658](https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN_cdi_pubmedcentral_pri mary_oai_pubmedcentral_nih_gov_4427658)

Extend AS. (2022a, 04 06). *Extend.no*. Hentet fra EQS Workflow – avvikssystem og sjekklisten for bl.a. HMS, internkontroll og kvalitet: <https://www.extend.no/eqs/avvikssystem/>

Extend AS. (2022b, 04 06). *Extend.no*. Hentet fra Risikovurdering – identifierer dine risikoer og sett inn forebyggende tiltak: <https://www.extend.no/eqs/risikovurdering/>

Fossestøl, B. (2018). Ethics, Knowledge and Ambivalence in Social Workers' Professional Self-Understanding. *The British Journal of Social Work*, ss. 1968 - 1986. Hentet fra [https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN\\_cdi\\_proquest\\_journals\\_2366868059](https://bibsys-almaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/ji7c72/TN_cdi_proquest_journals_2366868059)

Gilgen, P. (2013). System - Autopoiesis - Form: An Introduction to Luhmann's Introduction to Systems Theory. I N. Luhmann, *Introduction to system theory* (ss. viii - xx). Cambridge: Polity Press.

Grimen, H. (2008). Profesjon og kunnskap. I A. Molander, & L.-I. Terum, *Profesjonsstudier* (ss. 71-86). Oslo: Universitetsforlaget.

Grünenfeld, L. A., Hansen, E. B., Guldvik, M. K., Kjelsås, I., Winje, E., Engebretsen, L. S., & Westberg, N. B. (2020). *Institusjonstilbudet i barnevernet*. Nr. 54: Menon Economics. Hentet fra <https://www.menon.no/publication/institusjonstilbudet-i-barnevernet/>

Haug, V. (2018). *Barn i risiko og risikable foreldre – en analyse av risikoforståelser i barnevernets institusjonelle praksis*. Oslo: OsloMet – storbyuniversitetet.

Hoge, R. D., Andrews, D. A., & Lescheid, A. W. (1996) The Youth Level of Service/Case-Management Inventory - Del I Utredning av risiko og behov & Del II Oppsummering av risiko og behov. (T. Ogden, & T. Andreassen, Overs.).

J. Stephen Wormith, A. M. (2018). The Historical Roots, Current Status, and Future Applications of the Risk-Need-Responsivity Model (RNR). I E. C. Jeglic, *New Frontiers in Offender Treatment* (ss. 11-35). [https://doi.org/10.1007/978-3-030-01030-0\\_2](https://doi.org/10.1007/978-3-030-01030-0_2): Springer, Cham.

Jakobsen, R., & Kornør, H. (2017). *Måleegenskaper ved den norske versjonen av Youth Level of Service/Case*. PsykTestBarn, 1:6. doi: 10.21337/0053. Hentet fra <https://psyktestbarn.r-bup.no/no/artikler/ylscmi-youthlevel-of-servicecase-management-inventory>

Jakobsen, T. G. (2021). *Vitenskapsfilosofi og kritisk realisme - et ikke-antroposentrisk alternativ*. Bergen: Fagbokforlaget AS.

Jensen, D., Kjørstad, M., Seim, S., & Tufte, P. A. (2020). *Vitenskapsteori for sosial- og helsefag*. (P. A. Tufte, Red.) Oslo: Gyldendal Akademiske.

Jærkø, M. (2018). Skal ikke «barnets beste» leses bokstavelig? *Lov og rett* (vol. 57), ss. 112–127.

Järvinen, M., & Mik-Meyer, N. (2003). *At skabe en klient - institutionelle identiteter i socialt arbejde*. (M. Järvinen & N. Mik-Meyer, Red.) København: Hans Reitzels Forlag.

Kauffman, L. H. (2018). Foreword: Laws of form. *Cybernetics & Human* (vol. 24, Issue 3-4), ss. 5-16. Hentet fra <https://www.ingentaconnect.com/content/imp/chk/2017/00000024/f0020003/art00001>

Kjønstad, A. (2017). *Velferdsrett I - grunnleggende rettigheter, rettssikkerhet og tvang.* (6. utg.). (A. Kjønstad, A. Syse & M. Kjelland, Red.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko - skadelige omsorgssituasjoner* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk

Larsen, S. H. (2021). *The Story of the Relative - A Systems-Theoretical Analysis of the Role of the Relative in Danish Eldercare Policy from 1930 to 2020.* Copenhagen: Copenhagen Business School.

Lillevik, O. G., Cederkvist, H., Borgenvik, J. A., Melby, T., Nilsen, V., Malum, S., Weng, K. M., Moen, C. (2018, Juni 27). Trygghet og sikkerhet for barn og ansatte i barnevernsinstitusjoner. *Fontene Forskning.* Hentet fra <https://fontene.no/fagartikler/trygghet-og-sikkerhet-for-barn-og-ansatte-i-barnevernsinstitusjoner-6.47.549096.d5dc9b1b13>

Luhmann, N. (1997). *Iagttagelse og paradoks - Essays om autopoietiske systemer.* København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag A.S.

Luhmann, N. (2002). I See Something You Don't See. I E. W. Rasch, *Theories of Distinction - Redescribing The Descriptions of Modernity* (ss. 187-193). Standford, California: Standford University Press.

Luhmann, N. (2013). *Introduction to system theory.* Cambridge: Polity Press.

Luhmann, N. (2018). *Organization and decision.* (D. Baecker, R. Barrett, Red., & R. Barrett, Overs.) Cambridge: Cambridge University Press.

Moe, S. (2006). Konstruktivistisk sosialarbeid. I C. Omre, L. Schjeldrup, & R. S. Østerhaug (Red.), *Fasetter av sosialt arbeid* (ss. 184-197). Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.

Moe, S. (2014). Barnevern, beslutninger og risiko. I I. T. Ellingsen, & R. S. Østerhaug (Red.), *Barnevernets brennpunkt* (ss. 81-97). Oslo: Universitetsforlaget.

Multi-Health Systems Inc. (2022, April 22). Hentet fra YLS/CMI™ 2.0 Hentet fra <https://storefront.mhs.com/collections/yls-cmi-2-0>

Niklas Luhmann, S. F. (1988). Tautology and Paradox in the Self-Descriptions of Modern Society. *Sociological Theory, Spring, 1988, Vol. 6, Nr. 1*, ss. pp. 21-37.

Pors, J., & Hustad, E. (2021). Når problemer kalder på samtænkning - indledende tanker om eklekticisme som samfundsfraglig analysestrategi. I J. G. Pors, & E. Hustad, *Eklektiske analysestrategier* (ss. 13-37). København: Nyt fra samfundsvidenskaperne.

Qvortrup, J. (2009). Are children human being of human becomings? A critical assessment of outcome thinking. *Rivista Internazionale di Scienze Sociali* (Vol. 117, Nr. 3-4), ss. 631-653.

Rasmussen, T. (2003). *Luhmann - kommunikasjon, medier, samfunn*. Bergen: Fagbokforlaget.

SAGE. (2022, Mai 2). *SAGE Journals*. Hentet fra Criminal Justice and Behavior: <https://journals-sagepub-com.ezproxy.oslomet.no/doi/10.1177/0093854811406356>

Sandberg, K. (2016). Barnets beste som rettighet. I I. S. Ikdahl & V. B. Strand (Red.), *Rettigheter i velferdsstaten* (ss. 57-83). Gyldendal Norsk Forlag AS.

Skau, G. M. (2013). *Mellom makt og hjelp - om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stami.no. (2022, April 05). Hentet fra Om STAMI: <https://stami.no/om-stami/>

Strand, I.-J. (2011). Niklas Luhmann's Theories of Law in the Twenty-first Century. I K. Papendorf, S. Machura, & K. Andenaes (Red.), *Understanding Law in Society: Development in Socio-legal Studies* (ss. 107-119). Münster: LIT Verlag.

Strand, R. (2002, 02). Helt normal usikkerhet. (J. Blasco, Intervjuer & K. O. Åmås, Redaktør). *Samtiden* (2002, Vol. 2), ss. 103-109.

Thyssen, O. (1997). Hjørnesten i Niklas Luhmanns systemteori. I N. Luhmann, *lagttagelse og paradoks - essays om autopoiетiske systemer* (ss. 7-41). København: Nordisk forlag AS.

Trevithick, P. (2008). Revisiting the Knowledge Base of Social Work: A Framework for Practice. *British Journal of Social Work* (Vol. 38, Nr. 6), ss. 1212–1237. Hentet fra <https://doi.org/10.1093/bjsw/bcm026>

Vetlesen, A. J., & Henriksen, J.-O. (2003). *Moralens sjanger i markedets tidsalder: Om kulturelle forutsetninger for moral*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Vold, J. E. (1969). *Kykeli*. Oslo: Gyldendal.

## Lovtekster og NOU-ar

Barnevernlova. (1992). Lov om barneverntjenester (LOV-1992-07-17-100). Lovdata. Hentet fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova>

Barnekonvensjonen. (1989). Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven) (LOV-1999-05-21-30): vedlegg 8. FNs konvensjon om barnets rettigheter med protokoller (norsk oversettelse). Lovdata. Hentet fra [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL\\_8#KAPITTEL\\_8](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8)

Grunnlova. (1814). Kongeriket Noregs Grunnlov (LOV-1814-05-17). Lovdata. Hentet fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn?q=grunnlova>

NOU. (2000:12). *Norges offentlige utredninger 2000:12 - Tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer*. Oslo: Barne- og familiedepartementet mai 2000.

NOU. (2009:8). *Norges offentlige utredninger 2009:8 - Kompetanseutvikling i barnevernet – Kvalifisering til arbeid i barnevernet gjennom praksisnør og forskningbasert utdanning*. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet.

NOU. (2012:5). *Norges offentlige utredninger 2012:5 - Bedre beskyttelse av barns utvikling - Ekspertsutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 6. februar 2012.

NOU. (2016:16). *Norges offentlige utredninger 2016:16 - Ny barnevernslov - Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse.* Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet.

## Nemndavgjelder

FNV-2020-195-FTE, Sak nr. 20-195. (Vestfold og Telemark Januar 15, 2021).

FNV-2020-231-FTF, Sak nr. 20-231 (Troms og Finnmark Januar 26, 2021).

FNV-2021-119-FAG, Sak nr. 21-119 (Agder Desember 01, 2021).

FNV-2021-123-FHS, Sak nr. 21-123 (Vestland November 19, 2021).

FNV-2021-12-FHS, Sak nr. 21-12 (Vestland April 09, 2021).

FNV-2021-159-FRO, Sak nr. 21-159 (Rogaland November 22, 2021).

FNV-2021-15-FTF, Sak nr. 21-15 (Troms og Finnmark Februar 03, 2021).

FNV-2021-168-FTE, Sak nr. 21-168 (Vestfold November 16, 2021).

FNV-2021-169-FTF, Sak nr. 21-169 (Troms og Finnmark Juni 22, 2021).

FNV-2021-193-FRO, Sak nr. 21-193 (Rogaland Desember 15, 2021).

FNV-2021-215-FRO, Sak nr. 21-215 (Rogaland Desember 16, 2021).

FNV-2021-218-FRO, Sak nr. 21-218 (Rogaland Desember 10, 2021).

FNV-2021-219-FRO, Sak nr. 21-219 (Rogaland Desember 16, 2021).

FNV-2021-56-FRO, Sak nr. 21-56 (Rogaland Juli 19, 2021).

FNV-2021-60-FOH, Sak nr. 21-60 (Innlandet Mars 04, 2021).

FNV-2021-6-FRO, Sak nr. 21-6 (Rogaland Desember 08, 2021).

FNV-2021-76-FAG, Sak nr. 21-76 (Agder September 01, 2021).

FNV-2021-79-FNO, Sak nr. 21-79 (Nordland September 13, 2021).